

# **Nasjonalisme hjå kommunistiske styresmakter**

Ein komparativ analyse av nasjonalisme hjå dei kommunistiske styresmaktene  
på Balkan frå maktovertakingane til kommunismen fall

av

**KJETIL NYBØ**

Masteroppgåve i historie ved institutt for arkeologi, konservering og historiske  
studier ved universitetet i Oslo

HIS 4090

Våren 2009

## Føreord

Eg vil gjerne takka vegleiaren min, professor Åsmund Egge, for nyttige og trivelige seminar i den perioden eg har arbeidd med denne oppgåva, samt for støtte til oppgåva og gode kommentarar til teksten. Vidare vil eg retta ein takk til professor Svein Mønnesland som sette meg på ideen om å inkludera alle dei fire kommunistleidde landa på Balkan i denne oppgåva. Anders Tømmerås og Terje Røysum har vore gode samtalepartnarar og trådd til med støtte og kommentarar til arbeidet. Elles vil eg retta ein stor takk til Linda, familien min og alle som har syna tolmod med meg under arbeidet, trudd på det eg har jobba med og støtta meg på ulike måtar.

## Innhald

INNLEIING	s. 4
DEL 1 – TEORETISK OG HISTORISK BAKGRUNN	s. 15
Marxisme-leninismen sitt høve til nasjonar og nasjonalisme	s. 15
Albania og det albanske kommunistpartiet før maktovertakinga	s. 27
Bulgaria og det bulgarske kommunistpartiet før maktovertakinga	s. 29
Jugoslavia, jugoslavisme og det jugoslaviske kommunistpartiet før maktovertakinga	s. 31
Romania og det rumenske kommunistpartiet før maktovertakinga	s. 35
DEL 2 – NASJONALISME HJÅ KOMMUNISTISKE STYRESMAKTER	
PÅ BALKAN	s. 38
Kommunistpartia sine framstillingar av nasjonen medan dei sat ved makta	s. 38
Døme på nasjonalisme	s. 55
Partia sine ”legitimeringar” av nasjonalisme	s. 77
DEL 3 – SAMANLIKNNANDE ANALYSE: KVIFOR NASJONALISME?	s. 86
Samanliknande analyse	s. 86
KONKLUSJON	s. 101
LITTERATURLISTE	s. 103

# Innleiing

## Presentasjon av oppgåva

Marxisme-leninismen er i utgangspunktet ein ideologi som forfektar mellomnasjonalitet, arbeidarklassa sitt samhald på tvers av nasjonale skilje. Utslag av nasjonalisme hjå kommunistiske styresmakter ser difor ut til å vera paradoksalt. Kommunistpartia i Albania, Bulgaria, Jugoslavia og Romania hevda alle å følgja marxisme-leninismen. Likevel syner ei rekke bøker og artiklar om den kommunistiske perioden på Balkan undertrykking av minoritetar, opphøgning av eigne nasjonar og manglande mellomnasjonalt samhald hjå partia. Det vil seja døme på at kommunistpartia på Balkan syna nasjonalistiske haldningar, og nytta nasjonalisme i sine politiske liner. Formane for nasjonalisme skilde seg frå parti til parti etter tilhøva i statane dei leidde. Denne oppgåva vil freista å syna grunnane til at kommunistiske styresmakter på Balkan syna nasjonalistiske haldningar.

Oppgåva vil difor fokusera på to faktorar, marxisme-leninismen, og nasjonalisme. Gjennom å gjera greie for marxisme-leninismen sitt tilhøve til nasjonar og nasjonalisme, vil det verta mogleg å sjå om nasjonalisme var paradoksalt i høve til denne ideologien. Ved vidare å samla døme på nasjonalisme hjå dei fire partia, vil oppgåva syna kva rolle nasjonane hadde hjå dei ulike partia og kva formar nasjonalismane tok. Dessutan om alle partia nytta nasjonalisme. Ei framstilling av partia sine forklaringar på deira nasjonalistiske liner vil syna partia sine eigne syn på nasjonalisme og marxisme-leninismen. Ved å halda desse innsiktene opp mot kvarandre vil skilnadar og likskapar mellom partia sine høve til nasjonalisme kunne synast. Til slutt vil ein gjennomgang av dei mest trulege grunnane til nasjonalisme, basert på den innsikta som er frambrakt så langt, gje rom for å seja noko om kvifor kommunistiske styresmakter på Balkan nytta nasjonalisme.

Det er mange ulike sider av dette emnet, så ei rekke delspørsmål må oppklarast undervegs. Det er eit mål for meg å gjera greie for og drøfta spenningane mellom nasjonalisme og kommunisme i teori og praksis hjå statsleiingane gjennom denne oppgåva. Samstundes tykkjer eg det er interessant å ta med tilhøva i fleire land, då mykje av den eksisterande forskinga er gjort innan rammene av eitt av landa. Oppgåva kjem slik til å leggja vekt på å syna sider ved, og grunnar til, nasjonalisme som var sams for dei fire partia.

## Avgrensing

Eg vil skriva om nasjonalisme hjå dei kommunistiske styresmaktene på Balkan, det vil seia kommunistpartia i Albania, Bulgaria, Jugoslavia og Romania. Dei fire landa har mykje til sams, og passar dermed bra i ein oppgåva som nyttar samanlikning. Områda som utgjer dei fire landa hadde vore undertrykte av imperium og vorte uavhengige statar i moderne tid. Etter ei tid med parlamentariske demokrati hadde dei fire statane vorte styrte av diktatur i tida før andre verdskrig, og i alle statane tok kommunistpartia makta etter andre verdskrig.

Kommunistpartia i dei fire landa hadde noko ulike bakgrunnar, men dei vart eina og straumlineforma rundt ei sovjetleidd ideologisk line. Med ei ideologisk line som var lik i utgangspunktet, og hevdingar om å følgja marxisme-leninismen, er det tilstrekkelege likskapar mellom partia òg til å sette dei inn i ein samanliknande analyse. Desse faktorane gjev grunnlag for å ta med alle dei fire landa i oppgåva. I ei oppgåve om nasjonalisme hjå kommunistiske styresmakter på Balkan er det ikkje aktuelt å ta med Hellas, som tilhøyrer Balkan geografisk, men som ikkje hadde kommunistiske styresmakter. Andre kommunistleidde statar kunne vore interessante einingar å ta med, men på grunn av oppgåva sitt omfang har eg vald å avgrensa området til Balkan.

Dette vil verta ei makrohistorisk oppgåve, og oppgåva vil verta framstilt med omsyn til emne, framfor kronologi. I den historiske bakgrunnen og i nokre av delane vil det likevel vera kronologiske rekkjefølgjer, men berre innafor emneinndelinga. Emneinndelinga vil vera synleg i innhaldslista, gjennom overskriftar for kvar del og kvart kapittel. Dei tre hovuddelane vil vera marxisme-leninismen sitt høve til nasjonar og nasjonalisme, døme på nasjonalisme hjå kommunistpartia, og til slutt samanliknande analyse og grunnar til nasjonalisme hjå partia. Oppgåva tek føre seg nasjonalisme hjå dei kommunistiske partia medan dei sat ved makta, men derimot ikkje nasjonalisme hjå innbyggjarane i statane elles.

Sidan oppgåva er delt inn etter emne er tidsavgrensinga av oppgåva sett til å dekkja heile perioden frå dei kommunistiske maktovertakingane etter andre verdskrig til regima fall. Døma som er nytta i oppgåva er henta frå heile perioden, og vert nytta der dei passar inn i høve til emna. Det er likevel eit unntak frå dette. Sidan oppgåva omhandlar uttrykk for nasjonalisme hjå dei kommunistiske styresmaktene hamnar Jugoslavia i ei særstilling som ein føderasjon. For Jugoslavia sin del ser eg i denne oppgåva berre etter uttrykk for jugoslavisk nasjonalisme, ikkje nasjonalisme på republikknivå. Desentraliseringe tiltak over tid og ei fråskriving frå alle freistingar på å skapa ein jugoslavisk nasjon i 1964 gjer at ein ikkje kan snakka om uttrykk for jugoslavisk nasjonalisme hjå det jugoslaviske kommunistpartiet etter

den tid. Om dei syna ein jugoslavisk nasjonalisme før den tid vert teke opp i oppgåva. Dei delane av oppgåva som omhandlar Jugoslavia gjeld difor tida frå andre verdskrig til 1964, om ikkje anna er spesifisert i teksten.

## Historisk bakgrunn

Den historiske og teoretiske bakgrunnen for denne oppgåva er særsvaret relevant for forståinga av tilhøvet mellom marxisme-leninismen og nasjonalismen hjå dei fire partia, samt for forståinga av oppgåva elles. Difor er desse delane lagt inn i hovuddelen av oppgåva framfor i innleiinga. I del 1 av oppgåva er det lagt inn ein teoretisk bakgrunn om Marx og Lenin sine tilhøve til nasjonar og nasjonalisme, samt døme på korleis nasjonalitetspolitikken frå marxisme-leninismen vart sett ut i livet i Sovjetunionen. Dette er meint å syna kva marxist-leninistisk teori og praksis dei kommunistiske styresmaktene på Balkan hadde å sjå til når dei kom til makta. Vidare i del 1 er det lagt inn korte historiske bakgrunnar om kvart av dei fire landa før kommunistane kom til makta. Desse skal syna kva politiske tradisjonar som fanst, og korleis kommunistpartia kom til makta. Slik vil den historiske og teoretiske bakgrunnen i del 1 gje eit grunnlag for forståinga av resten av oppgåva. Når det gjeld ein historisk bakgrunn for den tida kommunistane sat med makta, er dei hendingane som er skildra sett inn i ein kontekst i oppgåva som skulle gje teksten tilgjengeleg for den aktuelle lesargruppa. I så måte er ein grunnleggjande kunnskap om moderne austeuropeisk historie sett som ein føresetnad.

## Tidlegare forsking

Eg har ikkje kome over mykje komparativ litteratur om emnet, men den boka som kjem nærast oppgåva mi er nok *The National Question in Marxist-Leninist Theory and Strategy*, av Walker Connor, frå 1984.<sup>1</sup> Denne boka tek føre seg ”det nasjonale spørsmålet”, dvs. spørsmålet om nasjonane si rolle i marxistisk teori og strategi. Den går igjennom Marx og Engels sine teoriar, og ser på korleis dei har vorte tolka og sett ut i livet, og tek særskild føre seg Lenin si løysing på det nasjonale spørsmålet og problem med denne løysinga. Connor hentar sine døme frå Sovjetunionen, Jugoslavia, Romania, Kina og Vietnam. Boka har fokus på teoriar om nasjonane sin plass i den historiske utviklinga før og etter ein sosialistisk revolusjon, slik det er framstilt i marxistisk tenking. I tillegg kjem han inn på det som vert fokus for mi oppgåve, nemleg korleis kommunistiske statsleiarar har tilpassa desse teoriane til

---

<sup>1</sup> Connor, Walker: *The National Question in Marxist-Leninist Theory and Strategy*, Princeton University Press 1984.

sin situasjon, og kva som vart politikk i praksis med omsyn til nasjonen si rolle og nasjonalisme.

Utanom denne boka har eg funne lite litteratur som tek føre seg fleire land, men derimot ein del litteratur som dekkjer kommunistparti sine høve til nasjonar og nasjonalisme i eitt land. Mellom anna har Katherine Verdery skrive om den nasjonale ideologien i Romania under Ceaușescu.<sup>2</sup> Medan mykje av boka hennar er såkalla "Case"-forsking, har delar av boka om Ceaușescu-regimet sin tilpassing av marxisme-leninismen til den nasjonale ideologien i Romania vore interessant for mi oppgåve. Det er likevel slik at mange av bøkene som tek føre seg tilhøva i eitt av landa har fokus på *ein* side av nasjonalismen. Difor har det vorte naudsynt å sjå etter utfyllande stoff i andre bøker. Til dømes er det skrive mykje litteratur om undertrykking av dei muslimske minoritetane i Bulgaria, medan det er vanskelegare å finna litteratur som dekkjer bulgarsk nasjonal sjølvforståing.

For Jugoslavia finnast det ein mykje meir omfattande forskingslitteratur enn for dei andre tre landa. Ei rekkje bøker vart skrive særleg frå midten av 1990-talet om bakgrunnane for krigane i Jugoslavia/det tidlegare Jugoslavia. Hilde K. Haug si doktoravhandling om dei jugoslaviske kommunistane sin jakt på ei sosialistisk løysing på det nasjonale spørsmålet gjev ein grundig gjennomgang av haldningar og politikk hjå det jugoslaviske kommunistpartiet.<sup>3</sup> Mellom anna tek Haug det standpunktet at dei kommunistiske leiarane i Jugoslavia ikkje freista å skapa ein nasjon av folka i Jugoslavia, og syner korleis det jugoslaviske kommunistpartiet tolka den marxist-leninistiske nasjonalitetspolitikken. Det finnast òg ein god del litteratur om det nasjonale spørsmålet i Sovjetunionen, og tilhøvet mellom kommunisme og nasjonalisme vert elles nemnd i artiklar og kapittel i bøker som ikkje omhandlar dette høvet i utgangspunktet.

Den eksisterande forskinga på feltet har så mange ulike utgangspunkt at det er umogleg å klargjera forskingsstatus fullstendig her. Men eit par tendensar kan sjåast. Nasjonalisme vert ofte framstilt som eit statslegitimerande middel for dei kommunistiske styresmaktene. Partikularistisk nasjonalisme var eit problem i Jugoslavia, vart ein av dei største utfordringane for statsleiinga, og vart freista helde i sjakk med fleire ulike tilnærmingar. I dei tre andre landa var nasjonalismane prega av dei rådande nasjonalismane

---

<sup>2</sup> Verdery, Katherine: *National Ideology under Socialism – Identity and Cultural Politics in Ceaușescu's Romania*, University of California Press, Berkely/Los Angeles/Oxford 1991.

<sup>3</sup> Haug, Hilde Katrine: *Comrades between Brotherhood and (dis)Unity – The Yugoslav Communists search for a Socialist Solution to the National Question 1935-1980*, Faculty of Humanities, University of Oslo 2007.

som fanst før andre verdskrig, manipulert av kommunistleiringane.<sup>4</sup> Med unntak av Jugoslavia vart ulike minoritetsgrupper undertrykt eller freista assimilert av dei kommunistiske leiingane, på trass av ein ideologi basert på like rettar og like privilegium for alle nasjonar.

Utover desse generelle retningane er det som nemnt forska på ulike særskilde sider ved nasjonalisme hjå kommunistiske styresmakter. Denne oppgåva baserar seg både på eksisterande litteratur om emnet og litteratur som meir indirekte vedkjem nasjonalisme hjå kommunistiske styresmakter på Balkan. Ut frå døme i litteraturen vil eg samanlikna statsleiingane sine nasjonalismar og skapa både eit generelt bilet av nasjonalisme hjå dei kommunistiske styresmaktene og eit meir spesifikt bilet av dei ulike formane dette tok i kvart av landa.

## Teori og metode

### OBJEKTIVITET OG METODE

Eg tek sikte på at oppgåva mi skal representera ei fortidig objektiv røynd. Det er eit ambisiøst utsegn, og eg meiner først og fremst at oppgåva ikkje skal vera historiografisk, men freista å skildra reelle fortidige hendingar så godt som det let seg gjera. Det ligg ei rekke hinder i vegen for å nå eit slikt mål, og for å koma så nær som mogleg må eg ta i bruk ulike teknikkar som til saman utgjer metoden for oppgåva.

### SPRÅK

Språket er det største hinderet, på fleire nivå. Språket i seg sjølv avgrensar vår tilgjenge til fortidig røynd, ved at ein berre kan formidla innafor rammene av språket. Omgrep endrar meiningsinnhald over tid, og skapar trong til å undersøkja kva som er meint med eit omgrep i ei særskild kontekst. Til å finna ut dette finnast diskursanalyse. Oppgåva mi er ikkje meint å vera særleg diskursanalyserande, men det er viktig å poengtera at mykje av dei ideologiske tekstane som eg nyttar som kjelder er fulle av sterkt ladde uttrykk som ofte vart endra over tid. Eg vil difor gjera greie for meiningsinnhald og endringar i desse i teksten der det er naudsynt. Når det gjeld omgrep som eg vil nyitta mykje i oppgåva vil meiningsinnhaldet i desse verta forklarte i delen som heiter ”omgrep”. Meir særskild for mi oppgåve er mangelen på tilgjenge til primærkjelder fordi desse er på språk eg ikkje forstår. Dette er ikkje uvanleg i

<sup>4</sup> Sjå t.d.: Verdery, Katherine: *National Ideology under Socialism – Identity and Cultural Politics in Ceausescu's Romania*, University of California Press, Berkely/Los Angeles/Oxford 1991.

oppgåver som omfattar einingar med ulike språk, som då særleg i komparative og relasjonelle oppgåver som omhandlar statar eller nasjonar. For å koma rundt dette hinderet må ein ty til oversette tekstar, samt til sekundær litteratur som kan gje den naudsynte informasjonen.

Oversette tekstar kan innebera endringar i høve til originaltekstar, men er det nærmeste ein kan koma utan å læra seg det aktuelle språket. Sekundær litteratur derimot er prega av intensjonane og forståinga til den som har gjort arbeidet med primærkjeldene. For å koma forbi det hinderet må ein nytta kjeldekritikk.

## KJELDEKRITIKK

Hermeneutikk vert nytta som tolkingsmetode, ved forståing ut frå samsvar med eller avkrefting av for-dommar. Ein størst mogleg forståingshorisont gjev ein best mogleg forståing av enkeltemne innafør denne horisonten. Di større oversikt/forståingshorisont, di betre er utgangspunktet for god kjeldekritikk. I ei oppgåve som baserar seg på forskingslitteratur, vil samanlikning av ulike kjelder vera eit av dei viktigaste kriteria for å koma nærmare ein objektiv fortidig røynd. Om ein finn intersubjektiv semje om ei hending mellom ulike forfattarar vil det tala for at hendinga har funne stad, og til dels òg korleis den fann stad. Dermed vil intersubjektiv semje verta eit viktig verkty for meg. Samstundes vil ein gjennomgang av kva kjelder som er nytta av forfattarane òg gje peikepinnar på om dei ulike tekstane er basert på primærkjelder, og slik vil ein kunna komma nærmast mogleg desse, ettersom tilgjenge til dei er hindra av språk for min del. Eit kritisk tilhøve til omstenda/konteksten som litteraturen er skrive i kan hjelpe. Nyare tekstar kan ha større kjeldetilfang, tekstar kan vera farga av ideologi og politiserte, osb. Slik kan informasjon om forfattaren eller utgjevaren koma til nytte for å klara opp i konteksten til teksten. Manglande intersubjektiv semje vil verta kommentert i teksten eller i noter.

## TEORI OG MODELLAR

Modellar og teoriar kan hjelpe i analysen av kjeldematerialet. Særleg kan modellar og teoriar organisera og kategorisera stoffet så det vert meir oversiktleg. Dette inneber ofte å gjera abstraksjonar, og setja saman nye einingar av individuelle objekt eller hendingar ut frå gjevne kriterium. Dette har sine grensar og farar, men er uunngåeleg både i våre daglegliv og i møtet med historiske objekt og hendingar for å skapa mening av mangfold og ei kompleks verd. Eg vil mellom anna nytta omgrep frå moderne nasjonalismeteori for å syna kva som var nasjonalisme. Eg vil òg nytta ein modell for å forklara statleg legitimitet.

## AKTØR - STRUKTUR TILHØVE

Sidan oppgåva er så vidfamnande, vil det i liten grad vera enkeltmenneske som opptrer som aktørar, med nokre unntak for statsleiarar og framtredande ideologar. Dei personane som utgjorde statsleiinga er skild frå innbyggjarane elles ved at dei hadde politisk makt. I kommunistiske regime stod statsapparatet for ein einskapleg politisk line. Sentraliseringa av makt i kommunistiske statar reduserte politisk initiativ til den øvste statsleiinga.

Hovudaktørane i oppgåva er difor leiarskapen i dei kommunistiske partia i dei fire landa. Som nemnd ser eg desentraliseringa av makt i det jugoslaviske kommunistpartiet som ein grunn til å slutta å ta med døme frå Jugoslavia etter midten av 1960-talet, mellom anna fordi desentraliseringa leidde til ein oppløysing av partiet som aktør.

Sidan desse aktørane ikkje er på individnivå, men samansette aktørar, vil strukturane i oppgåva liggja eit nivå over desse aktørane igjen. Døme på strukturar vil vera slike som ideologiar (kommunisme, nasjonalisme m.fl.), tradisjonar (t.d. politiske tradisjonar), internasjonale politiske tilhøve (avgrensa spelrom for statane grunna tilhøvet til vestlege land og Sovjetunionen som ein kommunistisk stormakt) og andre strukturar som legg føringar på handlingane til slike samansette aktørar som eg har nemnt ovanfor. Partileiingane låg på si side føringar på innbyggjarane i statane sine, og dei politiske linene deira kan difor sjåast som struktur. Men då denne oppgåva er retta mot årsaker til nasjonalisme hjå partia, vert partileiingane sett som aktørar.

## KOMPARATIVT PERSPEKTIV

For å koma fram til dei resultata ein ynskjer kan ein nytta ulike grep. Eg vil mellom anna nytta eit komparativt perspektiv, altså samanlikning som ein teknikk. Det vil då vera styresmaktene i dei fire landa som vert einingane som skal samanliknast. Eg har vald å nytta denne teknikken av di dei fire styresmaktene har likskapar på fleire område. Dei kom til makta i den same perioden, i kjølvatnet av den same krigen. Regima i dei fire landa hevda alle å nytta ein marxist-leninistisk politikk. Dei hadde alle tette band til Sovjetunionen i dei første åra etter andre verdskrig, men fjerna seg anten brått eller gradvis frå påverknaden frå Moskva. Likskapar kan gje grunnlag for å laga generaliseringar om nasjonalisme hjå kommunistiske styresmakter på Balkan. (Kommunistiske styresmakter utanfor Balkan kan i teorien leggjast til som einingar dersom dei høver inn i dei kriteria som utgjer likskapane.) Like nyttig vil det vera å sjå på ulikskapane, dei fire landa sine ulike historier, politiske tradisjonar, og ved å samanlikna desse freista å finna ut kvifor dei kom til å verta så like (i høve til nasjonalisme),

kva som var særskild med kvar av dei, og ikkje minst å finna årsaker til den særskilde utviklinga som prega desse styresmaktene medan dei sat ved makta.

For å vega opp for abstraksjonar og forenkling når eg nyttar samanlikning, vil eg freista å gje eit bilet av konteksten, ved mellom anna å skildra perioden før dei fire styresmaktene kom til makta. Eg vil òg vera merksam på at styresmaktene som aktørar og einingar for samanlikning ikkje var skilde frå verda ikring, men var både samansett av individ, del av større einingar, knytt til stad, folk, tid, internasjonale tilhøve osb. Slik håpar eg at eit komparativt perspektiv kan verta eit nyttig verkty i å analysera statsleiringane sine nasjonalismar på Balkan, utan at aktørane vert isolerte og sjølvdrivne. Som kjelde for komparativ teknikk har eg nytta Jürgen Kocka: "The Uses of Comparative History", i (Red) Björk, R. og Molin, K.: "Societies Made Up of History", Akademytryck AB, 1996, s.197-209, i *HIS4010 Del 2 av 2. Historiske grunnlagsproblemer. Teori, metode og historiografi – kopisamling*. Universitetet i Oslo for Institutt for arkeologi, konservering og historiske studier 2006, s.145-159.

## Omgrep og forkortinger

Det vil verta naudsynt å gjera greie for ei rekke omgrep om det skal vera mogleg å omtala emnet presist. Dei fleste av desse er forklarte i teksten. Ulike marxistiske tenkjarar og kommunistiske politikarar har lagt ulike meininger inn i ulike omgrep. Der det er naudsynt vil desse meiningsane òg verta forklarte i teksten. Her vil eg gjera greie for kva eg meiner når eg nyttar desse omgrepa:

Nasjon:      Eg vil nytta ein definisjon av Ernest Gellner for å forklara kva eg meiner med ein nasjon:    "1.Two men are of the same nation if and only if they share the same culture, where culture in turn means a system of ideas and signs and assosiations and ways of behaving and communicating.  
2.Two men are of the same nation if and only if they recognise each other as belonging to the same nation."<sup>5</sup>

Nasjonalisme: "Nationalism is primarily a political principle, which holds that the political and the national unit should be congruent. Nationalism as a sentiment or as a movement can be best defined in terms of this principle. Nationalist *sentiment* is the feeling of anger aroused by the violation of this principle, or the feeling of satisfaction aroused by its fulfilment. A nationalist *movement* is one actuated by a sentiment of this kind."<sup>6</sup>

<sup>5</sup> Gellner, Ernest: *Nations and Nationalism*, Blackwell Publishing Ltd., Oxford 1983, s.7.

<sup>6</sup> Ibid., s.1.

Kommunistpartia byta namn frå tid til annan i tråd med omstenda. For å gjera det lettare å følgja partia som aktørar i teksten har eg ikkje følgd opp namneendringane. Særleg av di partia vert nytta som einingar i ein komparativ analyse ville det verta forvirrande å nytta ulike namn i ulike døme frå det same landet. Dersom det ikkje gjeld ein særskild forklaring på implikasjonane av namneendringane vert partia kalla:

Det albanske kommunistpartiet, med forkortinga AKP

Det bulgarske kommunistpartiet, med forkortinga BKP

Det jugoslaviske kommunistpartiet, med forkortinga JKP

Det rumenske kommunistpartiet, med forkortinga RKP

## Om kjeldane

Eg er bunden til å halda meg til bøker på engelsk og skandinaviske språk, og kjeldetilfanget mitt vert dermed avgrensa ein heil del. Sidan eg skal skriva ei makrohistorisk oppgåve om hovudsakleg politiske emne er dette ikkje eit så stort problem som det ville vore for ein oppgåve om ei særskild hending eller ei sterkt avgrensa periode med t.d. arkivmateriale.

Det er mi oppfatning at det er lurt å nytta litteratur som er skrive med ulike utgangspunkt for å få eit mest mogleg nyansert bilet av tilhøve og utvikling. Difor nyttar eg òg bøker frå andre fagfelt, antropologi, samfunnsvitskap m.m. Litteraturen eg har nytta strekk seg frå oversiktsverk om Balkan og Aust-Europa til artiklar om særskilde sider av politikken i kvart av landa. Noko av litteraturen eg har nytta er gjeve ut i dei omtalte landa under den kommunistiske perioden. I høve til dette materialet har eg vore særleg nøyne med å sjå etter intersubjektiv semje med litteratur som ikkje er gjeve ut under kommunistisk sensur. Til dels gjeld dette òg bøker skrive i ”Vesten” medan kommunistane sat ved makta på Balkan, som har ein meir objektiv, men likevel ofte negativ og dømande haldning til kommunismen. I båe tilfella er det språkbruken som er mest farga, og uteleting eller inkludering av visse emne. Dei historiske hendingane som er skildra er ofte skildra nokså likt.

## Problemstilling og hypotesar

Hovudproblemstillinga i oppgåva er kvifor ein finn døme på nasjonalisme hjå dei kommunistiske styresmaktene på Balkan. Denne problemstillinga utløyser fleire spørsmål. Kvifor skal ein stilla spørsmålsteikn ved nasjonalistisk politikk? Var dette paradoksalt? For å svara på desse spørsmåla må eg laga to til: Korleis var marxisme-leninismen sitt syn på

nasjonar og nasjonalisme? Dersom eg kan fastsetja at nasjonalisme hjå kommunistiske styresmakter var paradoksalt, står det att eitt spørsmål ved hovudproblemstillinga: Var det døme på nasjonalisme hjå dei kommunistiske styresmaktene på Balkan? Om eg kan finna døme på nasjonalisme hjå styresmaktene, har eg slått fast at dette var paradoksalt, og at det var eit brot mellom teori og praksis hjå styresmaktene. Hovudproblemstillinga vert då relevant.

Når det er slått fast, kan eg sjå etter forklaringar frå partia på utslag av nasjonalisme. Dersom partia klarte å forklara og legitimera nasjonalismen i høve til marxisme-leninismen, vil dette syna at grunnane til nasjonalisme var å finna hjå denne ideologien. Viss partia derimot ikkje fann legitimering for nasjonalismane sine i høve til marxisme-leninismen, må grunnane søkjast andre stader. Ut ifrå ei forståing av at nasjonar er lojalitetskrevjarar, finn ein to ulike moglege grunnar her. Anten *nytta* kommunistane nasjonalisme for å krevja lojalitet som leiarar av nasjonen, altså nasjonalisme som eit legitimerande middel. Eller kravde nasjonen lojalitet frå kommunistane, det vil seia at kommunistane sjølve *var* nasjonalistar.

Oppgåva vil freista å svara på dei spørsmåla eg har stilt her, med eit mål om å svara på hovudproblemstillinga. Ut frå svara på desse spørsmåla, vil eg ha eit utgangspunkt for å testa dei tre nemnde hypotesane: Nasjonalisme som ein følgje av marxisme-leninismen, som eit legitimitetsskapande middel, eller som eit resultat av at kommunistane sjølve var nasjonalistar. Slik vil oppgåva gjera greie for utslag av nasjonalisme hjå dei kommunistiske styresmaktene på Balkan, og freista å syna kvifor ein fann nasjonalisme hjå desse styresmaktene.

## Struktur

Oppgåva er delt i tre delar og ni kapittel slik:

Del 1 tek føre seg den teoretiske og historiske bakgrunnen. Denne delen har fem kapittel, eit teoretisk om marxisme-leninismen sitt tilhøve til nasjonar og nasjonalisme, og eitt om kvart av landa før dei kommunistiske maktovertakingane. Del 2 har tre kapittel som syner partia sine framstillingar av nasjonalt og sosialistisk samhald i statane, døme på nasjonalisme hjå styresmaktene og partia sine forklaringar på nasjonalistiske tendensar. Del 3 har eitt kapittel, ein samanliknande analyse som vil syna likskapar og skilnadar mellom styresmaktene i høvet til nasjonalisme. Ved å trekka på dei føregåande delane vil del 3 freista å syna kvifor døme på nasjonalisme dukka opp hjå kommunistiske styresmakter på Balkan.

## Eigen posisjon

Eg har vore interessert i Aust-Europa sidan slutten av ungdomsskulen, då kommunismen fall saman og ei rekkje nye statar vart oppretta. Den gongen lærte vi lite om den kommunistiske/tidlegare kommunistiske delen av Europa på skulen, på trass av at vi fekk bosniske flyktningar i klassen i 1995. Aust-Europa vart den gongen oftast framstilt som ei eining, både i skulebøker og media. Sidan eg byrja på universitetet i 2003, har eg studert Aust-Europa, og vorte stadig meir interessert i spenningane mellom kommunisme og nasjonalisme. Etter å ha skrive bacheloroppgåver om nasjonalkommunisme i Albania og Romania, samt om utviklinga av jugoslavisk partikularistisk nasjonalisme mellom 1974 og 1992, kom eg fram til at eg ville skriva mi masteroppgåve om nasjonalisme hjå kommunistiske styresmakter på Balkan. Oppgåva har teke form over tid, men to mål har vore sentrale heile vegen. Eitt har vore å samla døme på nasjonalisme hjå kommunistiske styresmakter, då dei døma eg har sett tidlegare har vore spreidd i kapittel, avsnitt og setninger i ulike bøker og artiklar. Det andre har vore å finna grunnar til at kommunistiske styresmakter vart nasjonalistiske. Ved å skriva ei makrohistorisk oppgåve basert på sekundærlitteratur nyttiggjer eg meg av, og samanfattar døme frå, andre forfattarar, medan eg freistar å sjå nasjonalismen hjå dei kommunistiske styresmaktene på Balkan ifrå nye vinklar, og koma fram til nye innsikter.

## Del 1 – Teoretisk og historisk bakgrunn

### Marxisme-leninismen sitt høve til nasjonar og nasjonalisme

Marx var ikkje så oppteken av nasjonar, ettersom det var klassar og økonomiske tilhøve som var sentrale for han. I tillegg er alt Marx og Engels skreiv om nasjonane si rolle i historia både før og etter ein komande revolusjon spreidd i fleire ulike bøker, avisar og brev. Dermed er det vanskeleg å skapa seg eit heilskapleg bilet av deira syn på nasjonar og nasjonalisme, og fordi deira syn på desse sakene endra seg over tid har det òg vorte rom for ulike tolkingar. I åra 1848-1849 kom Engels opp med konseptet nasjonar med og nasjonar utan historie, som Marx stilte seg bak. Dette innebar at enkelte nasjonar var utan historie, dersom ikkje alle samfunnslag fanst i den nasjonen. I dei fleste høva ville dette seie at nasjonar som var styrt av ein herskande klasse som ikkje var medlem av same nasjonen som undersåttane, var utan historie. Slike nasjonar hadde ikkje noko anna oppgåve enn å rotna bort, så dei ikkje skulle vera i vegen for nasjonar med historie.<sup>7</sup> Konseptet viser mellom anna Marx og Engels sitt negative syn på dei mange små nasjonane som fanst innafor grensene til multinasjonale statar med ein herskarklasse frå ein nasjon, som t.d. i Habsburgriket. Der var det tyskarar som utgjorde herskarklassen medan tsjekkarar, slovenarar og andre var undersåttar. Marx og Engels var meir positive til større einingar med større økonomisk potensiale.

Nokre av marxismen sine grunnprinsipp er arbeidarklassen sitt samhald på tvers av nasjonar og statar, samt at arbeidarklassen skal ta eigarskapet over produksjonsmidlane. Dermed vil det vera naturleg med store økonomisk integrerte område, og små nasjonar sine krav om sjølvstende var eit hinder for ein slik utvikling. Marx meinte at moderne arbeidrarar var drivne av økonomiske motivasjonar framfor alt, og at dei derfor ville vera likegyldige til nasjonale eller etniske kjensler.<sup>8</sup> Sidan nasjonale grenser og statsgrenser låg band på økonomisk samhandling og nasjonar og statar dermed ikkje var økonomiske einingar, kom desse til å måtte vika for økonomiske interesser som ville sikra at nasjonar ville smelta saman og statsgrenser viskast ut. Marx sitt historiesyn låg til grunn for dette, idet han såg nasjonar som ein del av den kapitalistiske fasen, og dermed som midlertidige. Nasjonalisme var progressivt i føydale samfunn, men i kapitalistiske samfunn var nasjonalisme konservativt og måtte kjempast mot. Sjølv om nasjonane kom til å vara ei stund inn i den sosialistiske

<sup>7</sup>Herod, Charles C.: *The Nation in the History of Marxian Thought: The Concept of Nations With History and Nations Without History* Martinus Nijhoff, Haag 1976, s.18.

<sup>8</sup>Connor, Walker: *The National Question in Marxist-Leninist Theory and Strategy* Princeton University Press, Princeton, New Jersey 1984, s. 8.

tidsalderen ville det vera i form, og ikkje i substans, og nasjonalisme ville ikkje ha nokon plass der.<sup>9</sup>

Den internasjonale arbeidarrørsla var heile tida viktigast for Marx og Engels. Det var den som representerte den progressive krafta i historia, og som skulle få makta etter ein sosialistisk revolusjon. Marx og Engels var både aktive for å fremja arbeidarklassen, men òg for å fremja den progressive utviklinga av historia frå eit stadium til det neste. Slik var alle føydale styresett, særleg det russiske, sett på som konservative. Som middel på vegen mot målet meinte dei difor at det var greitt å støtta alle krefter som svekka konservative styresmakter, endå til nasjonalisme. På den måten kunne nasjonalisme vera ein progressiv kraft. Følgjeleg var dei for nasjonal sjølvråderett, men reserverte denne retten til nokre få, utvalde nasjonar.<sup>10</sup> Avgjerande for Marx og Engels sine haldningar var om ein nasjon var progressiv eller konservativ, om den hadde kjempa for eller mot demokratiske krefter i krigar eller opprør i åra sidan 1789, særleg i revolusjonsåra 1848-49.<sup>11</sup> Ved å kjempa for demokrati, viste nasjonane at dei var med å fremja utviklinga frå eit foydalt samfunn til det neste steget i den historiske utviklinga ifølge Marx, kapitalismen si tidsalder.

Nasjonalismen syna seg å vera ein sterkare kraft enn dei hadde rekna med utover 1800-talet. Dei seinare skriftene deira syna påverknaden frå nasjonalismen ved at dei i større grad kom til å sjå nasjonar som progressive eller konservative einingar. Den rolla klassar hadde hatt som instrument for historiske krefter som dreiv utviklinga vart i stor grad overført til nasjonar, riktig nok utan å endra målet om verdsomspennande revolusjon.<sup>12</sup>

Marx og Engels sine syn på nasjonane si rolle i historia, vart diskutert og utvikla vidare av særleg Otto Bauer og Rosa Luxemburg. Otto Bauer gjorde undersøkingar ved fleirnasjonale industriområde i Habsburgriket, og kom fram til at nasjonale skilje når det gjaldt sosial mobilitet, arbeidsløyse og liknande, gjorde at klassehat vart overført til nasjonalt hat, og at industrialisering og kapitalisme ikkje førte til samansmelting av nasjonar, slik som Marx og Engels hadde sagt. Han utvikla derfor, saman med andre, ei tilnærming til nasjonane si rolle i historia som vart kalla austro-marxisme. Tilnærminga innebar at ein skulle gje

---

<sup>9</sup> Ibid., s. 7.

<sup>10</sup> Avsnittet så langt basert på: Ibid., s.11-13. Om sjølvråderett: Dei to var ikkje konsekvente i skilnaden mellom nasjonar og statar, og etnisitet spela ofte inga rolle.

<sup>11</sup> Herod, Charles C.: *The Nation in the History of Marxian Thought: The Concept of Nations With History and Nations Without History* Martinus Nijhoff, Haag 1976, s. 7.

<sup>12</sup> Connor, Walker: *The National Question in Marxist-Leninist Theory and Strategy* Princeton University Press, Princeton, New Jersey 1984, s. 18 og 20.

nasjonane nasjonalt kulturelt autonomi, og fremja utviklinga mot eit sosialistisk samfunn innafor rammene av eksisterande statar, gjennom reformer, ikkje revolusjonar.<sup>13</sup>

Rosa Luxemburg var polsk, og med Polen sin situasjon, underlagt som det var tre mektige statar, var det lite håp for ein nært føreståande lausriving eller borgarleg-demokratisk revolusjon der. Hennar og mange andre polske sosialdemokratar sin strategi vart å venta på industrialisering i dei tre delane, med det målet å skapa ein polsk arbeidarklasse som kunne vera klar når verdsrevolusjonen kom. Slik vart ho generelt imot å kjempa for lausriving og samling av Polen og andre land, då ho meinte at ein skulle utvikla klassemeldvitne arbeidarar og satsa på ein framtidig og samordna verdsrevolusjon.<sup>14</sup>

## LENIN

Lenin har vorte kalla ein strategisk marxist, av di han nytta det nasjonale spørsmålet for å fremja utviklinga mot eit sosialistisk samfunn.<sup>15</sup> Lenin var som Marx og Engels overtydd om at den viktigaste historiske drivkrafta var den internasjonale arbeidarklassen. Han meinte at nasjonale kjensler var noko som ville gå over etter kvart som arbeidarane i kvar nasjon innsåg at det var til deira felles beste å gå saman i store økonomiske einingar. Når det skjedde, ville samansmeltinga av nasjonar starta, og statar ville viskast bort. Lenin var altså usamd med Otto Bauer. Lenin kom til konklusjonen at det var best å gje nasjonane den abstrakte retten til nasjonal sjølvråderett. Dette var ein del av dei internasjonale sosialdemokratane sitt program alt frå 1896, men etter at slagordet om nasjonar sin rett til sjølvråderett vart nytta av kolonimakter og andre som fall inn i Lenin sin kategori ”undertrykkjande nasjonar”, som t.d. austrikarane og ungararane i Habsburgriket, endra Lenin innhaldet i slagordet. Lenin framstilte sjølvråderett som at alle nasjonar skulle ha rett til nasjonal territorial sjølvråderett, ikkje berre kulturell, som i Habsburgriket (jf. Bauer), og dermed innebar det òg retten til lausriving frå andre statar. Slik var Lenin også usamd med Rosa Luxemburg som ville fjerna paragrafen om sjølvråderett frå partiprogrammet til dei internasjonale sosialdemokratane.<sup>16</sup> Lenin utvida denne retten i høve til tidlegare marxistiske tenkjarar til å gjelda koloniane òg. Dermed kom dei kapitalistiske statane i vest til å hamna i kategorien undertrykkjande nasjonar, samstundes som kommunismen fekk tilhengjarar i mange koloniar. Eit viktig poeng

<sup>13</sup> Herod, Charles C.: *The Nation in the History of Marxian Thought: The Concept of Nations With History and Nations Without History* Martinus Nijhoff, Haag 1976, s. 52.

<sup>14</sup> Ibid., s. 81-83.

<sup>15</sup> Connor, Walker: *The National Question in Marxist-Leninist Theory and Strategy* Princeton University Press, Princeton, New Jersey 1984, s. 30.

<sup>16</sup> Lenin, I.V.: *Questions of National Policy and Proletarian Internationalism*, Progress Publishers, Moskva 1970, s. 8.

var likevel at sjølv om han forfekta *retten* til nasjonal sjølvråderett, meinte han at kommunistane ikkje kunne støtta alle krav om sjølvråderett og lausriving. Det måtte vera eit ledd i ein progressiv utvikling, og ikkje til hinder for eller i motsetnad til den internasjonale klassekampen sine mål. Lenin forklarte dette med at lausriving og sjølvstende for nasjonane ikkje var eit mål i seg sjølv, men at kampen mot nasjonal undertrykking var viktigast. Han hevda at di nærmere nasjonane i eit demokratisk statssystem kjem retten til lausriving, di mindre, færre og svakare vil krava om lausriving verta, av di store statar har klare føremonar.<sup>17</sup> Følgjeleg skulle det vera full nasjonal likskap for nasjonar som vart verande innafor multinasjonale statar. Dette gjaldt òg for nasjonale minoritetar.

Med uttrykket ”nasjonal i form, sosialistisk i innhald” meinte Lenin at bodskapen, sosialismen, var viktigast, og den same, uavhengig av språk.<sup>18</sup> Lenin meinte at nasjonalisme var haldningar og ikkje ytre symbol som t.d. språk. Nasjonane skulle nytta eige språk og utvikla sjølvstyre, altså ei nasjonal form, men ha eit sosialistisk innhald i kulturen og politikken. Nasjonane skulle bløma, altså utvikla eigne språk, sjølvstyre og eigne elitar, for slik å sjølve koma fram til at dei var betre tent med å knyta seg saman i store einingar.

Men sjølv om nasjonane skulle nytta sitt eige språk, var det meir komplisert med kulturen. Den dominante nasjonale kulturen var nesten alltid borgarleg og klerikal, og kunne ikkje få halda fram. Derimot meinte Lenin at det fanst to kulturar i kvar nasjon, ein proletarisk i tillegg til den borgarlege. Proletariatet sin kultur ville vera sams for alle arbeidarar i alle nasjonar, og dermed måtte denne kulturen reindyrkast. Samstundes måtte ein kjempa mot den ekskluderande nasjonalismen som integrerer ulike klassar i ein nasjon, medan den splittar det internasjonale proletariatet.<sup>19</sup> Partiet spela ei viktig rolle viktig for Lenin ikkje minst fordi det var partiet som skulle sikra reindyrking og implementering av ein proletarisk kultur. I 1922, då Sovjetunionen vart skipa, var han for at den skulle vera ein friviljug samanslutning av republikkar, og ikkje ein stat satt saman av autonome område. Men for å sikra ein sosialistisk framtid var det viktigaste for han at autoriteten til partiet vart halde ved like, og at partiet måtte opptre upartisk og klokt i høve til dei ikkje-russiske nasjonane.<sup>20</sup> Det var nettopp partiet som skulle stå for, og spreia det sosialistiske ”innhaldet”, sikra samhald og halda ein felles, sosialistisk line for alle republikkane i Sovjetunionen.

---

<sup>17</sup> Ibid., s. 113.

<sup>18</sup> Connor, Walker: *The National Question in Marxist-Leninist Theory and Strategy* Princeton University Press, Princeton, New Jersey 1984, s. 37.

<sup>19</sup> Lenin, I.V.: *Questions of National Policy and Proletarian Internationalism*, Progress Publishers, Moskva 1970, s. 25-26.

<sup>20</sup> Ibid., s. 170.

Nasjonalt likskap var middelet som skulle fjerna alle spenningar mellom nasjonar, og skapa tillit mellom dei. Sosialismen skulle skapa moglegheita for å gjera slutt på all nasjonal ulikskap, og når alle sfærar inkludert statsgrenser var demokratisert, avgjort av folket, ville det vera mogleg å verta kvitt nasjonale spenningar, og samansmeltinga av nasjonane ville byrja.<sup>21</sup> Lenin skilde difor mellom undertrykkjande og undertrykte nasjonar. Dette skiljet gjaldt òg undertrykkjande nasjonar si nasjonalisme og undertrykte nasjonar si nasjonalisme. Sidan russarane hadde vore ein undertrykkjande nasjon, var russisk nasjonalisme negativ og sjåvinistisk, og måtte kjempast mot og reinskast. Dei andre, undertrykte, nasjonane i Sovjetunionen sine nasjonalismar var derimot reaksjonar på undertrykking og måtte få koma til utløp, fram til like rettar var etablert for alle nasjonar. Dei undertrykte nasjonane vart samanlikna med det undertrykte proletariatet. Ut ifrå dei egalitære grunnprinsippa i kommunismen måtte difor dei undertrykte nasjonane utviklast og dyrkast lik som proletariatet, til ein dag alle nasjonane hadde like rettar, og nasjonale skilnader og spenningar var borte. Som sosiale skilnader mellom klassar skulle fjernast ved å ta vekk privilegia til dei øvre klassane og gje rettar til dei lågare, skulle undertrykkjande nasjonar mista sine privilegium og undertrykte nasjonar skulle få rettar.<sup>22</sup>

I tillegg til denne tankegangen, var det to andre ideologiske faktorar som spelte inn. Nasjonar var ei tidsav grensa følgje av kapitalismen si tidsalder, og sidan samansmeltinga av nasjonar ikkje kunne skje utan like rettar for nasjonane ein gong i ein sosialistisk framtid, måtte ein utvikla nasjonar og gje dei like rettar. Vidare måtte ein utvikla dei tilbakeliggjande nasjonane, slik at nasjonale klassar, som ikkje var tydeleg utvikla skulle tre fram, og utvikla klassemedvitne proletariat i nært samarbeid med det russiske proletariatet.<sup>23</sup> Dermed ville proletariatet i dei ikkje-russiske nasjonane oppdaga sine eigne nasjonale fiendar.<sup>24</sup> Dermed var Lenin open for at undertrykte nasjonar si nasjonalisme kunne verta midlertidig akseptert.

Når alle nasjonane oppnådde like rettar i framtida, ville nasjonalismane verta overflødige og forsvinna av seg sjølve. Då ville ein sitja att med nasjonar som var nasjonal i form og sosialistisk i innhald. Sidan Lenin som nemnt såg nasjonalisme som haldninga og ikkje som ytre symbol som språk, ville ”forma”, altså dei ytre nasjonale symbola som språket utgjera ei tom form, fylt med sosialistisk innhald, altså felles (for alle nasjonar) proletarisk

<sup>21</sup> Slezkine, Yuri: ”The USSR as a Communal Apartment, or How a Socialist State Promoted Ethnic Particularism” i *Becoming National – a reader*, red. av: Eley, Geoff og Suny, Ronald Grigor, Oxford University Press, Oxford, New York m.fl. 1996, s. 206.

<sup>22</sup> Ibid., s. 208.

<sup>23</sup> Herod, Charles C.: Haag Martinus Nijhoff, Haag 1976, s. 108.

<sup>24</sup> Slezkine, Yuri: ”The USSR as a Communal Apartment, or How a Socialist State Promoted Ethnic Particularism” i *Becoming National – a reader*, red. av: Eley, Geoff og Suny, Ronald Grigor, Oxford University Press, Oxford, New York m.fl. 1996, s. 207-208.

kultur, verdiar, økonomi og så bortetter. Altså nasjonar utan nasjonalisme, fram til samansmeltinga av nasjonane og oppsmuldringa av statar.<sup>25</sup>

### NASJONALITETSPOLITIKK I PRAKSIS: SOVJETUNIONEN

Då kommunistane kom til makta i Russland var landet først prega av krig i fleire år, men det vart gjeve rett til lausriving for nasjonar. Sovjetunionen vart skipa i 1922 som ein friviljug samanslutning av republikkar og vart slik sett på som eit steg framover i høve til Lenin sin teori. Det var nettopp økonomiske tilhøve som leidde til denne samanslutninga, av di økonomisk krise, men òg faren for intervensionar frå vestlege land, gjorde det nyttig å stå saman for å utnytta dei få ressursane best mogleg. Politiske omsyn avgjorde kva nasjonar og område som fekk status som republikkar, autonome område eller igjen andre kategoriar. Lenin hadde òg lagt fram ein idé om sentralisert demokrati, der viktige avgjerder skulle takast sentralt, med representantar frå dei ulike nasjonane/regionane. Både Lenin og Stalin var opptekne av å halda partiet fritt for nasjonalisme, og særleg å få inn innfødde kommunistar i dei ulike nasjonale partia og dei nasjonale leiingane for å unngå den storruisiske sjåvinismen. Denne var utbreidd, ettersom storparten av statsapparatet hadde vore drive av russarar uansett kvar i imperiet ein såg. Stalin følgde lenge opp Lenin sin politikk, men då den politiske situasjonen i Europa kom i endring utpå 1930-talet, tok han ein vending i retning av russisk nasjonalisme. Dette var ei endring som var sett som naudsynt for å få opp motivasjonen hjå den største enkeltnasjonen i Sovjetunionen i tilfelle krig. Denne endringa leidde òg til ein enda sterkare sentralisering av makt, med mindre påverknad for små nasjonar.

### NASJONALITETSPOLITIKK I PRAKSIS: SOVJETUNIONEN I 1920-ÅRA

Eg skal her ta med korleis nasjonalitetspolitikken vart sett ut i livet i Sovjetunionen under Stalin, for å gje eit bilet av kva mønster dei kommunistiske styresmaktene på Balkan følgde. Terry Martin gjev eit godt bilet av denne politikken i praksis i boka "Affirmative Action Empire".<sup>26</sup> Han peikar på tre føresetnader som dannar grunnlaget for Lenin og Stalin sin nasjonalitetspolitikk. Den marxistiske føresetnaden; at ein ved å gje nasjonane sjølvråderett ville fremja splitting av nasjonane i klassar ved at nasjonale elitar ville koma klårare fram, og proletariatet ville dermed sjå at dei hadde meir til felles med proletariatet i andre land enn

<sup>25</sup> Connor, Walker: *The National Question in Marxist-Leninist Theory and Strategy* Princeton University Press, Princeton, New Jersey 1984, 513. Connor ser ideen om at den nasjonale forma ikkje skulle ha noko mening i seg sjølv som ein av dei største trulege feila i Lenin sin nasjonalitetspolitikk, ettersom særleg språk i seg sjølv har vore grunnlaget for nasjonalisme i mange tilfelle, og at ein umogleg kan fjerna alt "innhald" frå "form".

<sup>26</sup> Martin, Terry: *The Affirmative Action Empire: Nations and Nationalism in the Soviet Union, 1923-1939*, Cornell University Press, Ithaca and London 2001.

med borgarklassen i sitt eige. Moderniseringsføresetnaden; I tråd med marxistisk historiesyn var nasjonalt medvit(nasjonalisme) ein fase på vegen mot sosialisme. Koloni-/største fare føresetnaden; Lenin og Stalin tykte både at undertrykkjande nasjonalisme var farlegast, at stor-russisk nasjonalisme var den største faren, og at koloni-nasjonalisme eller dei tidlegare undertrykte nasjonane sine nasjonalismar ikkje var eit like stort problem. Dei ikkje-russiske nasjonane skulle få utvikla sine språk og sin kultur. Dessutan sine eigne nasjonale styresmakter i tråd med sentrale retningsliner. Stalin såg denne strategien som særskilt viktig for at ikkje-russiske nasjonar skulle sjå at Sovjetunionen ikkje var ei forlenging av det undertrykkjande Tsarimperiet. Dette var løysinga Stalin satsa på. Å verta ein forkjempar for nasjonal utvikling i dei ikkje-russiske områda.

Det vart utarbeida planar for inndelinga av Sovjetunionen tidleg på 1920-talet. Desse førte fram til eit system av økonomisk integrerte område, kalla mikro- eller makro-*raionirovanie*, som vart presenterte på den åttande kongressen av sovjetar i desember 1920.<sup>27</sup> Å dele inn i områder etter økonomiske relasjonar var i tråd med marxismen, men ikkje med den uttalte nasjonalitetspolitikken. Når ein så byrja å gjennomføra denne inndelinga, kom ein i Ukraina opp med ideen om *nasjonale raionirovanie* i ulike storleikar, kalla nasjonale sovjetar, som vart utvikla mellom 1923 og 1926.<sup>28</sup> Dermed fekk ein økonomisk integrerte område som i tillegg var nasjonale, altså tilhøyrde ein særskild nasjonalitet. Dette vart sett på som ein framifrå løysing og vart spreidd til heile Sovjetunionen frå 1927.<sup>29</sup> Løysinga var nemleg heilt i tråd med nasjonal territorial sjølvråderett ved å oppretta nasjonale, territoriale einingar heilt ned på kolkhoz-nivå, som var ein kollektiv farm. Dette fekk fort store følgjer. Sovjetunionen vart delt inn i ulike einingskategoriar frå Sovjetunionen øvst, med ulike nivå av republikkar, distrikt m.fl. nedover. Då ein fastsette desse einingane i praksis, unngjekk ein heilt den ekstra-territoriale kulturelle nasjonale sjølvråderetten, og etnisitet vart bunde til område. Mellom anna vart dette problematisk for jødane, som ikkje hadde særleg kompakte jødiske område i Sovjetunionen. Jødane vart dermed flytta til dei kompakte jødiske områda som fanst, eller slike område vart freista oppretta. Dei sentrale styresmaktene ville flytta flest mogleg jødar til jordbruksområde, då dei mislikte at mange jødar var medlemmar av handelsstanden og borgarskapet i byane, dvs. klassefiendar.<sup>30</sup>

<sup>27</sup> Russiske uttrykk er forklarte i teksten og er henta frå: Ibid, s. 34.

<sup>28</sup> Ibid., s. 35.

<sup>29</sup> Ibid, s. 48. På same side: Utviklinga av nasjonale sovjetar byrja tidlegare i enkelte område, t.d i Kviterussland i 1924.

<sup>30</sup> Ibid., s. 43.

Den nasjonale inndelinga fekk òg konsekvensar i område med ein klar majoritetsnasjon. I område der det var mange små einingar av ein særskild nasjonalitet, t.d. mange tsjetsjenske landsbyar, vart det oppretta ein høgare eining, som t.d. eit tsjetsjensk distrikt. Viss det var mange tsjetsjenske distrikt i nærleiken, vart det oppretta eit tsjetsjensk *okrug*, og så vidare fram til ein ikkje kunne utvida det nasjonale området lenger.<sup>31</sup> Innan eit distrikt eller eit *okrug*, var det gjerne landsbyar og distrikt med ein annan majoritetsnasjon, t.d. ein russisk landsby. Dersom det vart oppretta eit tsjetsjensk distrikt som inkluderte den russiske landsbyen skulle russarane i landsbyen få styra seg sjølve samt få delta i distriktstyret. Likevel vart dei, ved å verta del av eit større område der ein annan nasjon var den titulære, ein minoritet, og mange var derfor imot opprettinga av stadig større einingar. Då tidlegare undertrykte nasjonar fekk sine eigne landområde, t.d. ein autonom republikk, følte dei at dette området no var deira, og at innbyggjarar av andre nasjonar enn den titulære burde reisa ”heim” til sine respektive område, ettersom alle nasjonane no hadde fått sine eigne territorium. I område med mange minoritetsnasjonar vart det ikkje utbreidde etniske konfliktar i same skala som der det var to nasjonar i eitt område, og minoritetsstatusen til den eine nasjonen vart veldig synleg. Samankoplinga av etnisitet og territorium leidde til ein oppfatning, særleg i austlege delar av Sovjetunionen, om at alle som ikkje tilhøyrdet den titulære nasjonen burde og kunne sendast til sine eigne nasjonale område, sin republikk, *oblast*, *okrug* osb. Nokre stader byrja dette næraast å ta form av etnisk reinsing, ved at lokale innbyggjarar tvinga det dei gjerne kalla ”gjestar”, til å flytta utan at dei lokale styresmaktene gjorde noko for å hindra dette. Terry Martin skildrar koplinga mellom etnisitet og territorium slik: ”It is difficult to conceive of any measure more likely to increase ethnic mobilization and ethnic conflict [enn opprettinga av nasjonale sovjetar]”.<sup>32</sup>

Frå 1928 gjekk sentrale styresmakter inn og tok over kontrollen med migrasjon, slik at lokale styresmakter ikkje lenger kunne hindra innflytting av medlemar av andre enn den titulære nasjonen. Dette kunne jo endra minoritet/majoritet-tilhøva i enkelte område. Frå sentralt hald var det ikkje tenkt at områda skulle verta reinska slik, men at alle som var eller vart minoritetar skulle ha fulle rettar til å nytta sitt eige språk og sin eigen kultur. I den same endringa i 1928 vart det òg forbode for lokale styresmakter å gje føremonar til medlemar av sin eigen nasjon når det gjaldt m.a. busetting.

Dei sentrale styresmaktene jobba aktivt for å skapa nasjonale kommunistar. Det var noko av essensen i Lenin si utsegn ”nasjonal i form, sosialistisk i innhald”. Målet med å gje

<sup>31</sup> *Okrug*: Ein territoriell eining i Sovjetunionen, større enn distrikt, mindre enn *Oblast* og republikk.

<sup>32</sup> Avsnittet er basert på og sitatet henta frå:Ibid., s. 73, mi tilføyning.

fritt spelerom for nasjonale språk, kulturar og nasjonale politikarar var å gje dei ikkje-russiske innbyggjarane kommunisme på morsmålet, å skapa nasjonale og lokale kommunistparti med lokale medlemar som skulle styra sine respektive område. Dermed ville det verta klart at kommunistleienda sentralt ikkje var ute etter å fortsetja eit undertrykkjande styre med russarar òg i dei lokale styresmaktene. Politikken som var sett i verk for å skapa lokale kadrar, vart kalla *korenizatsiia*.<sup>33</sup> Denne gjekk ut på å gje opplæring i lokale språk frå barneskule til høgare utdanning, samt oppretta universell skulegong og utdanna lokale politikarar, lærarar osb. På denne måten skulle ein få innfødde, lojale styresmakter og innfødde offentleg tilsette i alle delar av unionen. Ettersom det fanst få høgt utdanna innfødde personar i mange område vart det oppretta kvotar for innfødde både ved inntak til høgare utdanning, tilsetting i arbeidslivet og i styresmaktene. Kvotane vart somme stader nytta til å halda medlemar av andre enn den lokale nasjonen unna arbeidsplassar, men i enno fleire tilfelle vart det klart at kvotane umogleg kunne fyllast. Det skuldast at dei innfødde mange stader ikkje eingong hadde gjennomført barneskule, og det tok difor lang tid før ein kunne få resultat av denne politikken og skapa høgt utdanna innfødde kommunistar.

#### NASJONALITETSPOLITIKK I PRAKSIS: SOVJETUNIONEN I 1930-ÅRA

Heilt til slutt i denne delen skal eg ta med Stalin sin politikk på 1930-talet. Denne skil seg frå den tidlegare politikken på fleire måtar. Stalin gjekk i 1928-1929 inn for å enda NEP-politikken brått, ikkje gradvis slik Lenin hadde tenkt det. NEP, eller ny økonomisk politikk, hadde vore ei freistung på å styrka økonomien ved å opna for ein del økonomiske tiltak som ikkje elles var kompatible med marxisme-leninismen, etter at revolusjonære endringar hadde leidd til ein vanskeleg økonomisk situasjon. Han gjekk til åtak på høgresida i partiet, m.a. av di desse var mest interesserte i å halda på NEP, men òg for å konsolidera si makt etter at han hadde slege tilbake venstresida i 1927.<sup>34</sup> I fleire år hadde Stalin forfekta dei ikkje-russiske nasjonane si bløming og pressa på for å gjennomføra *korenizatsiia*, få lokale innfødde inn i lokale styresmakter og kjempa mot stor-russisk sjåvinisme. På 1930-talet vart Stalin uroa for at nasjonalismane i dei ulike ikkje-russiske områda skulle venda seg for langt vekk frå den sentrale lina, og etter åtaket på høgresida på slutten av 1920-talet byrja ei periode med utrensingar og terror. Det har vore diskusjon om denne utviklinga i politikken var berre

<sup>33</sup> Kadrar/kader: Nyttar i ulike tydingar på ulike stader, men tyder person, gruppe eller nettverk av personar som samarbeida med kommunistane eller som var del av den kommunistiske organisasjonen/partiet.

<sup>34</sup> Moss, Walter G.: *A History of Russia Volume II: Since 1855*. McGraw-Hill Higher Education, New York, mfl. 1997, opptrykk 2002, s. 223.

Stalin sin, eller om det var eit framhald av Lenin.<sup>35</sup> Den første utreinskinga varte frå 1928 til 1933 og var retta mot såkalla borgarlege spesialistar, teknisk og administrativt utdanna personell som ikkje var kommunistar.<sup>36</sup> Men denne utreinskinga gjekk òg ut over ikkje-russiske nasjonale leiarar. Utreinskinga var ein del av ein sosialistisk offensiv som inkluderte den første femårsplanen frå 1928, kollektivisering og ei utreinsking av alt som høyde fortida til, som borgarklassen, storbønder og sosiale skilnader i sin heilskap. I tråd med den mykje nytta militære retorikken til kommunistane, var offensiven retta mot fiendar, og fiendane var i første rekkje dei borgarlege spesialistane som vart skulda for å sabotera sovjetisk økonomi. Ikkje-russiske nasjonale leiarar kunne slik verta skulda for å ”sabotera nasjonar”. Dei som vart skulda for borgarleg nasjonalisme, vart ”reinska ut” for å ha fjerna seg for langt vekk frå den sentrale partilina i bygginga av sin nasjon, ikkje for å vera for ivrig i bygginga av nasjonen.<sup>37</sup>

Den sosialistiske offensiven eller ”revolusjonen ovanfrå” var dermed ikkje slutten på *korenizatsiia*, men innebar faktisk ein auka satsing på denne politikken, ein ”offensiv” på det nasjonalitetspolitiske området. Resultatet skulle jo verta likskap for nasjonane, og difor skrudde Stalin opp tempoet på utviklinga av lokale elitar, utdanning på morsmålet for alle nasjonalitetar uavhengig av bustad og ei vidare satsing på utviking av lokal kultur som aviser, teater og litteratur endå til for nasjonale minoritetar i republikkane. Dei fleste ikkje-russiske nasjonale leiarane som vart reinska ut vart dermed erstatta av nye leiarar av same nasjonalitet. I 1934 hevda Stalin å ha reinska Sovjetunionen for alt attendeliggjande og oppnådd eit samfunn utan særlege sosiale skilnader.<sup>38</sup> I denne perioden fekk òg den russiske nasjonen større spelerom, ved at partiet aksepterte kulturelle uttrykk for russisk nasjonalkjensle i større grad frå byrjinga av 1930-talet. Ikkje minst vart det innført strengare straffar for ikkje-russiske leiarar som gjekk for langt i sine anti-russiske haldningar, noko som tidlegare hadde vorte tilskrive Russland si tidlegare rolle som undertrykkjande stat.

På byrjinga av 1930-talet var Stalin likevel uroa for at *korenizatsiia*-politikken kunne føra til spreiing av nasjonalisme. For å gjera det klart kor grensene gjekk for *korenizatsiia*,

<sup>35</sup> Det er ikkje plass her til den diskusjonen, men for eit samandrag og referansar til vidare litteratur, sjå m.a.: Ibid., s. 244-245.

<sup>36</sup> Rittersporn, Gábor T.: ”The Omnipresent Conspiracy: On Soviet Imagery of Politics and Social Relations in the 1930’s”, i ”Stalinist Terror. New Perspectives” red. av: Getty, J. Arch og Manning, Roberta T. Cambridge University Press 1993, s. 100-101, i *HIS2413 Del 2 av 2. Stat og samfunn i Sovjetunionen 1917-1991 Kopisamling*, Universitetet i Oslo for Institutt for arkeologi, konservering og historiske studier, Oslo 2005, 60-61.

<sup>37</sup> Slezkine, Yuri, ”The USSR as a Communal Apartment, or How a Socialist State Promoted Ethnic Particularism” i *Becoming National – a reader*, red. av: Eley, Geoff og Suny, Ronald Grigor, Oxford University Press, Oxford, New York m.fl. 1996, s. 221-222.

<sup>38</sup> Ibid., s. 222.

fann Stalin ein syndebukk og sette i gang ein kampanje mot Mykola Skrypnyk, som var politbyråmedlem i Ukraina og medlem av sentralkomiteen i det sovjetiske kommunistpartiet. Han vart skulda for å laga ein teori som blanda saman nasjonalisme og bolsjevisme som forvirra ukrainsk ungdom. I følgje Postyshev, som var medlem av sentralkomiteen i det ukrainske partiet: "Skrypnyk has most clearly demonstrated that any attempt to reconcile proletarian internationalism with nationalism inevitably leads that person into the bosom of nationalist counter-revolution".<sup>39</sup> Kampanjen mot Skrypnyk syna to ting. For det første kor ladde ulike omgrep var i den offentlege framstillinga av nasjonalitetspolitikken.

"Nasjonalisme" var som syna i sitatet ikkje lov å nytta, medan omgrepet "nasjonale rettar" vart nytta av Stalin sjølv, og innebar rett til særlege kulturelle, territoriale, økonomiske og politiske identitetar – nettopp dei elementa som utgjer nasjonalisme.<sup>40</sup> For det andre syna den at Stalin byrja å innsjå at korenizatsiia måtte haldast i taumane med utreinskingar, eller i alle høve trusselen om utreinskingar for ikkje å invitera til nasjonalisme. Etter 1933 vart ikkje korenizatsiia gjennomført med like mykje publisitet eller like stor innsats, på same måte som andre delar av den sosialistiske offensiven òg vart nedtona frå 1933-34.

På midten av 1930-talet heldt styrkinga av den russiske nasjonen fram. Russisk nasjonalhistorie, språk og nasjonale symbol vart nytta meir og meir. Det russiske vart og stadig meir assosiert med heile Sovjetunionen, særleg etter kampanjar mellom 1937 og 1939 som innførte det kyrilliske alfabetet i dei fleste ikkje-russiske språka som hadde nytta det latinske. Samstundes vart russisk innført som andrespråk i grunnskulen i dei ikkje-russiske områda. Etter den sosialistiske offensiven og nedtoninga av korenizatsiia i offentlege forum, gjekk utviklinga i retning av at små nasjonale sovjet, distrikt og andre mindre einingar mista merksemd og fekk mindre oppmuntring og stønad til særskild utdanning og kulturell verksemd. Satsinga på likskap vart no konsentrert om dei større einingane, særleg republikkane.

Korenizatsiia og nasjonsbygginga heldt fram, ifølgje Terry Martin, for å halda ved like den positive effekten at Russland ikkje vart oppfatta som imperialistisk og undertrykkjande, medan terror og utreinskingar sikra Stalin mot nasjonale leiarar som vende seg for langt vekk

---

<sup>39</sup> Postyshev sitert i: Martin, Terry, *The Affirmative Action Empire: Nations and Nationalism in the Soviet Union, 1923-1939*, Cornell University Press, Ithaca and London 2001, s. 349. Martin skriv òg at Skrypnyk ikkje meinte å blanda nasjonalisme og bolsjevisme, men vart medvite feiltolka og nytta som syndebukk. Skrypnyk tok sitt eige liv etter forgjeves å ha freista å oppklara situasjonen og ta sjølkritikk, sjå s. 348-349.

<sup>40</sup> Likskapen mellom meiningsinnhaldet i dei to omgrepene poengtret i: Slezkine, Yuri: "The USSR as a Communal Apartment, or How a Socialist State Promoted Ethnic Particularism" i *Becoming National – a reader*, red. av: Eley, Geoff og Suny, Ronald Grigor, Oxford University Press, Oxford, New York m.fl. 1996, s. 222.

frå Moskva.<sup>41</sup> Frå 1936 byrja ei ny runde med utreinskingar. Det finnast mange meiningar om kva som fekk Stalin til å setja desse i verk, eg skal ikkje gå inn på dei her. Som nemnt tok det lang tid før korenizatsiia fekk sin tiltenkte effekt av di utdanningsnivået i dei ikkje-russiske områda mange stader var særstakt lågt då denne politikken byrja. Mangelen på eit proletariat, på kommunistar og særleg kombinasjonen av proletarisk bakgrunn, kommunistisk overtyding og høgare utdanning i dei ikkje-russiske områda, gjorde at det ikkje fanst så mange innfødde høgt utdanna kommunistar på slutten av 1930-talet.

Resultatet var at då partiet vart reinska frå 1936, var det ikkje mogleg å fylla tomrommet etter dei med innfødd personell. Dermed kom russiske kommunistar med teknisk og administrativ utdanning til å fylla opp mange leiande stillingar i dei ikkje-russiske områda.<sup>42</sup> Dette styrka det russiske preget på Sovjetunionen som heilskap, ein utvikling som hadde prega heile tiåret. I den andre bølgja av reinskingar var borgarleg nasjonalisme igjen ei vanleg skulding, men innebar ikkje lenger sabotering av nasjonar, men manglande beundring for Russland, og ”rotlaus kosmopolitanisme”.<sup>43</sup> Nasjonane hadde fått tildelt sine plassar i Sovjetunionen. Den russiske nasjonen hadde vorte ein leiande nasjon, og Stalin viste endå til russiske nasjonalistiske tendensar mot slutten av 1930-åra.

Ideologiske, medvitne og tilfeldige årsaker hadde leidd den russiske nasjonen fram. Ideologisk hadde Stalin si hevding av å ha fjerna dei grunnleggjande skilnadane i samfunnet opna for at den russiske nasjonen ikkje lenger var ein undertrykkjande nasjon og dermed kunne få større rettar til utfaldning. Den russiske nasjonen vart frå då medvite favorisert, språket spreidd til ikkje-russiske område og den russiske kulturen dyrka. Mangelen på utdanna kommunistar i dei ikkje-russiske republikkane leidde deretter til ein større russisk representasjon i leiingane i desse republikkane. Omsynet til internasjonale tilhøve kan og ha spela inn som ein pådrivar for å motivera den største nasjonen i Sovjetunionen ved å dyrka deira nasjon i opptakten til andre verdskrig.

Dermed har eg syna den marxistisk-leninistiske nasjonalitetspolitikken slik den vart sett ut i livet i Sovjetunionen under Stalin. På 1920-talet med vekt på nasjonal bløming for alle nasjonane og kamp mot stor-russisk sjåvinisme gjennomført med direktiv, lovar og komitear. På 1930-talet med vekt på nasjonal bløming for republikkane, balansert med kamp

---

<sup>41</sup> Martin, Terry, *The Affirmative Action Empire: Nations and Nationalism in the Soviet Union, 1923-1939*, Cornell University Press, Ithaca and London 2001, s. 393.

<sup>42</sup> Ibid., s. 393.

<sup>43</sup> Slezkine, Yuri, ”The USSR as a Communal Apartment, or How a Socialist State Promoted Ethnic Particularism” i *Becoming National – a reader*, red. av: Eley, Geoff og Suny, Ronald Grigor, Oxford University Press, Oxford, New York m.fl. 1996, s. 227.

mot borgarlege nasjonalismar si spreiling i dei ikkje-russiske nasjonane, gjennomført ved utreinskingar og terror, samstundes som den russiske nasjonen fekk ein leiande posisjon.

### Albania og det albanske kommunistpartiet før maktovertakinga

Albanarar oppretta staten Albania for å hindra oppdeling av nasjonen og eventuell assimilering frå nabolanda, særleg Serbia og Hellas. Etter første verdskrig vart det igjen naudsynt å forsvara retten til vidare eksistens for staten, og igjen sikra albanarane sin fridom. Både gangane var det gjennom støtte frå aktørar i det internasjonale samfunnet at denne fridomen vart sikra. Som ein liten stat mellom revisionistiske naboland var albanske styresmakter klar over at eksterne støttespelarar var viktig for fridomen deira. Gjennom mellomkrigstida kom dette fram gjennom tilknyting til Italia, som utnytta situasjonen til å auka si makt over den albanske staten fram til dei underla seg den albanske staten fullstendig gjennom okkupasjonen i 1939. Tida frå opprettinga av staten hadde syna at oppdeling og assimilering var ein reell fare for Albania.

Det politiske livet i Albania hadde gått frå oppløysing gjennom første verdskrig til eit kortvarig parlamentarisk liv på byrjinga av 1920-talet og vidare til diktatur. Det parlamentariske livet hadde ikkje vore særskild effektivt og diktaturet hadde leidd landet ut det uføret som enda med den italienske okkupasjonen. Utover betra statleg kontroll med landet hadde ikkje diktaturet endra samfunnstilhøva i Albania i særleg grad. Medan ei lita gruppe store landeigarar heldt regimet oppe var storparten av folket framleis fattige bønder med därlege kår og ein stor grad av analfabetisme. Det var difor ikkje store demokratiske tradisjonar å spora, og dei delane av folket som opprettheldt regimet til kong Zog hadde interesser i å halda situasjonen slik den var.

Albania hadde frå opprettinga ikkje særleg store minoritetsgrupper innan grensene sine, men det fanst ein gresk minoritet sør i Albania. Staten anerkjende minoritetsrettar for grekarane i 1922, som rett til utdanning på gresk og religiøs fridom, men rettane vart berre gjeve til avgrensa område med mange grekarar, og dekte ikkje på lang nær alle grekarane.<sup>44</sup> Men i tida fram mot andre verdskrig vart det gjennomført ei rekke tiltak som avgrensa rettane og freista assimilering av grekarane. Den greske kyrkja i Albania vart gjort autokefal for å minka påverknaden frå den gresk-ortodokse kyrkjeleiinga utanfor Albania, og det vart pålagt å nytta albansk språk i messer, samt at religiøse bøker vart oversatt til albansk. Frå midten av 1920-talet til andre verdskrigen vart utdanning gradvis underlagt statsmonopol, som til slutt

<sup>44</sup> Kondis, Basil og Manda, Eleftheria, red.: *The Greek Minority in Albania –A Documentary Record (1921–1993)*, Institute for Balkan Studies, Thessaloniki 1994, s. 15-16.

leidde til forbod mot private skular i 1933, då alle dei greske skulane vart stengt (forbodet ramma og katolske skular, og var m.a. innført for å avgrensa italiensk påverknad<sup>45</sup>). Krav frå den internasjonale domstolen i Haag påla regimet å la greske skular fungera, og det vart gjort lovendringar for å imøtekomma kravet i 1936. Med den italienske invasjonen vart det slutt på utdanningsverksemd i dei gjeldande områda. Under den andre verdskrigen freista kollaboratørar, som støtta det ”etniske” stor-Albania som vart oppretta, å forby greske innslag i Albania. Slik hadde styresmaktene syna ein assimilerande line frå tidleg på 1920-talet og fram til den kommunistiske maktovertakinga, som mellom anna hadde ein negativ effekt på tilhøvet til Hellas.<sup>46</sup>

Når det gjaldt albanske minoritetar utanfor Albania sine grenser derimot, fann ein den største gruppa i Kosovo, som var del av det jugoslaviske kongedømet etter 1918. Som nemnt nytt Zog hjelp frå Jugoslavia i å ta makta i Albania, og gav faktisk bort landområde til Jugoslavia som takk.<sup>47</sup> I den internasjonale situasjonen var grenserevisjonisme utanfor rekkevidde, og styresmaktene hadde nok med å halda på sjølvstendet. Slik kom den nasjonale sjølvforståinga til å verta knytt til nasjonen sin fridom frå nabolanda, og den fremste nasjonale helten vart Skanderbeg, som frigjorde Albania frå tyrkarane i 1443, og heldt landet fritt i 25 år.<sup>48</sup>

Det albanske kommunistpartiet vart skipa på eit møte i Tirana 8.-14. november 1941, på grunnlag av ulike kommunistiske grupper som hadde eksistert sidan 1929, med støtte frå det jugoslaviske kommunistpartiet.<sup>49</sup> Enver Hoxha vart vald til partileiar. Det albanske kommunistpartiet kunne nyttiggjera seg ei rekke av dei tidlegare styresmaktene sine feil under motstandskampen. Kampen vart kalla den nasjonale frigjeringskrigen, og gjennom deltaking i opprør og organisering av arbeidarrørsler, samt lovnadar om jordreform klarte AKP å knyta seg til sosiale saker òg.<sup>50</sup> Dei fekk difor støtte hjå folket fordi dei var nasjonale fridomskjemparar og forkjemparar for dei fattige massane. I tillegg propaganderte dei mot både interne og eksterne fiendar. Regimet til Zog hadde brakt landet inn i ufridom, og hadde

<sup>45</sup> Logoreci, Anton: *The Albanians*, Victor Gollancz Ltd., London 1977, s. 61.

<sup>46</sup> Opplysingane om den greske minoriteten er henta frå: Kondis, Basil og Manda, Eleftheria, red.: *The Greek Minority in Albania –A Documentary Record (1921-1993)*, Institute for Balkan Studies, Thessaloniki 1994., s. 15-20.

<sup>47</sup> Pollo, Stefanaq og Puto, Arben: *The history of Albania-from its origins to the present day*, Routledge & Kegan Paul, London, Boston, Henley 1981, s. 199-200.

<sup>48</sup> Fatos, Lubonja: Between the Glory of a Virtual World and the Misery of a Real World, i: Schwandner-Sievers, Stephanie og Fischer, Bernd J.: *Albanian Identities – Myth and History*, Hurst & Company, London 2002.

<sup>49</sup> Om tidlege grupper: Pollo, Stefanaq og Puto, Arben: *The history of Albania-from its origins to the present day*, Routledge & Kegan Paul, London, Boston, Henley 1981, s. 214 og Logoreci, Anton: *The Albanians*, Victor Gollancz Ltd., London 1977, s. 71. Om opprettinga av partiet: Pollo, Stefanaq og Puto, Arben: *The history of Albania-from its origins to the present day*, Routledge & Kegan Paul, London, Boston, Henley 1981, s. 230-231.

<sup>50</sup> Vickers, Miranda: *The Albanians- A Modern History*, I.B. Tauris, London, New York 1995, s. 146.

slik diskreditert seg sjølv. Dei breie lag av folket, stort sett fattige bønder, hadde litra interesse i å returnera til situasjonen i mellomkrigstida, då dei vart utnytta av store landeigarar.

Landeigarane på si side var ofte anten knytt til Zog, eller som nokre av dei, til samarbeid med okkupantane.<sup>51</sup> Dei andre motstandsrørslene leid same skjebne, anten reelt eller i alle høve i propagandaen til AKP. Hjå dei interne fiendane til AKP fann ein slik mål som breie lag av folket ikkje ville ha, og hjå dei allierte fann ein m.a. støtte til greske krav på grenseendringar.<sup>52</sup> Slik kom AKP, som leiarar for den nasjonale frigjeringsfronten, til makta med støtte hjå store delar av folket, til dels for sine sosiale saker, men framfor alt til sine nasjonale saker, det vil seie, som frigjerarar av Albania.

### Bulgaria og det bulgarske kommunistpartiet før maktovertakinga

Det bulgarske politiske livet gjekk gjennom fleire kupp i mellomkrigstida, og frå midten av 1930-talet var Bulgaria eit diktatur. Med Bulgaria sin internasjonale posisjonering i andre verdskrig hadde ei rekke politiske grupperingar øydelagt sitt rykte, og det var desse kreftane som var lettast for kommunistane å fjerna etter andre verdskrig. Sidan første verdskrig hadde derimot agrarunionen vore ein reell konkurrent for kommunistane. Med antikrigshaldning og sosiale saker hadde agrarunionen vore ein større politisk aktør enn kommunistane var, men kupp, splittingar i partiet og undertrykking under diktaturet hadde gjort at agrarunionen ikkje spelte ei rolle i politikken tilsvarande støtta dei hadde i folket. På trass av dette var agrarunionen den sterkeste konkurrenten til kommunistane etter krigen. Men støtta som kommunistane fann i den raude armé, sette dei i stand til å nøytraliserer hæren, og plassera sine eigne i viktige politiske stillingar, noko som gjorde det mogleg å gå til åtak på Agrarunionen. Men i motsetnad til situasjonen i Albania og Jugoslavia, fanst det altså politiske aktørar i Bulgaria etter krigen som ikkje hadde diskreditert seg sjølv moralsk eller politisk gjennom kollaborasjon eller tilknyting til diktatur. Dermed vart prosessen med ein fullstendig maktovertaking etter høva lang i Bulgaria, og varte frå 1944 til 1948.<sup>53</sup>

Partiet sjølv hadde gått gjennom ein utviklingsprosess, ifrå ein doktrinær revolusjonær line, der dei nekta samarbeid med andre parti, sjølv då dei hadde ein reell moglegheit til å delta i regjering, ei line dei heldt fram med på trass av Komintern-oppmodingar om

<sup>51</sup> Pollo, Stefanaq og Puto, Arben: *The history of Albania-from its origins to the present day*, Routledge & Kegan Paul, London, Boston, Henley 1981, s. 238.

<sup>52</sup> Logoreci, Anton: *The Albanians*, Victor Gollancz Ltd., London 1977, s. 74.

<sup>53</sup> Kossev, D., Hristov, H. og Angelov, D.: *A Short History of Bulgaria*, Foreign Language Press, Sofia 1963, s. 413.

folkefronttaktikk i 1920. Bortsett frå dette følgde partiet Komintern si line nøyne, og såg til Sovjetunionen for leiing. Etter ei periode med usemje i partiet i andre halvdel av 1920-talet, vart partiet igjen straumlinjeforma etter at den bulgarske kommunisten Georgi Dimitrov vart leiar for Komintern, og nytta si makt der til å rydda opp i tilhøva i det bulgarske partiet. Gjennom andre verdskrigen starta kommunistane fedrelandsfronten, og ei partisanrørsle, som jobba mot styresmaktene si støtte til aksemaktene. Medan fronten var ein politisk organisasjon med fleire antifascistiske parti, var dei lokale gruinene av fronten i stor grad leia av kommunistar. Sjølve kuppet, natt til 9. september 1944, der fronten tok makta vart mogleg fordi Zveno-partiet, eit parti i fedrelandsfronten, hadde kontaktar i militæret, samt at sovjetiske styrkar var på veg inn i Bulgaria.<sup>54</sup> Den 15. september 1946 vart Bulgaria erklært ein folkerepublikk.<sup>55</sup> Sjølv om kuppet var førebudd med streikar og sosial uro, var det ikkje ein stor folkeleg revolusjon. Men fedrelandsfronten klarte å skaffa seg eit rykte som antifascistisk og patriotisk, og med den raude hær i ryggen og ein stor partisanrørsle under si leiing klarte kommunistane å reinska fronten for politisk opposisjon. Kommunistane i Bulgaria hadde til tider hatt ein viss støtte hjå folket ved vala, men diktaturet og undergrunns- og eksilarbeid hadde redusert denne. Med andre verdskrig klarte dei derimot å auka sin støtte, basert på patriotisme gjennom partisanrørsla og antifascisme. Fordi dei andre eksisterande politiske partia, framfor alt agrarunionen, òg hadde støtte hjå folket, vart kommunistane nøydde til å nytta makt og illegale metodar for å fjerna desse.

Kommunistane tok over eit Bulgaria som hadde vore revisjonistisk, og hatt mål om å innlemma alle dei områda der det budde bulgararar. Særleg hadde dette gjelde Makedonia, og til tider det sørlege Dobrudsja. Kommunistane hadde på si side alltid vore imot krig for å vinna territorium, og hadde vunne støtte for dette, vel å merka etter tap i krigane.<sup>56</sup> Internt i Bulgaria var det dessutan ein stor tyrkisk minoritet, og fleire mindre. Medan den tyrkiske minoriteten utgjorde ein så stor del av folket, iflg. K.H. Karpat ca. 20 % av folket, at den ikkje utan problem for staten sin stabilitet kunne assimilerast eller deporterast, vart dette lagnaden for fleire av dei mindre minoritetane i mellomkrigstida, m.a. grekarar, rumenarar, m.fl.<sup>57</sup> Det var likevel òg freistinger, særleg i samband med krigane, då nasjonalisme og patriotisme syna seg meir enn elles, på å assimilera tyrkarane, ved konfiskering av land, endring av tyrkiske

---

<sup>54</sup> Bell, John D.: *The Bulgarian Communist Party from Blagoev to Zhivkov*, Hoover Institution Press, Stanford University, Stanford, California 1986, s. 76.

<sup>55</sup> Crampton , Richard J.: *Bulgaria*, Oxford University Press, Oxford, New York m.fl. 2007, s. 315.

<sup>56</sup> Sjå t.d.: Bell, John D.: *The Bulgarian Communist Party from Blagoev to Zhivkov*, Hoover Institution Press, Stanford University, Stanford, California 1986, s.18.

<sup>57</sup> Karpat, K.H.: *The Turks of Bulgaria: The History, Culture and Political Fate of a Minority*, The Isis Press, Istanbul 1990, s. 3.

stadnamn til bulgarske, oppfordra emigrasjon, og til tider tvungen endring av tyrkiske personnamn og klesstil.<sup>58</sup> Noko av bakgrunnen for både krigane for å utvida Bulgaria sine grenser og interne freistungar på å assimilera eller deportera minoritetar var grunna i at det bulgarske nasjonale sjølvbiletet innebar eit klart skilje mellom den tyrkiske dominansen under det ottomanske riket og den reine, etniske ”bulgarskheita” som skulle finnast att etter frigjeringa frå tyrkarane. Dermed vart framande element sett som hinder for å finna tilbake til det bulgarske, og assimileringa gjekk ut over ei rekke minoritetar, medan ein freista å utvida grensene til å inkludera alle bulgararar.<sup>59</sup>

Mellom utfordringane for BKP etter maktovertakinga var altså tilhøvet til bulgararar utanfor grensene, tilhøvet til minoritetar innanfor, og i samband med det ein ny nasjonal sjølvforståing, samt å auka si støtte i folket.

## Jugoslavia, jugoslavisme og det jugoslaviske kommunistpartiet før maktovertakinga

### JUGOSLAVISME 1918-1946

Ideen om at folkesлага i Bosnia-Herzegovina, Kosovo, Kroatia, Makedonia, Montenegro, Serbia, Slovenia og Vojvodina har noko som bind dei til kvarandre er gjerne kalla jugoslavisme. Denne ideen har ei lang historie og har teke mange formar, frå oppfatningar om at dei sørslaviske folkesлага er ein nasjon, til ei oppfatning om at dei er ulike nasjonar men bør ha ein sams stat på grunnlag av sams kultur og historie.<sup>60</sup> Ei gjennomgang av dei ulike formane for jugoslavisme som hadde nokon rolle i politikken mellom 1918 og 1946 vil gjera det lettare å forstå den følgjande delen om Jugoslavia og det jugoslaviske kommunistpartiet.

Like før og etter første verdskrig var dei fleste utdanna sørslavarane overtydde om at serbarar, kroatar og slovenarar, som var dei statskonstituerande folkesлага i Kongedømet av serbarar, kroatar og slovenarar, tilhøyrd ein og same nasjon. Eventuelle skilnadar vart refererte til som ”stammeskilnadar”. Hjå breie lag av folket var det derimot utbreidd lokal tilknyting, og dei utdanna som trudde på ideen om nasjonal einskap såg det difor som eit mål

<sup>58</sup> Neuburger, Mary: *The Orient Within – Muslim Minorities and the Negotiation of Nationhood in Modern Bulgaria*, Cornell University Press, Ithaca and London 2004, s. 57.

<sup>59</sup> Sjå mellom anna: Karpat, K.H.: *The Turks of Bulgaria: The History, Culture and Political Fate of a Minority*, The Isis Press, Istanbul 1990, s. 2-3.

<sup>60</sup> Om jugoslavismen sin historie og rørsler for sørslavisk samling før 1918, sjå t.d. framstillinga til Aleksa Djilas: Djilas, Aleksa: *The Contested Country – Yugoslav Unity and Communist Revolution, 1919-1953*, Harvard University Press, Cambridge og London 1991, s. 15-49.

å spreia ein sørslavisk nasjonalkjensle.<sup>61</sup> Gjennom 1920-talet var det semje hjå dei politiske aktørane om at det fanst nasjonal einskap, og politiske skiljelinjer følgde i hovudsak ulike grupperingar sine oppfatningar av om staten skulle vera sentralisert eller desentralisert.<sup>62</sup> Den serbiske politiske eliten som sat ved makta gjennom 1920-åra var sentralistar, og nokre av dei var i større grad interesserte i å integrera alle sørslavarane i den serbiske staten enn å integrera serbarane i ein sørslavisk stat.<sup>63</sup> Dette gjaldt i alle høve politisk, på det kulturelle planet var det ikkje store freistinga på å ”serbifisera” dei ikkje-serbiske innbyggjarane.<sup>64</sup> Serbiske politikarar var delte i synet på staten, der ein del, mellom anna det radikale partiet som hadde stor representasjon i nasjonalforsamlinga, var for serbisk hegemoni, medan ein annan del var for likskap mellom folkegruppene.<sup>65</sup> I det heile var sentralisme og statsbygging prioritert, medan nasjonsbygging hamna i bakleksa gjennom 1920-åra.<sup>66</sup> Dermed vaks det ikkje fram nokon utbreidd jugoslavisk identitet hjå folket. Styresmaktene sin sentraliserande politikk drog i retning av serbisk hegemoni, noko som leidde til at andre nasjonale grupper kom i forsvarsposisjon, og motarbeida staten. Kroatane, som den største av desse nasjonane, vart dei fremste forkjemparane for desentralisering av makta.

Kommunistane var positive til den nye staten, og støtta òg ideen om nasjonal einskap, på trass av at dette var paradoksalt: Ideen om nasjonalt einskap, og støtta til samlinga av ”nasjonen”, var jo i praksis nasjonalisme, som kommunistane skulle kjempa mot. For kommunistane representerte derimot samlinga av staten og sørslavarane ein samansmelting av landområde og folk til ei større eining, som var positivt. Nasjonal einskap var både nasjonalistisk og i tråd med internasjonalismen.<sup>67</sup>

Kong Aleksandar oppretta eit kongeleg diktatur i 1929, for å bøta på politisk uro mellom sentralistar og deira motstandarar. Kongen freista å skapa eit ”meir jugoslavisk” Jugoslavia, og forbod mot ”særnasjonale”, dvs. ikkje heil-jugoslaviske, parti, opprettning av jugoslaviske organisasjonar som erstatta særnasjonale, og omorganisering av staten følgde.

---

<sup>61</sup> Avsnittet så langt: Wachtel, Andrew Baruch: *Making a Nation, Breaking a Nation – Literature and Cultural Politics in Yugoslavia*, Stanford University Press, Stanford, California 1998, s. 69.

<sup>62</sup> Djokić, Dejan(red): *Jugoslavism – Histories of a Failed Idea 1918-1992*, The University of Wisconsin Press, Madison, Wisconsin 2003, s. 141.

<sup>63</sup> Ifølgje: Wachtel, Andrew Baruch: *Making a Nation, Breaking a Nation – Literature and Cultural Politics in Yugoslavia*, Stanford University Press, Stanford, California 1998, s. 73.

<sup>64</sup> Wachtel, Andrew Baruch: *Making a Nation, Breaking a Nation – Literature and Cultural Politics in Yugoslavia*, Stanford University Press, Stanford, California 1998, s. 73.

<sup>65</sup> Djilas, Aleksa: *The Contested Country – Yugoslav Unity and Communist Revolution, 1919-1953*, Harvard University Press, Cambridge og London 1991, s. 30.

<sup>66</sup> Wachtel, Andrew Baruch: *Making a Nation, Breaking a Nation – Literature and Cultural Politics in Yugoslavia*, Stanford University Press, Stanford, California 1998, s. 94.

<sup>67</sup> Avsnittet: Banac, Ivo: *The National Question in Yugoslavia – Origins, History, Politics*, Cornell University Press, Ithaca og London 1984, s. 337-338.

Resultata var få, kroatane såg kongen sin jugoslavisme som ein trussel mot sin nasjonale identitet og var framleis i forsvarsposisjon.<sup>68</sup> Med tida kom òg mange serbiske politikarar til å mislikja fråveret av parlamentarisk demokrati, og diktaturet klarte ikkje å skapa større jugoslavisk nasjonalkjensle. Det er mellom anna hevda at mangelen på samlande nasjonale myter var ein av grunnane til at denne nasjonalkjensla ikkje vaks fram<sup>69</sup>, og når ein under diktaturet nytta ei rekkje serbiske nasjonale myter som sams for heile Jugoslavia, bidrog dette berre til å auka nasjonale skiljelinjer i politikken. Slik vart ideen om nasjonal einskap mindre og mindre utbreidd idet 1930-talet gjekk mot slutten. Det fanst partikularistiske nasjonalistrørsler som motarbeida staten og kravde eigne nasjonalstatar, som dermed var imot ideen om nasjonalt einskap frå opprettinga av staten, og fleire vaks fram under diktaturet.

Kommunistane gjekk imot styresmaktene og kjempa for oppløysing av staten mellom 1924 og 1935, men det var ut frå oppfølging av Komintern sine liner, der nasjonale friksjonar kunne skapa revolusjonære situasjonar. Hjå dei jugoslaviske kommunistane sjølv derimot var det ikkje eit utbreidd ønske om å faktisk oppløysa staten. Det jugoslaviske kommunistpartiet (JKP) var frå starten eit jugoslavisk parti, som var imot mellomnasjonalt hat.<sup>70</sup> Frå 1935 av jobba dei for å endra Jugoslavia, ikkje for å oppløysa det. JKP gjekk òg vekk frå ideen om nasjonalt einskap, og dermed kom jugoslavisme for dei til å verta ein form for jugoslavisk internasjonalisme. Denne var imot partikularistisk nasjonalisme, forfekta jugoslavisk patriotisme, og var kompatibel med kommunistisk internasjonalisme.<sup>71</sup> Opprettinga av ein føderasjon etter andre verdskrig gav kvar nasjon ”sitt” område, men partikularistiske nasjonalistiske ytringar var forbode. Den føderale modellen var slik meint å sikra nasjonane likskap, ikkje å dela opp staten. Kommunistane var ihuga ”jugoslavistar”.

Gjennom heile perioden frå 1918 til 1946 var det grupper som fall utanfor kategorien ”sørslavisk” innan den jugoslaviske staten. Makedonarane vart sett som sør-serbarar, og korkje nasjonen eller språket deira vart anerkjend før etter andre verdskrig, men i likskap med dei bosniske muslimane vart dei rekna som slavarar. På den andre sida var kosovoalbanarane ikkje slavarar, heller ikkje ei lang rekkje andre minoritetar. Freusting på fordriving av albanarane i Kosovo var eit døme på korleis desse gruppene vart utsett for ulike typar

---

<sup>68</sup> Djokić, Dejan(red): *Jugoslavism – Histories of a Failed Idea 1918-1992*, The University of Wisconsin Press, Madison, Wisconsin 2003, s. 150.

<sup>69</sup> Djokić, Dejan(red): *Jugoslavism – Histories of a Failed Idea 1918-1992*, The University of Wisconsin Press, Madison, Wisconsin 2003, s. 151.

<sup>70</sup> Djilas, Aleksa: *The Contested Country – Yugoslav Unity and Communist Revolution, 1919-1953*, Harvard University Press, Cambridge og London 1991, s. 102.

<sup>71</sup> Djilas, Aleksa: *The Contested Country – Yugoslav Unity and Communist Revolution, 1919-1953*, Harvard University Press, Cambridge og London 1991, s. 165.

undertrykking, som eit resultat av styresmaktene sitt arbeid med å skapa ein sørslavisk stat for ein sørslavisk nasjon.<sup>72</sup>

## JUGOSLAVIA OG DET JUGOSLAVISKE KOMMUNISTPARTIET FØR MAKTOVERTAKINGA

Som i fleire av nabolanda hadde parlamentarismen feila å fungera i Jugoslavia, og dette var grunnen til at kong Aleksandar oppretta eit kongeleg diktatur i 1929. Nasjonale skilnader i eit land som ved opprettninga vart sett på som ein ein-nasjonsstat, hadde sett dei politiske partia på kant med ein annan. Medan det kongelege diktaturet kom med nye vallovar og rettar for kongen til å styra mykje av politikken, heldt han fram det parlamentariske livet, og fleire av dei politiske partia heldt fram med å delta i regjeringar under diktaturet. På trass av kongen sine intensjonar, klarte han likevel ikkje løysa opp dei nasjonale skilnadane. Fram mot andre verdskrig styrte regjeringa landet inn i krigen på aksemaktene si side, men då dei signerte trepartspakta tok militærret grep, gav makta til kong Petar, og erklærte landet nøytralt. Den tyske invasjonen kom berre dagar seinare. Så, med unntak av denne siste manøveren, hadde dei politiske partia og monarkiet i Jugoslavia syna seg udemokratiske, ute av stand til å finna varige løysingar i politikken, og dei hadde freista å leia landet inn i andre verdskrig på aksemaktene si side.

I tillegg til kommunistpartiet, som hadde vorte gjort ulovleg i 1921, fann ein òg Ustasjarørsle på utsida av det politiske livet.<sup>73</sup> Rørsla kjempa for ein kroatisk stat, og dei nådde det målet under andre verdskrig, i samarbeid med invasjonsstyrkane. Dei nytta makta si i den nye staten til å驱 etnisk reinsking av serbarar og andre ikkje-kroatar, og slik kompromitterte dei ikkje berre seg sjølve, men òg ideen om ein egen kroatisk stat i mange år framover. I det heile var nasjonalismen i Jugoslavia før andre verdskrig intern, det vil seie, den syna seg som mellomnasjonale skilnader i politikken, med krav om større rolle for dei ulike nasjonane og ein stadig mindre semje om at det fanst nasjonalt einskap. Under andre verdskrig syna skilja seg i mellomnasjonal krigføring og terror. Eksternt var Makedonia eit av dei få områda utanfor, der jugoslaviske styresmakter meinte det fanst jugoslavar, styresmaktene såg makedonarane som sør-serbarar.

Kommunistane hadde halde seg unna tilknytingar til diktatur og invasjonsstyrkar. Kommunistane i Jugoslavia hadde klart å gjera seg kjende som ein politisk aktør ved vala til

<sup>72</sup> Om styresmaktene sine freistingar på å senda kosovoalbanarar ut av staten, sjå: Benson, Leslie: *Jugoslavia: A Concise History*, Palgrave, Basingstoke og New York 2001, s. 67-68.

<sup>73</sup> Singleton, Fred: *A Short History of the Yugoslav Peoples*, Cambridge University Press, Cambridge m. fl. 1985, s. 158.

grunnlovsforsamling då staten vart oppretta, men etter å ha organisert opprør og politisk mord, vart partiet gjort ulovleg. Partiet byrja då undergrunnsarbeid, og i likskap med dei rumenske kommunistane, følgde dei opp Komintern si line om oppløysing av staten, noko som leidde til forfølging av kommunistar frå staten si side. Dessutan følgde kommunistane ein doktrinær line, der dei ikkje var opne for å nytta det nasjonale spørsmålet, eller å knyta seg til bøndene dei første åra, og då dei byrja å nytta det nasjonale spørsmålet, var det som ein del av Komintern sin klassekamptaktikk, og dermed for oppløysing av staten. Resultatet vart låg oppslutnad og støtte hjå folket, samt forfølging. Då Komintern gjekk over til folkefronttaktikk på midten av trettitalet, og Tito byrja straumlineforminga av partiet, gjekk partiet frå eit lite parti med ein laus organisasjon til ein hierarkisk oppbygd organisasjon, med eit nettverk som dekte heile Jugoslavia.

Det var dette nettverket som sette kommunistane i stand til å setja opp ein effektiv motstandsorganisasjon under andre verdskrigen. Frå midten av trettitalet hadde partiet og byrja å framstilla seg som ein jugoslavisk patriotisk organisasjon, med klare antifascistiske saker. Som leiarane for motstandsrørsla, som vart ein stor, folkeleg rørsle i Jugoslavia, vann partiet mykje støtte gjennom krigen, og med dei andre politiske kraftene sine assosiasjonar til diktatur og invasjon vart det ein rask prosess å få ”reinska” det politiske livet for opponentar. Kommunistane i Jugoslavia kom slik til makta, lik kommunistane i Albania, med stor støtte i folket for sin patriotiske innsats for å frigjera landet, samt i mindre grad sine sosiale saker. Men det jugoslaviske kommunistpartiet hadde dei ein ekstra faktor, dei hevda å ha ein løysing på det nasjonale spørsmålet, noko ingen andre politiske aktørar hadde syna seg i stand til å finna.

## Romania og det rumenske kommunistpartiet før maktovertakinga

Romania sine vinningar etter første verdskrigen leidde til positive kjensler for styresmaktene hjå folket. Romania hadde i stor grad oppnådd det fleire av nabolanda drøymde om men ikkje klarte, å samla alle rumenarar innafor staten sine grenser. Medan kongen og regjeringa låg band på mellom anna kommunistisk verksemd, klarte det parlamentariske livet seg fram til eit kongeleg diktatur vart oppretta i 1938.<sup>74</sup> Men diktaturet og tilknytinga til aksemaktene, og særleg dei rumenske styrkane sine aksjonar på tysk side utanfor Romania vart ikkje teke godt

<sup>74</sup> Kommunistpartiet vart ulovleggjort i 1924: Tismaneanu, Vladimir: *Stalinism for All Seasons – A Political History of Romanian Communism*, University of California Press, Berkeley, Los Angeles, London 2003, s. 56.

imot av folket. Mot slutten av krigen kom kongen, Mikael, til å vera ein støttespelar for dei kreftene som jobba mot general Ion Antonescu og deltakinga i krigen på aksemaktene si side. Likevel var monarkiet sverta av tilknytinga til aksemaktene. Dei politiske partia hadde vorte oppløyst i 1938, og hadde slik unngått å vera knytt til krigsinnssatsen.<sup>75</sup> Dermed kunne dei ha sett i gang eit parlamentarisk liv att etter krigen, og dei byrja tidleg å ta del i det politiske spelet att. Men sovjetiske styrkar hadde invadert landet, og dermed kom kommunistane til å spela ei sentral rolle i utviklinga.

Det kommunistiske partiet hadde frå opprettinga i mai 1921 vore ein særsmarginal aktør i det politiske livet i Romania.<sup>76</sup> Forfølging frå staten si side hadde leidd til eit vanskeleg tilver, men kommunistane sjølv sørja for å gjera seg upopulære hjå folket.<sup>77</sup> Ved å følgja opp Komintern sine krav om å erklæra Romania for ein undertrykkjande stat og krevja opplysing av staten kjempa dei mot den samlinga av rumenarane som folket jubla for etter første verdskrig.<sup>78</sup> Som ein følgje av forfølginga av partiet var delar av partiet i fengsel og andre i eksil under andre verdskrig. Uansett var partiet særsmarginalt, og det var plasseringa av store sovjetiske styrker i Romania som leidde dei andre partia til å samarbeida med kommunistane. Med sin nyvunne rolle i politikken byrja eit hektisk arbeid med å vinna støtte i folket. Propaganda for partiet si antifascistiske side saman med pressmidilar leidde til auka støtte.<sup>79</sup> Mellom anna tok RKP kontroll over kantiner og rasjonering, og dermed tilgjenge til mat for arbeidarar. I dei politiske krinsane vart samordna framstøyt mellom partiet og dei sovjetiske styrkane nytta til å pressa ut politiske motstandarar og sikra viktige postar for kommunistane. Samstundes vart dei rumenske ordens- og militærmaktene bygt ned, slik at eventuelle politiske opponentar ikkje hadde noko maktmiddel å nytta mot kommunistane. Med den rauda armé i ryggen kunne dermed RKP ta fullstendig kontroll over statsapparatet, og innan 1948 hadde dei fjerna alle dei andre politiske partia. Partiet sin minimale storleik og avgrensa støtte i folket kan ha vore ein av grunnane til at Sovjetunionen let store styrkar stå i

<sup>75</sup> Georgescu, Vlad: *The Romanians – A History*, Ohio State University Press, Columbus 1991, s. 196-197.

<sup>76</sup> Om stiftinga av RKP: Tismaneanu, Vladimir: *Stalinism for All Seasons – A Political History of Romanian Communism*, University of California Press, Berkeley, Los Angeles, London 2003, s. 44-50, og Deletant, Dennis: *Romania Under Communist Rule*, The Center for Romanian Studies, Iași/Oxford/Portland 1999, s.10-11.

<sup>77</sup> Deletant, Dennis: *Romania Under Communist Rule*, The Center for Romanian Studies, Iași/Oxford/Portland 1999, s. 15.

<sup>78</sup> Tismaneanu, Vladimir: *Stalinism for All Seasons – A Political History of Romanian Communism*, University of California Press, Berkeley, Los Angeles, London 2003, s. 52-3.

<sup>79</sup> Tismaneanu, Vladimir: *Stalinism for All Seasons – A Political History of Romanian Communism*, University of California Press, Berkeley, Los Angeles, London 2003, s. 87.

Romania så lenge, samt at Sovjetunionen sine styrkar der òg sette press på nabolanda sine styresmakter. I alle høve vart dei verande til 1958.<sup>80</sup>

Etter andre verdskrig vart Bessarabia lagt under Sovjetunionen, og Romania mista dermed den samlinga av nasjonen i ein stat som dei hadde oppnådd etter første verdskrig. Men på trass av irredentisme i Bessarabia var det ikkje rom for dei rumenske kommunistane til å krevja grenseendringar frå sine kommunistiske verjar. Derimot vart Transylvania verande på rumenske hender, og slik vart ein ungarsk minoritet verande innafor grensene.

---

<sup>80</sup> For legitimering og omfang av plasseringa av sovjetiske styrkar i Romania, sjå: Verona, Sergiu: *Military Occupation and Diplomacy – Soviet Troops in Romania, 1944-1958*, Duke University Press, Durham og London 1992.

## Del 2 – Nasjonalisme hjå kommunistiske styresmakter på Balkan

Kommunistpartia sine framstillingar av nasjonen medan dei sat ved makta

Framstillinga av eit bilet av kven og kva nasjonen var hjå dei kommunistiske regima på Balkan var i stadig endring gjennom den perioden dei sat ved makta. Det er likevel mogleg å identifisera hovudtrekk i desse utviklingane og slik syna kva som vart sentralt i regima sine bilet av nasjonane i dei fire landa. Ein faktor som kompliserar biletet er kommunistane sine forståingar av sosialistisk samhald og nasjonalt samhald, som ofte kryssa kvarandre. Dei kommunistiske leiingane måtte finna måtar å framstilla nasjonen på som var i tråd med deira marxist-leninistiske ideologi. I dei nye framstillingane av nasjonen var det naudsynt å ta omsyn til at det allereie eksisterte oppfatningar av nasjonen hjå folket i dei ulike landa. Slik kom nasjonsbileta til kommunistane til å verta påverka av eksisterande nasjonsforståing og marxist-leninistisk ideologi, og dei endringane som framstillingane av nasjonen gjekk gjennom, var ofte prega av at ein av desse påverknadane fekk meir eller mindre å seia i høve til den andre.

Medan nasjonsforståinga i dei ulike landa var skapt over lang tid og hadde fotfeste hjå folket, representerte dei kommunistiske styresmaktene sine program noko nytt, eit brot med tidlegare samfunnsordningar og nasjonsforståingar. Kommunistane kunne ikkje over natta fjerna tilknytingar til tidlegare nasjonsforståing, og sidan marxisme-leninismen opna for ”nasjonale former” så lenge dei hadde ”sosialistisk innhald”, var det heller ikkje noko umiddelbart mål å utsletta nasjonal tilknyting. Men dei nye styresmaktene kunne ikkje akseptera framhald i eksistensen av det dei såg som reaksjonære eller bakstreberske delar av nasjonsforståinga. Kommunistpartia sine framstillingar av nasjonane hadde slik fleire funksjonar. Ved å syna korleis historia hadde – ”uunngåeleg” – leidd til kommunistane si maktovertaking og skipinga av sosialistiske samfunn, knytte dei seg til nasjonal historie og nytta den til å prova sine rettar til makta. Denne taktikken hadde fleire fordelar, den bygde bru over brotet mellom den føydale eller kapitalistiske fortida og den sosialistiske samtida og framtida, den fungerte som eit ledd i ein legitimerande myte for partia, og den henta element frå nasjonane sine historier som gjorde at dei nye regima vart mindre ”framande” for folka. Dermed kom kommunistane til å ikkje berre vera selektive når dei framstilte historiske hendingar, men òg å tolka historiske hendingar på nytt, til sin fordel.

Men særleg bruken av fortida hadde implikasjonar for dei nasjonsbileta som vart skapte. Særleg i område der nasjonalitet var omdiskutert, men òg generelt, var tradisjonelle

fiendebilete sentrale i sjølvforståinga til nasjonane. Sidan marxist-leninistisk ideologi forfekta nasjonal likskap og var imot alle formar for undertrykking, vart slike fiendebilete, eller i alle høve idear om nasjonen i høve til ”andre” ein utfordring for dei nye regima. Gjennom å følgja eksisterande nasjonsforståingar, særleg grunna historia sine mange undertrykkjarar og krigar på Balkan, ville nasjonalt hat og undertrykking ha moglegheit til å halda fram. Ved å forfekta full likskap og fjerna undertrykking i alle formar i tråd med marxisme-leninismen, ville store delar av den eksisterande nasjonsforståinga måtte endrast, og nasjonsbileta basert på positive, interne kvalitetar, framfor skilnadar frå andre. Det var den marxist-leninistiske lina som vart freista av partia i utgangspunktet.

For å fjerna fiendebileta og nasjonalt hat vart tidlegare undertrykking, krigar og usemjer knytt til klassefiendar, reaksjonære styresmakter og liknande, som jo var fiendane i den marxist-leninistiske ideologien. I framstillinga av nasjonane vart desse, klassefiendane, og kapitalistiske statar, dei nye fiendebileta, dei nye ”andre”, som ein til dels definerte ”sjølv” dvs. nasjonen, ut frå. Men desse nye fiendebileta krev ei ekstra forklaring. Klassefiendar var jo ”fiendane” til arbeidarklassa, og dei kapitalistiske statane ”fiendane” til sosialistiske statar. Dei var ikkje fiendar av nasjonar. Ei forklaring på bruken av desse fiendebileta i høve til nasjonen finnast i retorikken til regima. Arbeidarklassa si rolle i marxisme-leninismen vart ofte gjeve til nasjonen etter maktovertakingane. Med sosialismen såg styresmaktene gjerne for seg at klassane forsvann, og dei jobba aktivt for å skapa eit klasselaust samfunn. Sjølv om det ville ta tid å fjerna klasseskilnadar heilt, vart klasseskilnader ikkje sett som ein faktor å rekna med i eit sosialistisk samfunn. Dermed vart nasjonane ofte kalla sosialistiske nasjonar, og nasjonen eller folket vart gjeve rolla til klassa, og dermed vart klassefiendar i framstillingane til regima fiendane til dei sosialistiske nasjonane. Overgangen frå å vera arbeidarklassa sine parti, til å verta nasjonane sine, var òg ei følgje av at arbeidarklassene var relativt små i høve til den delen av folket som arbeida innan jordbruk. I konsolideringa av si nyvunne makt måtte partia difor appellera til fleire enn arbeidarklassa. I tillegg spelte den folkelege sida ved motstandsrørlene inn der desse fanst, samt ein freistung på å få størst mogleg del av folket til å ta del i ”framtida”, bygginga av sosialismen.

Nasjonane sin blotte eksistens inneber òg eksistensen av avgrensing av nasjonen. Eit sentralt spørsmål i framstillinga av brukbare bilete av nasjonen vart dermed rolla til nasjonane i nabolanda og nasjonale minoritetar under sosialismen. Kven hadde sin plass i nasjonen, kven hadde ikkje, og kva rolle skulle dei utanforståande ha? Dei ulike landa hadde ulike, og stadig endra framstillingar av nasjonen, og av rolla til dei som ikkje var del av denne.

Fordi nasjonen er nær på allstadnærverande, gjennom språk, kultur, tradisjonar, skikkar, historie, osv., vart nasjonsframstillingane påverka av dei kanalane som partia nytta til å fremja sine framstillingar. Medan kommunistane freista å kontrollera eller i alle høve leggja føringar på nær på alle delar av samfunnet, og slik fremja si framstilling av nasjonen innan alle delar av det, var dei nøydde til å støtta seg på ei rekkje aktørar innan ulike felt for å gjennomføra dette. I ein del tilfelle leidde dette til diskusjonar om sider ved nasjonsframstillinga til regima, som ofte tok form av diskusjonar innan eit særskild felt, t.d. historieforskning eller litteratur, og i ein del tilfelle fekk desse diskusjonane følgjer for nasjonsframstillinga til regimet. Så sjølv om regima sette fast ein del ”sanningar” om nasjonen og den nasjonale historia, var desse ofte resultat av diskusjonar, eller opna for diskusjonar ved andre sider ved nasjonsframstillinga. Mellom anna skriv Fatos Lubonja om det albanske regimet sin evne til å ”frysa” sanningar, og nyttar som døme at det var diskusjonar rundt opphavet til albanarane fram til Enver Hoxha erklærte at dei stamma frå illyrarane, og etter det var det ingen som diskuterte dette meir.<sup>81</sup> På den andre sida syner Katherine Verdery korleis Ceaușescu-regimet i Romania sin bruk av nasjonal diskurs opna for bruken av ein nasjonal diskurs hjå dei intellektuelle i Romania, både innafor og utanfor partiet, og korleis dette gav rom for diskusjonar om nasjonen som partiet berre kunne freista å leggja føringar på. Men sidan partiet støtta seg på dei intellektuelle innan partiet for å skapa nasjonsframstillingane, fekk desse intellektuelle dominans over meiningsinnhaldet i den nasjonale diskursen.<sup>82</sup> Desse døma syner korleis regima, og kanskje særleg den øvste leiinga, her representert ved Hoxha, kunne fastsetja enkelte ”sanningar” om nasjonen, som deretter vart meir eller mindre tabu å diskutera, men korleis det totale biletet av nasjonen likevel ikkje var fullstendig kontrollert av regima. Døma som følgjer er å oppfatta som dei grove trekka i utviklinga av framstillingane av nasjonen hjå dei fire regima.

I Albania fanst det ein del skiljeliner som det kommunistiske regimet ville fjerna. I tida frå opprettinga av staten til den kommunistiske maktovertakinga hadde eit visst kollektivt medvit vorte skapt, som hadde auka forståinga i folket av å vera del i den albanske nasjonen i tillegg til lokale stammar, ei utvikling som hadde byrja med den ”nasjonale oppvakninga” då

---

<sup>81</sup> Lubonja, Fatos: Between the Glory of a Virtual World and the Misery of a Real World, i: Schwandner-Sievers, Stephanie og Fischer, Bernd J. red.: *Albanian Identities – Myth and History*, Hurst & Company, London 2002, s. 96.

<sup>82</sup> Verdery, Katherine: *National Ideology under Socialism – Identity and Cultural Politics in Ceaușescu's Romania*, University of California Press, Berkely/Los Angeles/Oxford 1991, s. 124.

Det ottomanske riket byrja å gå i oppløysing på slutten av 1800-talet.<sup>83</sup> Likevel fanst det skilje, særleg mellom Tosk-stammene i sør og Gheg-stammene i nord som mellom anna hadde ulike skriftspråk. Storparten av AKP-leiarane tilhøyrde Tosk-stammene, og ein eining av skriftspråka kom snart i stand, som i røynda var ein inkorporering av Gheg-skriftspråket i Tosk-skriftspråket, der Tosk, med berre små endringar vart det nye skriftspråket.<sup>84</sup> Det vart avgjort av det albanske forfattar forbundet i 1952 at publikasjonar berre ville finnast med Tosk-skriftspråk.<sup>85</sup> Eininga var, ifølgje Arshi Pipa, "...allegedly patriotic: a unified language cements national awareness."<sup>86</sup>, men som Pipa held fram "...a political stratagem devised to perpetuate the cultural hegemony of a minority part of the nation over the rest."<sup>87</sup>

Mellom dei andre skilja var religion, som AKP-leiinga såg som eit hinder for utviklinga av eit sosialistisk medvit. Etter andre verdskrig var det ca. 70% muslimar, 17% ortodokse kristne og 10% katolikkar i Albania.<sup>88</sup> Under ottomansk styre hadde religiøs tilknyting vore sentralt i sjølvidentifisering, meir enn etniske identitetar. Ikkje berre var marxisme-leninismen negativ til religion, men religiøse skilje vart òg oppfatta av AKP som eit trugsmål mot ein samla nasjon. Difor byrja regimet tidleg å motverka religiøse institusjonar, og i 1967 vart all religiøs aktivitet forbode.<sup>89</sup>

Både åtaka på religion og eininga av språket representerte, moglegvis i tillegg til andre motiv, freistingar på å eina nasjonen. Trongen til å eina nasjonen var grunna i både den internasjonale situasjonen til Albania, og i sentrale myter hjå den albanske nasjonen, nemleg historiske, demografiske eller territoriale krav frå nabolanda.<sup>90</sup> I situasjonen etter andre verdskrig gjaldt dette særleg greske ekspansjonsplanar som inkluderte Sør-Albania, der det fanst ein gresk minoritet. Frå albansk nasjonalisme byrja å oppstå, hadde det vore ein sentral faktor å halda albanske område saman, for å unngå deling mellom Serbia i nord og Hellas i

<sup>83</sup> Lubonja, Fatos: Between the Glory of a Virtual World and the Misery of a Real World, i: Schwandner-Sievers, Stephanie og Fischer, Bernd J. red.: *Albanian Identities – Myth and History*, Hurst & Company, London 2002, 91-2.

<sup>84</sup> Vickers, Miranda: *The Albanians – A Modern History*, I.B.Tauris, London/New York 1995, s. 164-5.

<sup>85</sup> Pipa, Arshi: *The Politics of Language in Socialist Albania*, East European Monographs, Boulder, New York 1989, s. 4.

<sup>86</sup> Pipa, Arshi: *The Politics of Language in Socialist Albania*, East European Monographs, Boulder, New York 1989, s. 97.

<sup>87</sup> Pipa, Arshi: *The Politics of Language in Socialist Albania*, East European Monographs, Boulder, New York 1989, s. 98.

<sup>88</sup> Poulton, Hugh: *The Balkans – Minorities and States in Conflict*, Minority Rights Group, London 1991, ny utgåve 1993, s. 193.

<sup>89</sup> Poulton, Hugh: *The Balkans – Minorities and States in Conflict*, Minority Rights Group, London 1991, ny utgåve 1993, s. 196-7.

<sup>90</sup> Poulton, Hugh: *The Balkans – Minorities and States in Conflict*, Minority Rights Group, London 1991, ny utgåve 1993, s. 197, og Lubonja, Fatos: Between the Glory of a Virtual World and the Misery of a Real World, i: Schwandner-Sievers, Stephanie og Fischer, Bernd J. red.: *Albanian Identities – Myth and History*, Hurst & Company, London 2002, s. 91-2.

sør, og slik unngå assimilering av det albanske folket. Dermed kom sjølvstende og fridomskamp til å verta sentrale element i det nasjonale kollektive medvitet i Albania. Dette vart nytta av AKP i deira framstillingar av nasjonen og den nasjonale historia.

Fridomskamp-mytane kunne lett knytast til den nyleg avslutta fridomskampen til den nasjonale frigjeringsfronten, leia av AKP. Partisankrigen vart framstilt som ein, og den nyaste, av fire sentrale hendingar i albansk historie. Den vart knytt saman med illyrarane sine kampar mot romerske invasjonar, Skanderbeg, den nasjonale helten, sin frigjering av Albania frå ottomansk styre, og den albanske ”nasjonale oppvakninga” sine frontfigurar sin kamp for albansk sjølvstende. Heltane i desse historiene vart nytta i litteratur og kunst, og det var Skanderbeg og Enver Hoxha som fekk mest plass i kulturen.<sup>91</sup>

Eininga av nasjonen gjennom nedbryting av skiljelinjer og samling mot sams fiendar var eit viktig mål for AKP-leiarskapen. Fiendebileta i den nye nasjonsforståinga vart dermed alle tenkelege krefter som kunne verka splittande på nasjonen eller staten. Som nemnt var Serbia og Hellas mellom dei tradisjonelle fiendane, og dei fekk selskap av nazistar og fascistar, samt kapitalistiske land. Den siste kategorien var meir ein realitet i Albania enn ein kommunistisk myte, då USA og Storbritannia trena og sende inn grupper av særleg tidlegare Balli Kombetar- og Zog-tilhengjarar for å fella Hoxha mellom 1947 og 1952.<sup>92</sup> Religion var som nemnt ein sentral ”fiende”, og først og fremst religionar med hovudkvarter utanfor Albania, som katolsk kristendom, men etter kvart altså all religion. Likevel anerkjende Albania sine minoritetar, og gav minoritetsrettar til grekarane i Sør-Albania og makedonarane, men det vart gjort klare freustingar på å avgrensa politiske uttrykk frå minoritetane, og å avgrensa synlege uttrykk på å vera noko anna enn albansk. Framstillinga av albanarane som ein samla eining som stod imot press frå utsida hadde ikkje spelerom for mykje interne skilnadar, og medan dette fekk følgjer for heile folket, gjekk det særleg utover minoritetane, som eg skal syna seinare.<sup>93</sup>

I tillegg til å framstilla nasjonen som ein samla eining av fridomskjempande albanarar, truga ”på alle kantar”, freista AKP å gje seg sjølve ein leiarstilling i høve til nasjonen i framstillingane. Lubonja syner korleis særleg diktaren Ismail Kadare vart ein ekspONENT for samansmeltinga av nasjonale og kommunistiske ideal, og gjer eit døme gjennom dikttolking der det albanske folket vert framstilt som lidande gjennom historia, men med innslag av

<sup>91</sup> Avsnittet: Lubonja, Fatos: Between the Glory of a Virtual World and the Misery of a Real World, i: Schwandner-Sievers, Stephanie og Fischer, Bernd J. red.: *Albanian Identities – Myth and History*, Hurst & Company, London 2002, s. 95.

<sup>92</sup> Vickers, Miranda: *The Albanians – A Modern History*, I.B.Tauris, London/New York 1995, s. 179.

<sup>93</sup> Poulton, Hugh: *The Balkans – Minorities and States in Conflict*, Minority Rights Group, London 1991, ny utgåve 1993, s. 203.

heroisme og motstand, men utan ein sterk leiar. Kommunistpartiet vart så framstilt som denne etterlengta leiaren, som no skulle驱iva ut alt det vonde (kapitalismen), og skapa ei rein albansk ”ånd”.<sup>94</sup> Medan Albania var tilknytt andre sosialistiske statar, inneheoldt dei kommunistiske nasjonale mytane ofte bilete av ein verje eller ”storebror”, men i tråd med aukande isolering vart desse tona ned og dei nasjonale og sosialistiske verdiane fremja, og igjen var fridomskamp og sjølvstende nyttige symbol på essensen i den albanske nasjonen.

Ein side ved den albanske framstillinga av nasjonen finn ein att i den bulgarske, nemleg synet på den ottomanske perioden som ein periode der nasjonen vart hindra i å utvikla seg av ein ekstern undertrykkjar. Nokre sentrale punkt for BKP i framstillinga av nasjonen var vidare den før-ottomanske historia, bulgarsk folklore, historia til den bulgarske sosialismen, som i motsetnad til den albanske hadde lange tradisjonar, og sosialistisk kultur, særskilt sovjetisk sosialistisk kultur.<sup>95</sup> På trass av ein relativt stor partisanrørsle, hadde ikkje dei bulgarske kommunistane hatt den same fridomskampen som dei albanske eller jugoslaviske, og difor fekk frigjeringa frå Det ottomanske riket ein mykje meir sentral rolle i den nasjonale historia enn andre verdskrig.<sup>96</sup> Denne frigjeringa vart ein sentral del av den bulgarske nasjonsframstilling tilnærma rolla til motstandskampen i den albanske framstillinga av nasjonen.

Frigjeringa frå Det ottomanske riket si sentrale rolle i nasjonsframstillinga hadde implikasjonar for ”fiendebileta” i nasjonsframstillinga. Det ottomanske riket, framstilt som undertrykkjar, hadde ein moderne etterfølgjar, Tyrkia, som knytte seg til vesten, og i tillegg til å vera eit kapitalistisk land, vart NATO-medlem i 1952.<sup>97</sup> Det ottomanske riket og Tyrkia som fiendebilete hang òg saman med skilnaden mellom ”det orientalske” og ”det europeiske” i nasjonen. I Bulgaria var biletet av ”det europeiske” syna som progressivt, i motsetnad til ”det orientalske”, som var bakstreborsk og måtte motarbeidast.<sup>98</sup> I likskap med biletet av Det ottomanske riket som eit hinder for bulgarsk nasjonal utvikling, vart grekarane, representert ved den gresk-ortodokse kyrkja, skulda for det same, ved hellenisering av bulgararar gjennom

<sup>94</sup> Lubonja, Fatos: Between the Glory of a Virtual World and the Misery of a Real World, i: Schwandner-Sievers, Stephanie og Fischer, Bernd J. red.: *Albanian Identities – Myth and History*, Hurst & Company, London 2002, s. 95, diktet som vert tolka er ”What are these Mountains Thinking About” frå 1966.

<sup>95</sup> Buchanan, Donna Anne, Ph.D: *The Bulgarian Folk Orchestra: Cultural Performance, Symbol, and the Construction of National Identity in Socialist Bulgaria*, The University of Texas at Austin 1991, s. 39.

<sup>96</sup> Buchanan, Donna Anne, Ph.D: *The Bulgarian Folk Orchestra: Cultural Performance, Symbol, and the Construction of National Identity in Socialist Bulgaria*, The University of Texas at Austin 1991, s. 41.

<sup>97</sup> Karpat, Kemal H.: Introduction: Bulgarian Way of Nation Building and the Turkish Minority, i: Karpat, K.H., red.: *The Turks of Bulgaria: The History, Culture and Political Fate of a Minority*, The Isis Press, Istanbul 1990, s. 4.

<sup>98</sup> Neuburger, Mary: *The Orient Within – Muslim Minorities and the Negotiation of Nationhood in Modern Bulgaria*, Cornell University Press, Ithaca and London 2004, s. 56.

greske skular under den ottomanske perioden.<sup>99</sup> Desse skulane var rett nok dei einaste som var tilgjengelege i området, men biletet av Hellas, som eit kapitalistisk naboland i moderne tid, fekk slik ”historiske røter” som fiendebilete.

Eit anna sentralt punkt i BKP sin framstilling av nasjonen var eining av nasjonen. Ved opprettinga av staten i 1878 hadde ideen om ein etnisk homogenitet i den bulgarske staten vore sentral.<sup>100</sup> Denne ideen vart helde fram ved at staten og nasjonen vart sett som synonym, Bulgaria var bulgararane og bulgararane var Bulgaria. Medan BKP i den første perioden etter maktovertakinga var sterkt knytt til Sovjetunionen, følgde dei opp den sovjetiske modellen i høve til det nasjonale spørsmålet. Minoritetsrettar vart nedfelt i grunnlova og særleg den store tyrkiske minoriteten fekk støtte til kulturelle institusjonar.<sup>101</sup> Men frå midten av 1950-talet endra synet på minoritetane seg, og i stadig større grad vart særleg dei muslimske minoritetane sett som bulgararar som hadde mista sin bulgarske identitet, og i stadig aukande grad vart eininga av ”nasjonen” gjort ved å fornekta eksistensen av minoritarar, på trass av tydelege fakta som syna det motsette. Ideen om etnisk homogenitet og dermed synonymitet mellom staten og nasjonen var dukka opp att. Tilbakekomsten av denne ideen hang saman med ein statspatriotisme som var synleg i alle landa, men i Bulgaria vart medlemskap i staten knytt saman med medlemskap i den sosialistiske nasjonen, som igjen var framstilt som ein etnisk bulgarsk nasjon.

Medan religion ikkje vart forbode i Bulgaria, vart religiøse institusjonar i stor grad kontrollerte av staten. Islam vart sett på som potensielt trugande, og eit hinder for integrering av muslimske minoritarar i staten, og dermed ikkje samsvarande med eininga av nasjonen.<sup>102</sup> Religiøs undervisning i skulane vart forbode i 1952, og pensum i skulebøkene vart patriotisk og ateistisk frå byrjinga av det kommunistiske styret.<sup>103</sup> Den bulgarske ortodokse kyrkja hadde vorte knytt til nasjonalismen i mellomkrigstida, og hadde til dels mista rolla som åndeleg vegleiar, ein prosess som kommunistane vidareførte.<sup>104</sup>

---

<sup>99</sup> Karpat, Kemal H.: Introduction: Bulgarian Way of Nation Building and the Turkish Minority, i: Karpat, K.H., red.,: *The Turks of Bulgaria: The History, Culture and Political Fate of a Minority*, The Isis Press, Istanbul 1990, s. 10.

<sup>100</sup> Karpat, Kemal H.: Introduction: Bulgarian Way of Nation Building and the Turkish Minority, i: Karpat, K.H., red.,: *The Turks of Bulgaria: The History, Culture and Political Fate of a Minority*, The Isis Press, Istanbul 1990, s. 2.

<sup>101</sup> Eminov, Ali: *Turkish and other Muslim Minorities in Bulgaria*, Hurst & Company. London 1997, s. 5.

<sup>102</sup> Eminov, Ali: *Turkish and other Muslim Minorities in Bulgaria*, Hurst & Company. London 1997, s. 53.

<sup>103</sup> Eminov, Ali: *Turkish and other Muslim Minorities in Bulgaria*, Hurst & Company. London 1997, s. 52.

<sup>104</sup> Karpat, Kemal H.: Introduction: Bulgarian Way of Nation Building and the Turkish Minority, i: Karpat, K.H., red.,: *The Turks of Bulgaria: The History, Culture and Political Fate of a Minority*, The Isis Press, Istanbul 1990, s. 8-9.

Ved maktovertakinga hadde det etniske nasjonale ei lita rolle. BKP forfekta klassesamhald mellom bulgararar og dei muslimske minoritetane, og den nasjonale diskursen vart ikkje nytta.<sup>105</sup> BKP kjempa mot både bulgarsk og tyrkisk nasjonalisme. Men alt frå maktovertakinga byrja BKP prosessen med å skapa ein framstilling av den bulgarske nasjonen, og medan denne i førstninga var retta mot å syna den bulgarske historia si ”uunngåelege” veg til sosialismen, kom den med tida til å innehalda ein opphøgning av det ”reine” bulgarske med stadig mindre rom for ulikskap.<sup>106</sup> Som nemnt var frigjeringa frå det ottomanske riket, einskapen eller homogeniteten i nasjonen, og fiendebileta sentrale i BKP sin framstilling av nasjonen då den nasjonale diskursen kom på banen, frå midten av 1950-talet. I tillegg vart bulgarsk folklore og sosialistisk kultur fletta saman for å skapa ein sosialistisk nasjonalforståing hjå folket. BKP nytta element frå den eksisterande nasjonsforståinga, som m.a. det historiske kongeriket Thrakia og det slaviske bulgarske kongeriket som vart oppretta i år 681.<sup>107</sup> Slik freista dei å syna det trakiske og slaviske opphavet til den bulgarske nasjonen.

Frå nyare tid vart særleg eit romantisk biletet av bøndene frå tida rundt frigjeringa frå Det ottomanske riket trekt fram, der dei vart framstilte som ”prototypar” på bulgarske arbeidrarar, og slik knytte saman ein ”idealversjon” av den bulgarske bondekulturen til den moderne sosialistiske samtida.<sup>108</sup> Desse framstillingane av bøndene syna dei gjerne som medlemar i eit klasselaust og homogent samfunn, som samsvara med BKP sin framstilling av den bulgarske sosialistiske nasjonen, ofte i motsetnad til den historiske røynda.<sup>109</sup> Det sosialistiske aspektet i BKP sin framstilling av nasjonen kom fram, i tillegg til bruken av historia, gjennom endring av tradisjonar og symbol. BKP heldt gjerne fram tradisjonelle skikkar, men gav dei eit sosialistisk innhald, slik som å laga retningsliner for heilagdagar og feiringar for heile landet, med tildelte emne, slik at desse dagane vart, framfor religiøse eller lokale feiringar, feiringar av nasjonal, sosialistisk kultur.<sup>110</sup>

Dei jugoslaviske kommunistane hadde særlege utfordringar i høve til ei framstilling av ”nasjonen”, og denne fekk fleire dimensjonar. Medan dei jugoslaviske folka hadde vorte

<sup>105</sup> Neuburger, Mary: *The Orient Within – Muslim Minorities and the Negotiation of Nationhood in Modern Bulgaria*, Cornell University Press, Ithaca and London 2004, s. 56 og 60-61.

<sup>106</sup> Om korleis BKP syna nasjonale heltar og den nasjonale frigjeringa som forgjengrar til den kommunistiske maktovertakinga, sjå t.d.: Daskalov, Roumen: *The Making of a Nation in the Balkans – Historiography of the Bulgarian Revival*, Central European University Press, Budapest/New York 2004, s. 242 (242-246).

<sup>107</sup> Buchanan, Donna Anne, Ph.D: *The Bulgarian Folk Orchestra: Cultural Performance, Symbol, and the Construction of National Identity in Socialist Bulgaria*, The University of Texas at Austin 1991, s. 58-9.

<sup>108</sup> Buchanan, Donna Anne, Ph.D: *The Bulgarian Folk Orchestra: Cultural Performance, Symbol, and the Construction of National Identity in Socialist Bulgaria*, The University of Texas at Austin 1991, s. 77.

<sup>109</sup> Buchanan, Donna Anne, Ph.D: *The Bulgarian Folk Orchestra: Cultural Performance, Symbol, and the Construction of National Identity in Socialist Bulgaria*, The University of Texas at Austin 1991, s. 85.

<sup>110</sup> Buchanan, Donna Anne, Ph.D: *The Bulgarian Folk Orchestra: Cultural Performance, Symbol, and the Construction of National Identity in Socialist Bulgaria*, The University of Texas at Austin 1991, s. 92.

framstilt som ein nasjon under kongedømet, hadde både nasjonal politisk usemje og hendingane under andre verdskrig syna at framstillinga hadde vore feil. Som tidlegare syna hadde JKP difor kome til makta med ein framstilling av Jugoslavia som ein multinasjonal stat. I grunnlova frå 1946 anerkjende styresmaktene fem ”nasjonar”, ti ”nasjonalitetar” med statsformande nasjonar utanfor Jugoslavia, og ei rekke ”etniske grupper”.<sup>111</sup> Meir enn i dei andre landa kom høvet mellom sosialistisk samhald og patriotisk - ”nasjonalt” vert feil å snakka om i jugoslavisk samanheng - samhald til å verta sentralt i Jugoslavia. Sidan Jugoslavia var ein multinasjonal stat, skapte ikkje JKP ein framstilling av ein jugoslavisk nasjon, men den marxist-leninistiske ideen om samansmelting av nasjonar gjorde at tanken om ein jugoslavisk nasjon ikkje var heilt framand for alle i JKP. I tida frå midten av 1950-talet til tidleg på 1960-talet var det ein ”stille kamp” innan JKP om jugoslavisk samhald skulle ha ein patriotisk – statsborgarleg- dimensjon eller ikkje.<sup>112</sup>

I denne tida nytta JKP ei rekke element for å skapa samhald mellom dei ulike nasjonane i landet, samstundes som dei følgde opp marxismen-leninismen ved å gje rettar til dei ulike nasjonane og nasjonalitetane, slik at desse ikkje skulle vera undertrykte og dermed fortare nærma seg prosessen med samansmelting. Det viktigaste samlande elementet hjå JKP var slagordet ”brorskap og eining”. I likskap med dei andre tre balkanske kommunistregima var dermed ”eining” ein faktor i Jugoslavia òg, men i motsetnad til dei andre landa, der eining ofte leidde til freistinger på utradering av skilnadar, låg JKP til ”brorskap”, som inneber vedkjenning av ulike einingar (”brør”) som har noko sams (slektskap).<sup>113</sup> Staten vart delt i seks republikkar og to autonome einingar, og dei fem anerkjende nasjonane fekk kvar sin republikk, medan Bosnia-Herzegovina vart erklært heimrepublikk for serbarar, kroatar og muslimar (muslimane vart anerkjend som nasjon i 1971). Grensene vart sett opp for å syna JKP sitt engasjement for å sikra nasjonal likskap, hindra hegemoni for ein nasjon over dei andre, og oppfylla nasjonane sine mål, slik at tilknyting til nasjonal kultur kunne sleppa taket

---

<sup>111</sup>Haug, Hilde K.: *Brotherhood and (dis)Unity – The Yugoslav Communists’ search for a Socialist Solution to the National Question 1935-1980*, Faculty of Humanities, University of Oslo 2007, s. 67.

<sup>112</sup> Sjå t.d.: Jović, Dejan: Yugoslavism and Yugoslav Communism: From Tito to Kardelj, i: Djokić, Dejan, red.: *Yugoslavism – Histories of a Failed Idea 1918-1992*, The University of Wisconsin Press, Madison, Wisconsin 2003, s. 157-180. ”Patriotisk” skildrar den dimensjonen det er snakk om, men det fanst undertonar av både nasjonalt og etnisk samhald, som ikkje vart nytta offentleg.

<sup>113</sup> Sjå m.a.: Wachtel, Andrew Baruch: *Making a Nation, Breaking a Nation – Literature and Cultural Politics in Yugoslavia*, Stanford University Press, Stanford, California 1998, s. 132 for ei tolking av slagordet, og Jović, Dejan: Yugoslavism and Yugoslav Communism: From Tito to Kardelj, i: Djokić, Dejan, red.: *Yugoslavism – Histories of a Failed Idea 1918-1992*, s. 164, som syner korleis bulgararane vart omfatta av ”brorskap” ideen, på grunn av sin sørslaviske etnisitet, medan albanarane ikkje passa inn i denne identiteten. Den etniske sida av det jugoslaviske samhaldet vart ikkje nytta som offisiell politikk.

fortare. Derimot ikkje for å skapa eigne nasjonalstatar.<sup>114</sup> Slik vart ”eining” i det jugoslaviske tilfellet ein ”eining” av nasjonar, ikkje ei eining av nasjonen, innafor staten.

Staten for dei jugoslaviske nasjonane skulle vera Jugoslavia, og dermed fann JKP samlande element knytt til staten. Statspatriotisme var eit av dei fremste ideala i JKP si framstilling av jugoslavisk samhald. Og sjølvsagt, knytt til denne statspatriotismen var fridomskampen under andre verdskrig, der dei ulike nasjonane kjempa saman for frigjeringa av Jugoslavia. Medan det var ulik innsats i motstandskampen frå dei ulike folkegruppene, vart innsatsen i motstandskampen så sterkt knytt til legitimeringa, ikkje berre av eit samla Jugoslavia, men med tida òg til kommunistane si leiande rolle, og til JKP si hevding av å ha løyst det nasjonale spørsmålet med den føderale løysinga, at det vart ei av dei ”fryste sanningane” i Jugoslavia at alle nasjonane deltok like mykje.<sup>115</sup> Og i tillegg til denne ”fryste sanninga”, vart nasjonalt hat og konfliktar frå tidlegare tabu, då JKP erklærte at slikt ikkje fanst lenger.<sup>116</sup> To viktige utviklingar leidde til endringar i JKP si framstilling av jugoslavisk samhald. Den første var følgjene av at Jugoslavia vart kasta ut av Kominform i 1948, og den andre var reaksjonane på den nye lina JKP kom fram til.

Sovjetunionen var ikkje lenger ein verjar, men ein potensiell fiende. Dermed kom ein periode med omstilling før JKP staka ut ein eigen veg til sosialismen, som innebar nye måtar å sjå samhaldet på. Jugoslavisme vart trekt fram, pussa støvet av og gjeve nytt meiningsinnhald. Jugoslavisme tok over for brorskap og eining, og innebar ein styrking av jugoslavisk kultur og freistung på å styrka det ”jugoslaviske medvitet”.<sup>117</sup>

Den nye jugoslavismen vart plassert mellom to motpolar. På den eine sida var mellomkrigsjugoslavismen som hadde framstilt dei jugoslaviske folka som ein nasjon, på den andre var Sovjetunionen sin freistung på å nytta si leiande rolle mellom sosialistiske land til å setja dagsorden for korleis sosialismen skulle byggjast. Jugoslavismen som JKP forfekta frå midten av femtitalet var dermed ei freistung på å skipa eit samhald mellom nasjonane gjennom styrkinga av ”jugoslavisk medvit”, men med rom for forskjellar mellom nasjonane, og å skapa eit jugoslavisk sosialistisk samhald som var internasjonalistisk innstilt, men som skilde dette frå samhaldet med resten av den sosialistiske verda, som dei no var på kant med.

<sup>114</sup> Haug, Hilde K.: *Brotherhood and (dis)Unity – The Yugoslav Communists’ search for a Socialist Solution to the National Question 1935-1980*, Faculty of Humanities, University of Oslo 2007, s. 91 og 98.

<sup>115</sup> Dette gjaldt ikkje dei ikkje-sørslaviske minoritetane, sjå: Djilas, Aleksa: *The Contested Country – Yugoslav Unity and Communist Revolution, 1919-1953*, Harvard University Press, Cambridge og London 1991, s. 162.

<sup>116</sup> Haug, Hilde K.: *Brotherhood and (dis)Unity – The Yugoslav Communists’ search for a Socialist Solution to the National Question 1935-1980*, Faculty of Humanities, University of Oslo 2007, s. 100.

<sup>117</sup> Haug, Hilde K.: *Brotherhood and (dis)Unity – The Yugoslav Communists’ search for a Socialist Solution to the National Question 1935-1980*, Faculty of Humanities, University of Oslo 2007, s. 134.

Jugoslavismen fekk store konsekvensar. Særleg kulturelle kretsar i republikkane kjende seg truga, då dei frykta at satsinga på ein jugoslavisk kultur skulle undertrykkja deira eigne kulturar. Ei utgreiing om kva rolle dei nasjonale kulturane skulle ha i jugoslavismen til JKP var påkravd. Spørsmåla var vanskelege, fordi diskusjonen til dels hadde samsvar med politikken, og svara hadde òg implikasjonar for nasjonane si rolle i Jugoslavia. Svara var som oftast vague, men i retning av at jugoslavismen skulle vera overnasjonal, med element frå dei eksisterande kulturane, men i tillegg til, ikkje som erstattar for desse.<sup>118</sup>

I aukande grad kom sosialistisk samhald mellom nasjonane til å ta større plass, og kulturell eining, saman med den vagt - eller uuttalte ideen om etniske band, forsvann utover 1960-talet.<sup>119</sup> Gjennom endringar i systemet vart kultur, og i aukande grad politikk, lagt til republikkane, som fekk stadig meir av dei rettane som tidlegare hadde lagt til nasjonane. 1974-grunnlova gav republikkane vide rettar. Utviklinga frå slutten av 1950-talet hadde leidd til at sosialistisk samhald hadde vunne over statspatriotisk samhald, og det var ideologien som skulle halda republikkane saman.

Kva var essensen i jugoslavisk samhald? Allereie nemnd er statspatriotismen under ”brorskap og eining” perioden frå andre verdskrig til byrjinga av 1950-talet. Men denne mista med tida noko av si rolle, særleg grunna utviklinga av arbeidarsjølvstyresystemet. Dette vart sett ut i livet frå 1950, då ei lov låg styringa i økonomiske føretak over frå statlege organ til arbeidarråd i føretaka vart vedteke 2.juli.<sup>120</sup> Endringa til arbeidarsjølvstyre var ei freistung på å desentralisera makta ved å leggja den på eit lågt nivå, arbeidarråda. Desentralisering av makt var eit uttrykk for Jugoslavia sin eigen veg til sosialismen, då den skilde seg frå den sovjetiske sentraliserte staten og frå mellomkrigstida sin sentralisme. Desentraliseringa av staten si makt vart motverka av partiet si sentraliserte makt. Men som tida gjekk vart makta i partiet òg desentralisert, og særleg med 1974-grunnlova vart sentral makt berre summen av dei republikanske partia si makt.

Endringane som kom etter brotet med Sovjetunionen vart forankra i marxisme-leninismen, for å unngå Sovjetunionen sine stemplingar av JKP som revisjonistar. Nettopp i tråd med marxisme-leninismen vart dermed arbeidarsjølvstyret, endring av partinamnet til Forbundet av jugoslaviske kommunistar, og ein reduksjon av byråkratiet, sett som ein

<sup>118</sup> Wachtel, Andrew Baruch: *Making a Nation, Breaking a Nation – Literature and Cultural Politics in Yugoslavia*, Stanford University Press, Stanford, California 1998, s. 131.

<sup>119</sup> Jović, Dejan: Yugoslavism and Yugoslav Communism: From Tito to Kardelj, i: Djokić, Dejan, red.: *Yugoslavism – Histories of a Failed Idea 1918-1992*, The University of Wisconsin Press, Madison, Wisconsin 2003, s. 158.

<sup>120</sup> Vuckovic, Dr. Gojko: *Ethnic Cleavages and Conflict: The Sources of National Cohesion and Disintegration – The Case of Yugoslavia*, Ashgate Publishing Ltd., Aldershot/Brookfield USA/Singapore/Sydney 1997, s. 111.

byrjande ”oppsmuldring av staten”.<sup>121</sup> Frå denne desentraliseringa av makta byrja, fekk staten ein stadig mindre rolle, medan republikkane sine rollar auka. Dermed minka òg statspatriotismen si rolle i framstillinga av ”det jugoslaviske”. Som syna var det ein overgang til å støtta seg berre på sosialistisk samhald mellom nasjonane, og etter denne vart framstillingar av bilet av samhald på anna enn sosialistisk grunnlag helde fram internt i kvar enkelt republikk og nasjon. Dermed kan ein sjå etter uttrykk for framstillingar av bilet av jugoslavisk samhald som er rota i noko anna enn sosialisme mellom andre verdskrig og midten av 1960-talet. På den 8. partikongressen i Forbundet av jugoslaviske kommunistar (JKP) i desember 1964 vart ideen om ein jugoslavisk nasjon forkasta heilt, og Aleksandar Ranković, ein sentral forkjempar for ein sterk stat i tillegg til sosialistisk samhald, vart ”reinska” i 1966.<sup>122</sup>

På grunn av at fleire av dei historiske ”fiendane” til nasjonane i Jugoslavia hadde vorte ”landsmenn”, var historia ikkje sentral i framstillinga av ”det jugoslaviske”, slik den var det i dei andre balkanske kommunistregima sine framstillingar av ”det nasjonale”. I staden vart det i historieundervisninga lagt vekt på klassefiendane, kapitalistane og det undertrykkjande diktaturet og folka sin misnøye med desse.<sup>123</sup> Religion var òg ein skiljande faktor, og vart freista kontrollert av kommunistane, som mellom anna forbaud religionsundervisning i skulane frå 1952.<sup>124</sup> Språk var òg ein skiljande faktor i Jugoslavia. Medan rettar til å nytta eigne språk vart gjeve til nasjonar og nasjonalitetar, sette JKP seg føre å skipa eit sams serbokroatisk eller kroatoserbisk skriftspråk, som ikkje berre ville vera eit ”lingua franca” i Jugoslavia, men òg byggja bru mellom dei to største nasjonane, serbarane og kroatane, som hadde ulike skriftspråk med mange likskapstrekk. Med ein deklarasjon i 1954, underteikna av mange leiande forfattarar og lingvistar, vart det anerkjend at serbisk, kroatisk og montenegrinsk var eitt skriftspråk, og deretter vart det jobba for å laga sams grammatikk og ordlister for dette språket.<sup>125</sup>

<sup>121</sup> Vuckovic, Dr. Gojko: *Ethnic Cleavages and Conflict: The Sources of National Cohesion and Disintegration – The Case of Yugoslavia*, Ashgate Publishing Ltd., Aldershot/Brookfield USA/Singapore/Sydney 1997, s. 111-112.

<sup>122</sup> Om den 8. kongressen: Vuckovic, Dr. Gojko: *Ethnic Cleavages and Conflict: The Sources of National Cohesion and Disintegration – The Case of Yugoslavia*, Ashgate Publishing Ltd., Aldershot/Brookfield USA/Singapore/ Sydney 1997, s. 117. Om saka mot Ranković, sjå: Haug, Hilde K.: *Brotherhood and (dis)Unity – The Yugoslav Communists' search for a Socialist Solution to the National Question 1935-1980*, Faculty of Humanities, University of Oslo 2007, s. 177-180.

<sup>123</sup> Wachtel, Andrew Baruch: *Making a Nation, Breaking a Nation – Literature and Cultural Politics in Yugoslavia*, Stanford University Press, Stanford, California 1998, 136-7.

<sup>124</sup> Mønnesland, Svein: *Før Jugoslavia og etter*, 4. utgåve, Cypress forlag, Oslo 1999, s. 220.

<sup>125</sup> Mønnesland , Svein: *Før Jugoslavia og etter*, 4. utgåve, Cypress forlag, Oslo 1999, s. 221-222 og Wachtel, Andrew Baruch: *Making a Nation, Breaking a Nation – Literature and Cultural Politics in Yugoslavia*, Stanford University Press, Stanford, California 1998, s. 140.

Andre samlande element som vart fremja var, som nemnt, statspatriotisme og frigjeringskampen, og vidare Tito sjølv. Fremjinga av desse jugoslaviske ideala kom fram gjennom feiringar av Tito sin fødselsdag, oppkalling av byar og gater etter Tito, eit vell av monument og filmar om partisankampen og andre verdkrig, som òg leidde til ein opphøgning av det jugoslaviske militærret, ein særslig jugoslavisk institusjon.<sup>126</sup> Innan kulturen var partisanmytane viktige emne og motiv, men det vart òg freista å dra inn kultur frå dei ulike republikkane og gjera denne jugoslavisk. Gjennom den typiske – hjå kommunistiske regime – ny-tolkinga av store verk innan litteratur og kunst vart ein del tidlegare forfattarar og kunstnarar syna som det Andrew Baruch Wachtel kallar protososialistar.<sup>127</sup> Særleg nyttta ein dei delane av kulturarven som støtta opp om ideal som stemde overeins med kommunistane sine, t.d. heroisme og fridomskamp. Samstundes som ein del slike klassiske verk vart nyttta vart det lagt føringer på kva som skulle vera tema for nye verk, der nasjonalitetstilknytte emne skulle unngåast, og det vart oppmoda til å nyttta partisanrørsla og sosialistisk realisme som emne innan litteraturen.<sup>128</sup>

I tida frå den sosialistiske jugoslavismen starta på midten av 1950-talet hadde det vore freistinger på å samordna kultur- og andre organisasjoner, og slik minka skilnadane mellom republikkane. Men den aukande desentraliseringa av makta frå midten av 1960-talet, som kulminerte i 1974-grunnlova, auka òg krav om desentralisering av kulturen eller oppretthalding av republikkane sin eksisterande makt over eigen kultur. Eit døme på eit slikt krav var opprøra i Kroatia mellom 1967 og 1971, som starta på grunn av usemje om retningsliner for språk. På trass av at opprøra vart slege ned, med mange arrestar, tap av partimedlemskap og ein kuing av kroatiske intellektuelle og partifunksjonærar, heldt JKP fram desentraliseringsprosessen, som syna, med 1974-grunnlova. Republikkane vart gjeve så store rettar at dei vart statar i staten – Jugoslavia vart ”smuldra opp” og republikkane bygde opp. Slik kom jugoslavisk samhald – redusert til sosialistisk samhald – til å få konkurranse frå dei etniske nasjonale sjølvforståingane, som ikkje var jugoslaviske, men partikularistisk-nasjonale. Slik hadde JKP si framstilling av jugoslavisk samhald gått frå eit statspatriotisk,

<sup>126</sup> Mønnesland, Svein: Før Jugoslavia og etter, 4. utgåve, Sypress forlag, Oslo 1999, s. 219-220 og Wachtel, Andrew Baruch: *Making a Nation, Breaking a Nation – Literature and Cultural Politics in Yugoslavia*, Stanford University Press, Stanford, California 1998, s. 133, desse faktorane skildra som sentraliseringe krefter.

<sup>127</sup> Wachtel, Andrew Baruch: *Making a Nation, Breaking a Nation – Literature and Cultural Politics in Yugoslavia*, Stanford University Press, Stanford, California 1998, s. 145. Wachtel tek føre seg diktet ”The Mountain Wreath” av Petar Petrović Njegoš, ein montenegrinsk diktar, publisert i 1847, gjeve eit særskild meiningsinnhald i mellomkrigstida, men tolka att under kommunismen for å syna diktaren som ein eksponent for typiske sosialistiske ideal.

<sup>128</sup> Wachtel, Andrew Baruch: *Making a Nation, Breaking a Nation – Literature and Cultural Politics in Yugoslavia*, Stanford University Press, Stanford, California 1998, s. 146.

kulturelt og sosialistisk samhald med undertonar av etniske band, til ei fjerning av dei etniske undertonane, av den sterke staten, av det kulturelle samhaldet, og med desentraliseringa av partiet si makt, alle andre einande faktorar enn ein framstilling av eit sosialistisk interessesamhald. Konsekvensane av mangelen på andre einande faktorar enn sosialistisk ideologi då denne mista si rolle på andre halvdel av 1980-talet er vel kjende.

Som ein desentraliserande, multinasjonal stat var Jugoslavia dermed eit unntak mellom dei balkanske sosialistiske statane. Romania hamnar derimot meir på line med Albania og Bulgaria, med meir samansmelting av sosialistisk og nasjonalt samhald i sin framstillinga av nasjonen. Som syna tidlegare hadde RKP særslig lågt medlemstal ved maktovertakinga, og sjølv om dette vaks fort, vart dei prisgjeve den raude armé for å sikra sin posisjon. Politikken til RKP følgde difor ein sovjetisk line. Innan historiografien kom dette til syne ved ein pro-slavisk og pro-russisk line.<sup>129</sup> I tråd med modellen frå Sovjetunionen vart minoritetane i Romania anerkjende, Romania vart faktisk erklært ein multietnisk stat, med rettar til å uttrykkja kulturelle skilnadar, men med sams politiske, dvs. sosialistiske verdiar.<sup>130</sup> Desse rettane vart følgd opp gjennom utdanning og publikasjonar på minoritetsspråk, kulturelle aktivitetar og representantar med minoritetsbakgrunn i politikken.<sup>131</sup> Eit anna teikn på den pro-sovjetiske politikken kom fram ved at Romania ikkje fremja krav om Bessarabia, som hadde vore rumensk i mellomkrigstida. Bessarabia hadde vorte ein del av Romania ved folkeavstemming i mars 1918, men etter andre verdskrig avgjorde Sovjetunionen å gjera området sovjetisk. Medan det var motstand mot dette i Bessarabia (og mot kommunismen), var det ikkje teikn på fremjing av nasjonale interesser hjå RKP.<sup>132</sup>

Ved maktovertakinga i Romania var RKP lite, og var sett saman av ulike grupper med ulike erfaringar under krigen. Dei første åra ved makta var difor ikkje berre prega av sovjetisk påverknad på politikken, men òg på konsolidering av maktilhøva i partiet, gjennom reinskingar og dessutan freistungar på å auka oppslutnaden hjå folket. I 1952 vart Ana Pauker og Vasile Luca, to av dei som hadde tilbrakt andre verdskrig i Sovjetunionen, samt ei rekke andre reinska frå partiet.<sup>133</sup> Gheorghe Gheorghiu-Dej hadde vore generalsekretær frå 1945, og

<sup>129</sup> Pop, Adrian: The Soviet-Romanian Controversy and Romania's "Independence" Policy, i: Revue roumaine d'études internationales: 26:1992:2, s. 124.

<sup>130</sup> Verdery, Katherine: Transylvanian Villagers, University of California Press, Berkeley/Los Angeles/London 1983, s. 69.

<sup>131</sup> Verdery, Katherine: Transylvanian Villagers, University of California Press, Berkeley/Los Angeles/London 1983, s. 69.

<sup>132</sup> Pop, Adrian: The Soviet-Romanian Controversy and Romania's "Independence" Policy, i: Revue roumaine d'études internationales: 26:1992:2, s. 124.

<sup>133</sup> Tismaneanu, Vladimir: Gheorghiu-Dej and the Romanian Worker's Party: From De-Sovietization to the Emergence of National Communism, Woodrow Wilson International Center for Scholars, (Working Paper No.37), Washington D.C. 2002, s. 4-5.

heldt fram i den rolla til han døydde 19. mars 1965.<sup>134</sup> Partiet følgde for det meste Sovjetunionen si line i etterkrigstida, fram til Stalin sin død. Vladimir Tismaneanu held fram den 20.partikongressen i det sovjetiske kommunistpartiet i 1956 og Khrusjtsjov sin kritikk av Stalin der som startpunktet for Romania si utvikling av ei line som skilde seg frå Sovjetunionen si. Tismaneanu skriv at denne kritikken opna for at leiarskapet i det sovjetiske partiet ikkje var ufeilbart, og sette spørsmålsteikn ved deira ubestridne rolle som leiar i den internasjonale kommunistrørsla. Gheorghiu-Dej var dessutan ein tilhengjar av Stalin, og på trass av å framstilla RKP som ”allereie avstalinisert”, vart det ikkje gjennomført nokon omfattande liberalisering eller reell avstalinisering i Romania.<sup>135</sup> Opprøret i Ungarn i 1956 gav Gheorghiu-Dej ”rett” i si antirevisjonistiske line, inntil Sovjetunionen byrja nye åtak på Stalin i 1961, noko som leidde til ein meir uttalt eigen rumensk politikk.<sup>136</sup> Etter dette vart revisjonisme blant dei viktigaste ”fiendebileta” innan RKP. Dermed er det i tida frå kritikken av Stalin i Sovjetunionen i 1956 til kommunismen fall i Romania i 1989 at ein kan finna uttrykk for ”det nasjonale” i RKP sine framstillingar av nasjonalt samhald.

Frå 1960 og utover vart nye takter synlege mellom anna innan historiografien. Slavisk påverknad på språk og historie vart tona ned, medan dei latinske røtene til det rumenske språket vart trekt fram.<sup>137</sup> Avstaliniseringa i Sovjetunionen hadde leidd til eit ønske i sovjetleiinga om å framstå som liberaliserande, men nedslaginga av opprøret i Ungarn hadde syna heilt andre takter. Tilbaketrekninga av dei utplasserte styrkane i Romania i 1958 kan slik sjåast på som eit tiltak frå Sovjetunionen for å syna at dei faktisk ønskte liberalisering, i tillegg til andre motiv, m.a. økonomiske.<sup>138</sup> For å sikra seg meir kontroll i sitt eige land, ”nasjonaliserte” difor Gheorghiu-Dej Securitate, det hemmelege politiet, i dei siste åra han levde. Innan den tid hadde det vore ein stor del sovjetarar i organisasjonen, som no vart bytt ut

---

<sup>134</sup> Tismaneanu, Vladimir: Gheorghiu-Dej and the Romanian Worker’s Party: From De-Sovietization to the Emergence of National Communism, Woodrow Wilson International Center for Scholars, (Working Paper No.37), Washington D.C. 2002, s. 51. Medan gen. sek. tittelen ikkje vart nyttet heile tida, mellom anna vart den bytt ut med tittelen førstesekretær i eit sekretariat for å etterlikna avstaliniseringss prosessen i Sovjetunionen i 1954, hadde Gheorghiu-Dej leiarstillinga i partiet heile tida. Sjå Ibid, s. 9-10.

<sup>135</sup> Tismaneanu, Vladimir: Gheorghiu-Dej and the Romanian Worker’s Party: From De-Sovietization to the Emergence of National Communism, Woodrow Wilson International Center for Scholars, (Working Paper No.37), Washington D.C. 2002, Om startpunktet for eigen rumensk line s. 19, om sovjetleiinga sin ”emne” til å feila s. 14, om Gheorghiu-Dej sin forklaring på avstalinisering, og manglande avstalinisering s. 16.

<sup>136</sup> Tismaneanu, Vladimir: Gheorghiu-Dej and the Romanian Worker’s Party: From De-Sovietization to the Emergence of National Communism, Woodrow Wilson International Center for Scholars, (Working Paper No.37), Washington D.C. 2002, s. 31-2.

<sup>137</sup> Pop, Adrian: The Soviet-Romanian Controversy and Romania’s ”Independence” Policy, i: Revue roumaine d’etudes internationales: 26:1992:2, s. 129.

<sup>138</sup> Pop, Adrian: The Soviet-Romanian Controversy and Romania’s ”Independence” Policy, i: Revue roumaine d’etudes internationales: 26:1992:2, s. 126.

med rumenarar.<sup>139</sup> Med auka kontroll på eigne hender, var vegen open for å styra Romania inn i ein eigen retning, skild frå Sovjetunionen sin. Medan Gheorghiu-Dej hadde freista å sikra seg retten til å ”styra i eige hus”, ved å halda fast ved stalinismen samstundes som han presenterte eit avstaliniserande bilet av seg sjølv til Sovjetunionen, kom etterfølgjaren hans, Nicolae Ceaușescu, til å stå for ein mykje meir open nasjonal og stalinistisk line.

Allereie i ein tale til den 9. kongressen i RKP i 1965 byrja Ceaușescu å trekkja inn nasjonen som sentral. Ikkje berre skulle staten og nasjonen ha ei rolle under sosialismen, men nasjonen skulle utviklast og staten konsoliderast, for å skapa likeverd mellom sosialistiske nasjonar. Han nytta òg omgrepet sosialistisk nasjon i denne talen.<sup>140</sup> I likskap med dei andre landa, fekk den sosialistiske nasjonen plassen til arbeidarklassa i den kommunistiske teorien. Slik var vegen open for å nytta nasjonen si historie i framstillinga av eit bilet av den sosialistiske nasjonen, framfor å berre nytta den heller lite suksessrike historia til dei rumenske kommunistane (sjølv om denne vart ”glorifisert” og nytta i tillegg).

Som Ceaușescu nemnde vart òg konsolidering av staten eit tema. Høvet mellom nasjonen og staten var sentralt i RKP si framstilling av ”det rumenske”. Staten sin integritet, stoltheit og historie var dermed eit viktig punkt i det biletet RKP skapte av den sosialistiske nasjonen.<sup>141</sup> Men utvikling av nasjonen fekk raskt tydelege preg av å vera den rumenske nasjonen. Særleg kom det til endringar då RKP sette i gang ein ”kulturell revolusjon” i 1971. Denne innebar den same omskrivinga av historia som fann stad i dei andre landa, og framstilte rumensk historie som ein uunngåeleg utvikling til eit sosialistisk samfunn. I Romania kom dette fram mellom anna ved å fletta partihistoria inn i den nasjonale historia, og i likskap med Hoxha sin plassering av seg sjølv i ei rekke av historiske nasjonale heltar, vart Ceaușescu plassert i rekka av nasjonale heltar i Romania.<sup>142</sup> Gjennom å nytta rumensk historie vart RKP sine framstillingar av det rumenske folket stadig meir rumensk. Særleg frå tidleg 1970-tal, vart Romania framstilt som arvtakar til det historiske kongedømet Dakia. Minoritetane kunne derimot ikkje kjenna seg att i nedstamming frå dakarane, og den sosialistiske nasjonen vart i aukande grad den *rumenske* sosialistiske nasjonen.<sup>143</sup> Slik gjekk

<sup>139</sup> Tismaneanu, Vladimir: Gheorghiu-Dej and the Romanian Worker's Party: From De-Sovietization to the Emergence of National Communism, Woodrow Wilson International Center for Scholars, (Working Paper No.37), Washington D.C. 2002, s. 2.

<sup>140</sup> Verdery, Katherine: *National Ideology under Socialism – Identity and Cultural Politics in Ceaușescu's Romania*, University of California Press, Berkely/Los Angeles/Oxford 1991, s. 117.

<sup>141</sup> Verdery, Katherine: Transylvanian Villagers, University of California Press, Berkeley/Los Angeles/London 1983, s. 70.

<sup>142</sup> Om omskrivinga av historia og Ceaușescu sin ”heltestatus”: Pop, Adrian: The Soviet-Romanian Controversy and Romania's ”Independence” Policy, i: *Revue roumaine d'etudes internationales*: 26:1992:2, s. 131.

<sup>143</sup> Verdery, Katherine: Transylvanian Villagers, University of California Press, Berkeley/Los Angeles/London 1983, s. 70.

RKP si framstilling av nasjonen frå ein sovjetisk line med vedkjenning av multietnisitet, partiet si leiande stilling og sosialistisk samhald, til ein samansmelting av sosialismen og nasjonen til den sosialistiske nasjonen, som hadde klare rumenske trekk og var rota i rumensk historie.

På 1980-talet kom ein ekstrem versjon av einingsidealet fram gjennom Ceaușescu sin kampanje for å homogenisera staten og nasjonen. Denne ideen vart sett i verk særleg frå midten av 1980-talet, og skulle skapa eit nytt sosialistisk menneske. Ved å fjerna alle sosiale skilnadar skulle ein oppnå sosial likskap, og personar skulle berre vedkjennast ved sitt arbeid for å byggja sosialismen. Dermed sette RKP føre seg å skapa like tilhøve for alle i Romania. Rase, kjønn og etnisitet skulle ikkje spela nokon rolle, berre arbeidet ein gjorde. Sosialistiske organisasjonar skulle forma eit sosialistisk medvit frå treårsalderen, og i tillegg skulle levekår homogeniserast. Dei mest ekstreme utsлага av dette var riving og attoppbygging av heile landsbyar for å skapa identiske tilhøve for heile folket. Bygningar, utdanning, måltid, alt skulle vera identisk for å fjerna interne skilnadar. Samfunnet skulle tilpassast politikken, ikkje omvendt.<sup>144</sup> Den sosialistiske nasjonen skulle vera eina og internt homogen. Dette fekk konsekvensar for kven som passa inn i den.

Ingen uttrykk for å vera ”annleis”, dvs., skilja seg frå dei normene som partiet sette var akseptable. Men sidan kriteria for deltaking i den sosialistiske nasjonen var basert på det arbeidet ein gjorde, anten det var å vera mor eller å jobba på fabrikk, var det å vera annleis ikkje naudsynt etnisk annleis. Etniske skilnader spela ingen rolle så lenge ein ikkje var blant, som Gail Kligman skriv: ”...those who insisted on the legitimacy of their ethnic identities[...].”<sup>145</sup> Slik vart ein sett som annleis dersom ein kravde vedkjenning av sin etniske ”skilnad”, men ikkje om ein forkasta denne til fordel for den sosialistiske identiteten sin. På lik line vart dissidentar og reformistar òg sett som annleis, og passa ikkje inn i nasjonen. Alle som ikkje tilpassa sin identitet til partiet sitt bilet av den sosialistiske nasjonen kunne difor straffast for det.<sup>146</sup> Dermed kom homogeniseringskapmpjanane til å undertrykkja alle andre identitetar enn dei som partiet sette for den sosialistiske nasjonen, og difor både rumenske og minoritetsidentitetar. Og som syna var dei sentrale elementa i RKP sin framstilling av den sosialistiske nasjonen statspatriotisme, rumenarane sitt opphav og historie, slik den vart tolka og formidla av RKP, eit stadig aukande likskaps- og einingsideal, og ikkje minst ein

<sup>144</sup> Om homogeniseringskampanjen: Kligman, Gail: The Politics of Reproduction in Ceaușescu's Romania: A Case Study in Political Culture, i: East European Politics and Societies: 6: 1992: 3, s. 367-369.

<sup>145</sup> Kligman, Gail: The Politics of Reproduction in Ceaușescu's Romania: A Case Study in Political Culture, i: East European Politics and Societies: 6: 1992: 3, s. 367.

<sup>146</sup> Om å vera ”annleis” i Romania på 1980-talet: Kligman, Gail: The Politics of Reproduction in Ceaușescu's Romania: A Case Study in Political Culture, i: East European Politics and Societies: 6: 1992: 3, s. 367.

opphøgging av Ceaucescu sjølv. Så der rumenarane, sjølv om deira identitetar som individ vart undertrykte, kunne gje uttrykk for sin nasjonale identitet fordi det var deira nasjonale historie som låg til grunn for den sosialistiske nasjonen, hadde ikkje minoritetane noko forum for å dyrka sine nasjonale identitetar, fordi desse identitetane ikkje passa inn i den sosialistiske nasjonen.<sup>147</sup>

## Døme på nasjonalisme

### OM NASJONALISME

*Nationalism is primarily a political principle, which holds that the political and the national unit should be congruent. Nationalism as a sentiment or as a movement can be best defined in terms of this principle. Nationalist sentiment is the feeling of anger aroused by the violation of this principle, or the feeling of satisfaction aroused by its fulfilment. A nationalist movement is one actuated by a sentiment of this kind.*<sup>148</sup>

Som det kjem fram her, er nasjonalisme eit politisk prinsipp om samsvar mellom nasjonen og staten. For å oppnå dette, kan ein freista å endra staten til å stemma overeins med utstrekninga av nasjonen, eller freista å endra folket i staten til å verta ein nasjon. Den første løysinga inneber i dei aller fleste tilfelle krig mellom statar, den andre ulike formar for å skapa ei nasjonal eining av folka i staten, oftast ut frå styresmaktene sine tankar om kva og kven nasjonen skal vera. Styresmaktene i dei fire kommunistleia balkanlanda syna i si tid ved makta både det Gellner kallar "positive sentiments" og "negative sentiments" rundt nasjonen og staten sitt samsvar. "Positive sentiments" vert i det følgjande kalla sjølvopphøgande nasjonalisme, der styresmaktene feira nasjonen og staten på ulike måtar, medan "negative sentiments" vil verta kalla undertrykkjande nasjonalisme, der styresmaktene på ulike måtar syna misnøye med manglande samsvar mellom nasjonen og staten, eksternt eller internt. Undertrykkjande fordi "negative sentiments" leidde til freistungar på å undertrykkja skilnadar mellom nasjonen og staten, enten det var undertrykking av minoritetar eller minoritetsidentitetar innan staten, eller ambisjonar om endring av grenser. Sidan det her gjeld kommunistleia land, er det vesentleg å hugsa at også kommunistisk teori, basert på Marx og Lenin, var imot alle formar for nasjonal undertrykking og sjåvinistisk nasjonalisme. Dei følgjande døma er ikkje meint å vera utfyllande i høve til regima sin bruk av nasjonalisme,

---

<sup>147</sup> Verdery, Katherine: Transylvanian Villagers, University of California Press, Berkeley/Los Angeles/London 1983, s. 70.

<sup>148</sup> Gellner, Ernest: *Nations and Nationalism*, Blackwell Publishing Ltd., Oxford 1983, s. 1.

men å syna at, og korleis, ulike formar for styresmaktene sin nasjonalisme kom til uttrykk i dei fire landa.

Den undertrykkande nasjonalismen tok oftast form av misnøye med interne skilnadar. Medlemmar av nasjonen som hamna utanfor statsgrensene hamna ofte innan andre sosialistiske statar sine grenser, og krig mellom sosialistiske statar var ikkje ein retning nokon ville ta. Internasjonalisme og ideen om sosialistisk samhald på tvers av landegrenser stod i vegen for krigar. Som syna var kommunistpartia som eksisterte under balkankrigane og første verdskrig krigsmotstandarar og ville løysa mellomnasjonale problem på Balkan ved å oppretta ein balkanføderasjon. Ideen om ein slik føderasjon vart fremja, særleg av Jugoslavia, som jobba med opprettinga av ein føderasjon med Bulgaria og Albania fram til 1948. Men etter brotet mellom Jugoslavia og Kominform var det ikkje lenger aktuelt å oppretta nokon føderasjon. Dermed vart grensene ståande, og ei rekke nasjonale grupper vart minoritetar.

Frå tid til anna dukka nasjonale minoritetar som var hamna utanfor grensene til sine ”moderland” opp i media eller offentlege talar eller publikasjonar i ”moderlanda”. Dette syner tilfelle av ”negative sentiments” rundt manglande samsvar mellom stat og nasjon og er slik å forstå som ein form for nasjonalisme, sjølv om desse ytringane, i tråd med sosialistisk samhald og særleg den internasjonale situasjonen, ikkje innebar direkte krav om grenseendringar. Dei følgjande døma syner både uttrykk for slik ”ekstern (undertrykkjande) nasjonalisme” og ”intern undertrykkjande nasjonalisme”, altså freistungar på å skapa ein nasjon eller ein form for eining innanfor staten.

Innhaldet i ”det nasjonale” (eller ”det jugoslaviske”) er allereie kjend, og difor vil desse døma syna korleis ”positive sentiments” rundt samsvar mellom nasjonen (-ane) og staten syna seg. Dette vil her verta forstått som opphøgging av nasjonen og fridomen til nasjonen og staten, og ikkje direkte samsvar mellom statsgrenser og nasjonen si fysiske utstrekning, då det ville gjeve lite rom for feiring. Medan det sosialistiske samhaldet innan staten vart bygt rundt patriotisme og likskap for nasjonane innan Jugoslavia, vart det bygt rundt ”det albanske folket” i Albania og ”den sosialistiske nasjonen” i dei siste to landa. Den sjølvopphøgjande nasjonalismen innebar både nasjonal og sosialistisk sjølvopphøgging, og eg held fram med ei særskild rolle for Jugoslavia, som syna mange sjølvopphøgjande trekk, men utan fremjing eller bygging av ein nasjon må sjølvopphøginga sjåast som noko anna enn nasjonalisme. Likskapen med dei andre landa si sjølvopphøgging gjer at eg likevel vel å ha med døme frå Jugoslavia her.

## DØME PÅ NASJONALISME

Albania hadde som syna stort sett dei same grensene etter andre verdskrig som då landet vart oppretta. Dermed fanst det framleis store grupper av albanarar i Kosovo og Makedonia i Jugoslavia. Dessutan var det grupper av albanarar i det nordvestlege Hellas, såkalla "Chams", albanske muslimar. I dei første åra etter andre verdskrig kom mange av albanarane frå Hellas inn i Albania som følgje av press frå greske styrkar lojale mot det greske monarkiet.<sup>149</sup> Dette var ein av faktorane som leidde til eit dårleg tilhøve mellom Albania og Hellas, men dermed var det i Jugoslavia at ein fann albanske grupper av nokon storleik utanfor sjølve Albania. JKP sine planar for ein balkanføderasjon inkluderte Albania, og på trass av noko ambivalente haldninga i AKP var det ein viss grad av semje om ein slik føderasjon. Enhver Hoxha ville sikra ein eigen eksistens for Albania, og reinska ut sine motstandarar etter at JKP vart kasta ut frå Kominform, men før dette møtte han store utfordringar innan partiet, der delar av partileiinga var særslig pro-jugoslaviske.<sup>150</sup> JKP hadde jugoslaviske omsyn å ta, og ville ikkje overgje Kosovo til Albania anna enn i ein balkanføderasjon, men lova at området ville verta albansk når føderasjonen vart eit faktum.<sup>151</sup> Som nemnt vart føderasjonen aldri realisert, og etter 1948 var det ikkje aktuelt for JKP å overgje Kosovo, særleg av omsyn til den serbiske nasjonen si tilknyting til området.

Kosovo dukka seinare på ulike tidspunkt opp i albansk media og ytringar frå albanske styresmakter, men desse gjaldt handsaminga av albanarane i Kosovo, og var ikkje uttalte krav på grenseendring.<sup>152</sup> Dessutan tok AKP aldri opp rettane til albanarane i Kosovo i internasjonale forum.<sup>153</sup> Men AKP sine gjentekne ytringar om rettane til albanarane i Kosovo syner at AKP, på trass av å akseptera grensesituasjonen, såg albanarane i Kosovo som albanarar, ikkje jugoslavar, og dermed kritiserte handsaming av ein minoritet i Jugoslavia på grunnlag av etniske band til denne minoriteten.

Omsynet til albanarane i Jugoslavia sin etniske ,i motsetnad til humanitære eller moralske, dimensjon kjem fram ved Albania sin eigen undertrykking av minoritetar. Albania var etter høva nokså etnisk homogent, men med ein gresk minoritet i sør, samt ein slavisktalande minoritet av ein viss storleik, mest makedonarar, og mange mindre minoritetar. Mellom desse var roma, jødar, armenarar, tyrkarar og Vlah-ar, ein tradisjonelt nomadisk

---

<sup>149</sup> Vickers, Miranda og Pettifer, James: *Albania – From Anarchy to a Balkan Identity*, Hurst & Company, London 1997, s. 188.

<sup>150</sup> Vickers, Miranda: *The Albanians – A Modern History*, I.B.Tauris, London/New York 1995, s. 168.

<sup>151</sup> Vickers, Miranda: *The Albanians – A Modern History*, I.B.Tauris, London/New York 1995, s. 165.

<sup>152</sup> Vickers, Miranda: *The Albanians – A Modern History*, I.B.Tauris, London/New York 1995, s. 175, 183-4, 191, 206, samt Poulton, Hugh: *The Balkans – Minorities and States in Conflict*, Minority Rights Publications, London 1993 (1991), s. 66.

<sup>153</sup> Vickers, Miranda: *The Albanians – A Modern History*, I.B.Tauris, London/New York 1995, s. 212.

folkegruppe som snakka ein form for rumensk.<sup>154</sup> Albania vedkjende sine minoritetar, og gav minoritetsrettar til grekarane og makedonarane. Dei andre minoritetane fekk ikkje rettar til å ha skulegong på eigne språk, og ei rekkje tiltak frå styresmaktene gjorde det vanskeleg å unngå aukande assimilering.<sup>155</sup> Avgrensing av, og i 1967 forbod mot, religion, fjerna ein grunnleggjande identitetsskapande faktor for mange av minoritetane. I tillegg vart det i 1975 forbode å ha namn som kunne vera ”støytande” politisk, ideologisk eller moralsk sett. Dette innebar at religiøse namn vart forbode, unntake muslimske, moglegvis fordi storparten av folket hadde vore muslimar, og Hoxha, namnet til partileiarene, var muslimsk og tyder ”muslimsk prest”.<sup>156</sup>

Vlah-ane vart stadfaste grunna kollektiviseringa av Albania, og restriksjonar på reisar gjorde at dei ikkje fekk tilgjenge på høgare utdanning i Romania, slik dei tradisjonelt hadde hatt, og vart slik til dels assimilert inn i folket elles. Dei andre mindre minoritetsgruppene hadde same kår, forbod mot å utøva religion og utan rettar til morsmålsundervisning. Det vart oppretta 13 makedonske skular i 1945, med lærarar frå Jugoslavia, men etter brotet mellom Albania og Jugoslavia i 1948 vart skulane stengde og undervisninga for makedonarane albanskspråkleg. Styresmaktene fornekta ikkje eksistensen av makedonarane, men gjorde det vanskeleg å finna uttrykk for identeten hjå dei.<sup>157</sup>

Dei fleste lovane og tiltaka mot minoritetar var derimot retta mot den greske minoriteten, då denne var konsentrert i dei sørlege områda som grensa mot Hellas, og difor kunne tenkjast å få irrendentistiske ambisjonar, ettersom Hellas gjorde krav på området med tidvis vestleg støtte.<sup>158</sup> I 1945 avgjorde dei albanske styresmaktene å oppretta minoritetssonar, der minoritetsrettane skulle gjelda. Det var særleg i Gjirokaster og Saranda-området at det vart oppretta soner.<sup>159</sup> Berre grekarar innan minoritetssonene fekk minoritetsstatus, og det var strenge krav for å få oppretta ei slik sone. Dersom ein landsby var busett av berre grekarar, fekk den minoritetssonestatus, og dermed rett til utdanning på eige språk, og retten til elles å nytta morsmål, og like rettar til utvikling i alle sider av samfunnet. Desse rettane var nedfelt i

<sup>154</sup> Poulton, Hugh: *The Balkans – Minorities and States in Conflict*, Minority Rights Publications, London 1993 (1991), s. 195, og Vickers, Miranda og Pettifer, James: *Albania – From Anarchy to a Balkan Identity*, Hurst & Company, London 1997, s. 186.

<sup>155</sup> Poulton, Hugh: *The Balkans – Minorities and States in Conflict*, Minority Rights Publications, London 1993 (1991), s. 203.

<sup>156</sup> Om namneendringskampanjen: Poulton, Hugh: *The Balkans – Minorities and States in Conflict*, Minority Rights Publications, London 1993 (1991), s. 199.

<sup>157</sup> Om den makedonske minoriteten: Poulton, Hugh: *The Balkans – Minorities and States in Conflict*, Minority Rights Publications, London 1993 (1991), s. 201.

<sup>158</sup> Vickers, Miranda og Pettifer, James: *Albania – From Anarchy to a Balkan Identity*, Hurst & Company, London 1997, s. 186.

<sup>159</sup> Kondis, Basil og Manda, Eleftheria, red.: *The Greek Minority in Albania – A Documentary Record (1921–1993)*, Institute for Balkan Studies, Thessaloniki 1994, s. 21.

grunnlova.<sup>160</sup> Det var likevel klare freistingar frå styresmaktene på å avgrensa desse rettane. Retten til undervisning på gresk vart sett til fire år varigheit, og det var ingen vidaregåande skular med undervisning på gresk. Undervisninga på gresk hadde same innhald som dei albanske skulebøkene, og det var ikkje rom for gresk kultur og historie, berre albansk.<sup>161</sup>

I dei første åra etter andre verdskrig var det ein del, både tvungen og friviljug flytting av albanarar frå Hellas inn i Albania og omvendt. Der grekarar flytta ut av Albania, vart det rom for innflyttarar, og mange av desse var blant dei nemnde "Chams", og albanarar som flytta eller vart flytta av styresmaktene frå andre delar av Albania.<sup>162</sup> Eit resultat av dette var at det flytta albanarar inn i tidlegare eksklusivt greske landsbyar, og nokre stader var det nok at to-tre albanske familiar flytta inn i ein slik landsby for at landsbyen mista minoritetssonestatusen.<sup>163</sup> I tillegg til albanske innflyttarar, kom delar av dei tapande styrkane frå den greske borgarkrigen inn i Albania mellom 1944 og 1949. Desse var hovudsakleg politisk venstreorienterte og mange av dei kommunistar, og fleire av dei gjekk inn i det albanske kommunistpartiet.<sup>164</sup> Frå tidlegare hadde AKP rekruttert partisanar frå den greske minoriteten under krigen, for å ha støttespelarar hjå desse samfunna.<sup>165</sup> Slik klarte AKP å sikra seg støtte hjå nokre av grekarane, og oppretthalda eit bilet til minoritetane, endå til gresk representasjon i partiet, medan dei stadig avgrensa den greske minoriteten sine moglegheiter for å oppretthalda identiteten sin. Utover avgrensinga av både sonene med minoritetsrettar og avgrensinga av desse rettane i sonene, vart alle stadnamn endra til albanske, arkeologiske funn vart erklært illyriske på trass av å vera greske, og utanfor minoritetssonene vart det forbode å nytta gresk språk.<sup>166</sup> Den nemnde tvungne endringa av "støytande", m.a. religiøse namn gjaldt òg den greske minoriteten. Mange grekarar vart og

---

<sup>160</sup> Kondis, Basil og Manda, Eleftheria, red.: *The Greek Minority in Albania –A Documentary Record (1921-1993)*, Institute for Balkan Studies, Thessaloniki 1994, s. 21.

<sup>161</sup> Kondis, Basil og Manda, Eleftheria, red.: *The Greek Minority in Albania –A Documentary Record (1921-1993)*, Institute for Balkan Studies, Thessaloniki 1994, s. 21.

<sup>162</sup> Crampton, R.J.: *The Balkans since the Second World War*, Pearson Education Limited, London/New York m.fl. 2002, s. 45-6.

<sup>163</sup> Poulton, Hugh: *The Balkans – Minorities and States in Conflict*, Minority Rights Publications, London 1993 (1991), s. 199.

<sup>164</sup> Vickers, Miranda og Pettifer, James: *Albania – From Anarchy to a Balkan Identity*, Hurst & Company, London 1997, s. 188.

<sup>165</sup> Poulton, Hugh: *The Balkans – Minorities and States in Conflict*, Minority Rights Publications, London 1993 (1991), s. 187.

<sup>166</sup> Kondis, Basil og Manda, Eleftheria, red.: *The Greek Minority in Albania –A Documentary Record (1921-1993)*, Institute for Balkan Studies, Thessaloniki 1994, s. 21.

tvangsflytta lenger nord i Albania, noko som igjen gav styresmaktene moglegheit til å flytta inn albanarar og minka talet på minoritetssonar enno meir.<sup>167</sup>

Alle minoritetane, òg dei med grunnlovsfesta rettar, fekk dermed avgrensa sine moglegheiter til å oppretthalda ein separat identitet. Samstundes er det naudsynt å ta omsyn til at mange av dei undertrykkjande metodane gjekk ut over heile folket, ikkje berre minoritetar. Forbodet mot religionsutøving frå 1967, etter stadige avgrensingar av religiøs aktivitet frå maktovertakinga, fjerna òg retten til den overvegande muslimske, albanske delen av folket til å utøva religion. Grunnlova gav ikkje innbyggjarane i Albania rett til å flytta, og grensene vart strengt overvaka. AKP sin tanke om eining av folket mot eksterne fiendar hadde ikkje rom for emigrering eller interne skilnadar. AKP med Enver Hoxha i leiinga, på trass av trongen til eksterne verjer og økonomiske støttespelarar, hadde heller ikkje rom for innblanding utanfrå i bygginga av sosialismen, og til dels nasjonalistiske, til dels ideologiske grunnar låg til grunn for gjentekne skiftar i internasjonale støttespelarar. Brotet med Jugoslavia var hovudsakleg ideologisk, og sikra òg Hoxha si stilling som leiar, mot den delen av partiet som ville inn i føderasjon med Jugoslavia. Men det var òg ei nasjonalistisk side, ved at Hoxha ville halda Albania fritt, og unngå inkorporering i Jugoslavia eller ein jugoslavisk-leidd føderasjon. Broten med Sovjetunionen kom som følgje av skepsis til Khrusjtsjov-regimet etter deira åtak på Stalin, men kanskje like mykje av at Khrusjtsjov, under ei vitjing i Albania meinte at Albania burde vera eit jordbruksland.<sup>168</sup> Dette ergra Hoxha, sannsynlegvis både på grunn av hans stalinistiske visjonar om utvikling av industrien, og hans nasjonalistiske side, som vart støytt av Khrusjtsjov si undertrykking av ”individuelle nasjonalismar”.<sup>169</sup>

Det er Miranda Vickers som skriv ”individual nationalisms”, og det er snakk om moglegheita til å utvikla seg som sosialistisk land utan styring frå Moskva, men bruken av ordet nasjonalisme har store teoretiske implikasjonar. Eg ser Hoxha sitt forsvar av albansk industrialisering og nasjonale aspirasjonar som eit utslag av nasjonalisme, men det tykkjест meg underleg om Hoxha skulle ha klaga på undertrykking av albansk ”nasjonalisme”, så negativt ladd som ”nasjonalisme” var i kommunistiske sirklar. Det er mogleg, sidan Hoxha iflg. Vickers meinte undertrykking av individuelle nasjonalismar var imot marxisme-leninismen, at han impliserte at individuelle nasjonar skulle ”bløma” og slik få oppfylt sine nasjonale aspirasjonar og dermed smelta saman. Då kan Hoxha ha sett albansk nasjonalisme

<sup>167</sup> Kondis, Basil og Manda, Eleftheria, red.: *The Greek Minority in Albania –A Documentary Record (1921-1993)*, Institute for Balkan Studies, Thessaloniki 1994, s. 21, og Poulton, Hugh: *The Balkans – Minorities and States in Conflict*, Minority Rights Publications, London 1993 (1991), s. 203.

<sup>168</sup> Vickers, Miranda: *The Albanians – A Modern History*, I.B.Tauris, London/New York 1995, s. 184.

<sup>169</sup> Vickers, Miranda: *The Albanians – A Modern History*, I.B.Tauris, London/New York 1995, s. 189.

som positiv, fordi han oppfatta Albania som undertrykt (av Sovjetunionen), og dermed forsvar albansk nasjonalisme. Implikasjonene av dette ville vera at sosialistiske statar (her: Sovjetunionen) kunne vera undertrykkande, at nasjonalisme dermed hadde ein sentral plass òg i eit sosialistisk samfunn, og at Hoxha såg den albanske nasjonen som ”ikkje ferdig bløma”. Medan dette kan ha vore Hoxha si oppfatning, i så fall ein underleg tolking av marxisme-leninismen, vel eg å oversjå dei vidare teoretiske problema med ”individual nationalisms” og tolkar ”nasjonalismane” i Vickers sin tekst som ”nasjonale aspirasjoner”. Nasjonar si rolle under sosialismen vert teke opp i eit seinare kapittel. Brotet mellom dei to landa hadde fleire årsaker, mellom anna høvet mellom Jugoslavia og Sovjetunionen, men eg kjem ikkje inn på dei her. Diplomatisk kontakt mellom dei to landa vart avslutta i 1961.

Brotet med Kina hadde òg både ideologiske og nasjonalistiske sider. Ved Warszawapaktintervensjonen i Tsjekkoslovakia i 1968, trakk Albania seg frå pakta. Dei albanske leiarane innsåg at dei ikkje kunne venta militær støtte frå Kina i tilfelle ein liknande intervension i Albania. Dermed bygde Albania rundt 400.000 bunkarar for å sikra seg mot intervensionar.<sup>170</sup> Frå byrjinga av 1970-åra vart Kina meir innstilt på ”fredeleg sameksistens”, og knytte band til USA og seinare Jugoslavia. Ideologisk konservatisme i Albania svekka tilhøvet til Kina, og den internasjonale situasjonen svekka Albania sin nytteverdi for Kina. Økonomisk stønad frå Kina vart avslutta i 1978, og Albania gjekk inn for størst mogleg grad av sjølvberging, men òg for noko avspenning i høve til sine naboland.<sup>171</sup> Medan brota med samarbeidspartnerane hadde klare ideologiske grunnar, vart dei framstilte (og kanskje oppfatta) av AKP som forsvar av republikken, og med den rolla nasjonal fridom og sjølvstende hadde i AKP sitt bilet av nasjonen, forsvar av nasjonen. Partiet framstilte seg som del av, og leiarar for, nasjonen. Slik vart jugoslaviske, sovjetiske og kinesiske freistungar på å endra partiet sin politikk framstilte som freistungar på å overta styringa av Albania, og dermed undertrykking av den albanske nasjonen si vilje – ei vilje som AKP kravde einerett på. Nasjonale aspirasjoner og ein konservativ, dogmatisk tilnærming til ideologi førte Albania inn i isolasjon, som AKP framstilte som den einaste vegen i ei verd av imperialistar og revisionistar som freista å undertrykkja den albanske nasjonen.<sup>172</sup>

Albansk sjølvopphøgning fann ein som nemnt uttrykk for i kulturen. AKP fletta den nasjonale historia og partiet saman, og nyttta meir enn noko anna partisanørsla og frigjeringa

<sup>170</sup> Vickers, Miranda: *The Albanians – A Modern History*, I.B.Tauris, London/New York 1995, s. 193.

<sup>171</sup> Om dei siste åra med albansk – kinesisk samarbeid: Vickers, Miranda: *The Albanians – A Modern History*, I.B.Tauris, London/New York 1995, s. 201-202.

<sup>172</sup> Hoxha, Enver: *Laying the Foundations of the New Albania – Memoirs and Historical Notes*, ”8 Nëntori” Publishing House, Tirana 1984, s. 578-580.

av Albania i ein opphøging av den albanske sosialistiske nasjonen. Motstandskampen vart kalla den nasjonale frigjeringskrigen, og vart organisert som ein ei samling av det albanske folket og frigjeringa av fedrelandet.<sup>173</sup> Dermed fekk folket, den albanske nasjonen, ein sentral rolle i AKP sin framstilling av frigjeringskampen. Sidan frigjeringskampen vart det mest nytta elementet i AKP sin opphøging av det albanske, vart nasjonen òg opphøgja slik. Opphøginga av nasjonen syna seg gjennom m.a. litteratur, film, folkemusikk og utdanning.<sup>174</sup>

M. J. Alex Standish skriv om ein manglande sams skapingsmyte hjå albanarane, grunna sein nasjonal ”vakning”, og ulike religionar. Stammetilknyting og utbreidd analfabetisme hadde òg ei rolle i det relativt svake kollektive medvitet. Ifølgje Standish freista Enver Hoxha å skapa ein samlande myte, som han kalla albanianisme. Denne myta var eit utval og nytolking av albansk nasjonalhistorie, knytt saman med sosialistiske idear og med ei sentral rolle for Hoxha sjølv. Slutten på kommunistisk styre i Albania leidde òg ifølgje Standish til at denne myta sprakk og albanarane sitt nasjonale sjølvbilete til dels vart øydelagt.<sup>175</sup> Dei nasjonalistiske sidene ved brota med samarbeidspartnerane er allereie syna, men dei hadde òg interne følgjer, der opphøging av det nasjonale tok plassen til opphøginga av samarbeidspartnerane. Det klåraste dømet på dette var flyttinga av ein statue av Stalin frå ein sentral plassering på ein stor plass i Tirana, og plasseringa av ein Skanderbeg-statue der i staden, etter brotet med Sovjetunionen.<sup>176</sup>

Under andre verdskrig okkuperte Bulgaria Makedonia og delar av gresk Thrakia, dei nordaustlege greske kystområda, men mista båe områda etter krigen. Dermed vart ein del område som vart sett, i alle høve av nasjonalistar, som bulgarske, verande utanfor grensene til staten. Som syna tidlegare vart det makedonske kommunistpartiet lagt inn under JKP under krigen, med Stalin si godkjenning. I likskap med ”Kosovo-spørsmålet”, såg JKP for seg ei løysing av ”Makedonia-spørsmålet” gjennom oppretting av ein Balkanføderasjon. I ein slik føderasjon såg JKP føre seg ein eigen makedonsk republikk, som skulle omfatta alle dei

<sup>173</sup> Lubonja, Fatos: Between the Glory of a Virtual World and the Misery of a Real World, i: Schwandner-Sievers, Stephanie og Fischer, Bernd J. red.: *Albanian Identities – Myth and History*, Hurst & Company, London 2002, s. 93-4.

<sup>174</sup> Lubonja, Fatos: Between the Glory of a Virtual World and the Misery of a Real World, i: Schwandner-Sievers, Stephanie og Fischer, Bernd J. red.: *Albanian Identities – Myth and History*, Hurst & Company, London 2002, s. 97, for kultur og t.d. Kondis, Basil og Manda, Eleftheria, red.: *The Greek Minority in Albania –A Documentary Record (1921-1993)*, Institute for Balkan Studies, Thessaloniki 1994, s. 21 for utdanning.

<sup>175</sup> Standish, M.J.Alex: Enver Hoxha’s Role in the Development of Socialist Albanian Myths, i: Schwandner-Sievers, Stephanie og Fischer, Bernd J. red.: *Albanian Identities – Myth and History*, Hurst & Company, London 2002, s. 121-123.

<sup>176</sup> Lubonja, Fatos: Between the Glory of a Virtual World and the Misery of a Real World, i: Schwandner-Sievers, Stephanie og Fischer, Bernd J. red.: *Albanian Identities – Myth and History*, Hurst & Company, London 2002, s. 96-7.

makedonske områda i Jugoslavia, Bulgaria og Hellas.<sup>177</sup> Balkanføderasjonen vart støtta av det bulgarske partiet, med Dimitrov i spissen, sjølv ein makedonsk bulgarar, men som syna vart føderasjonen ikkje lenger aktuell etter brotet mellom JKP og Kominform.<sup>178</sup> Tilhøvet mellom styresmaktene i Bulgaria og den makedonske republikken har vore därlege sidan.<sup>179</sup> Historisk hadde det vore ein kamp mellom dei to landa om nasjonaliteten til makedonarane. I dei nye omstenda vedkjende JKP nasjonane i Jugoslavia, og makedonarane vart vedkjend som ein nasjon, ikkje som ein nasjonalitet. Det innebar at makedonarane ikkje hadde noko eige heimland utanfor Jugoslavia i JKP sine auge.<sup>180</sup> BKP vedkjende makedonarane som ein eigen nasjon under Dimitrov, men etter hans død i 1949 og JKP-Kominform brotet året før byrja BKP å moderera si vedkjenning ved å sjå makedonarane som ein ikkje ferdig forma nasjon. I tråd med framveksten av nasjonalistisk politikk og mål om intern eining i Bulgaria som syna seg særleg frå midten av 1950-talet, slutta BKP å vedkjenna eksistensen av ein makedonsk nasjon, og erklærte at makedonarane var bulgararar.<sup>181</sup> Medan dette i første rekkje var ein del av ei freistung på å skapa intern eining i Bulgaria, impliserte det at makedonarar utanfor Bulgaria òg var bulgararar, og representerte slik ein retur til mellomkrigstida sine nasjonalistiske styresmakter sine haldningar om makedonarane. Frå tidleg 1960-tal vart det gjeve straffar for utbrot av makedonsk nasjonalisme i Bulgaria, mellom anna tvangsflytting vekk frå makedonske område.<sup>182</sup>

Den periodiseringa som syner seg frå BKP si handsaming av ”det makedonske spørsmålet” er synleg i minoritetspolitikken i Bulgaria elles. I den første tida etter andre verdskrig var BKP, mykje likt dei andre kommunistpartia på Balkan, innstilt på å følgja føregangslendet Sovjetunionen, vedkjende minoritetar og aksepterte sine grenser. Frå Stalin sin død kom eit betra tilhøve mellom Sovjetunionen og Jugoslavia i stand, og det opna for ei

<sup>177</sup> JKP støtta dei kommunistleidde styrkane i den greske borgarkrigen til like etter brotet med Kominform, men etter slutten på JKP-støtte tapte dei greske kommunistane krigen, og som syna, fekk ein del av dei opphold i Albania.

<sup>178</sup> Poulton, Hugh: *The Balkans – Minorities and States in Conflict*, Minority Rights Publications, London 1993 (1991), s. 108.

<sup>179</sup> Poulton, Hugh: *The Balkans – Minorities and States in Conflict*, Minority Rights Publications, London 1993 (1991), s. 49.

<sup>180</sup> JKP såg framleis makedonarane utanfor Jugoslavia som makedonarar, som burde samlast i ein makedonsk republikk med grenser som omfatta dei makedonske områda i Bulgaria og Hellas. Når eg skriv at dei ikkje hadde noko heimland utanfor Jugoslavia meiner eg at JKP såg ein makedonsk republikk som heimlandet til makedonarane, og JKP følgde opp dette ved opprettinga av ein makedonsk republikk innan Jugoslavia. Utan ein eigen stat utanfor Jugoslavia vart dei difor rekna som nasjon av JKP. Om nasjonar og nasjonalitetar i Jugoslavia, sjå delen om partia sine framstillingar av nasjonane.

<sup>181</sup> Poulton, Hugh: *The Balkans – Minorities and States in Conflict*, Minority Rights Publications, London 1993 (1991), s. 108. Poulton set 1956 og Todor Zhivkov sin overtaking av leiarskapet av BKP i april det året som sluttpunktet for BKP-vedkjenning av den makedonske nasjonen.

<sup>182</sup> Poulton, Hugh: *The Balkans – Minorities and States in Conflict*, Minority Rights Publications, London 1993 (1991), s. 108.

forståing av at meir nasjonale liner vart tolererte av Sovjetunionen. Nedslaginga av Ungarn-opprøret i 1956 syna at det fanst grenser for toleransen, men avstaliniseringa, tilbaketrekkinga av sovjetiske styrkar frå Romania i 1958 og eit betra tilhøve mellom "Aust" og "Vest" opna for meir sjølvstendig politikk i dei kommunistiske regima på Balkan. I Bulgaria kom den meir sjølvstendige lina til å verta ein meir nasjonalistisk line. Særleg frå 1970-talet til kommunismen sitt fall, kom meir ekstreme nasjonale og nasjonalistiske trekk fram.

Grunnlova vedkjende minoritetar og gav dei rettar og støtte til kulturelle institusjonar.<sup>183</sup> Den tyrkiske minoriteten, den største i Bulgaria, fekk oppretta tyrkiske skular og avisar, og bøker vart skrivne og trykte på tyrkisk.<sup>184</sup> I tillegg til den tyrkiske minoriteten, var det fleire andre muslimske minoritetar, særleg pomakane, som er bulgarsktalande muslimar, og dessutan ein stor del roma som var muslimar. Ei rekkje mindre minoritetar fanst, men styresmaktene sin minoritetspolitikk var i hovudsak retta mot dei muslimske minoritetane.<sup>185</sup> Rettane og støtta til minoritetskultur var i tråd med marxisme-leninismen sin fjerning av undertrykking, og denne lina vart helde fram ei tid. Religion derimot, vart freista kontrollert, både kristendom og islam. I 1944 fekk BKP skifta ut leiarskapet i dei islamske religiøse institusjonane, og nytta desse som kanalar for å fremja partiet sin politikk. Desse institusjonane heldt difor fram med å eksistera under kommunismen.<sup>186</sup> Derimot vart koranskular stengt, og mange moskear sett ut av drift i 1949, og religionsundervisning i statlege skular forbode i 1952.<sup>187</sup>

I den tidlege perioden med oppfølging av marxist-leninistisk nasjonalitetspolitikk var det samstundes fleire omsyn å ta. Pomakane vart rekna som bulgararar, og det var teikn på at islam hadde ein einande effekt på dei ulike muslimske minoritetane. Difor vart det avgjort å oppretta eigne religiøse og kulturelle institusjonar for pomakane. Denne prosessen hadde byrja alt under krigen, og vart fullført av kommunistane innan 1948. I 1947 vart det forbode for pomakar å gå på tyrkiske skular, då dei var oppfatta av styresmaktene som bulgararar, og ein pomak-skule vart opna. BKP såg det med tida som ein feil å ha eigne skular for pomakar,

<sup>183</sup> Eminov, Ali: *Turkish and other Muslim Minorities in Bulgaria*, Hurst & Company. London 1997, s. 5.

<sup>184</sup> Karpat, Kemal H.: Introduction: Bulgarian Way of Nation Building and the Turkish Minority, i: Karpat, K.H., red.: *The Turks of Bulgaria: The History, Culture and Political Fate of a Minority*, The Isis Press, Istanbul 1990, s. 7-8.

<sup>185</sup> Om dei mindre minoritetsgruppene i Bulgaria, m.a. albanarar, tatar'ar, vlah-ar, armenarar, grekarar og russarar, sjå t.d.: Poulton, Hugh: *The Balkans – Minorities and States in Conflict*, Minority Rights Publications, London 1993 (1991), s. 116-118.

<sup>186</sup> Neuburger, Mary: *The Orient Within – Muslim Minorities and the Negotiation of Nationhood in Modern Bulgaria*, Cornell University Press, Ithaca and London 2004, s. 63-64. Eit døme på graden av partikontroll med desse kan synast ved at dei muslimske leiarane i Bulgaria støtta staten sin anti-religiøse og antityrkiske politikk, sjå: Eminov, Ali: *Turkish and other Muslim Minorities in Bulgaria*, Hurst & Company. London 1997, s. 61.

<sup>187</sup> Eminov, Ali: *Turkish and other Muslim Minorities in Bulgaria*, Hurst & Company. London 1997, s. 52.

då partiet frykta at dette ville "...uphold the mistaken conviction that they are some kind of minority and something separate from Bulgarians". Dermed vart pomakane sendt til bulgarske skular frå 1950.<sup>188</sup>

I ei tid der minoritetsrettane til den tyrkiske minoriteten elles vart følgd opp, deporterte Bulgaria rundt 140.000 tyrkarar til Tyrkia i 1950-1951.<sup>189</sup> Fleire ulike forklaringar er gjeve på dette. Tyrkia var eit kapitalistisk naboland som knytte seg til "Vesten", og med Truman-doktrina frå 1947 lova USA direkte militær støtte til Tyrkia. Det var ein frykt i Bulgaria for irredentisme hjå den tyrkiske minoriteten, ikkje minst av di store delar av minoriteten heldt til i område som grensa mot Tyrkia. Ein grunn kan difor ha vore å fjerna irredentistiske tyrkarar. Ein anna faktor kan ha vore at Stalin tok initiativ til deportasjonane for å destabilisera Tyrkia, ved å overøse landet med immigrantar, etter at Tyrkia sende styrkar til Koreakrigen.<sup>190</sup> Uansett hadde deportasjonane den fordelen for dei bulgarske styresmaktene at den frigjorde jordbruksland til kollektivisering, sjølv om dette kom med prisen av internasjonal negativ merksemd. Etter at deportasjonane slutta då Tyrkia stengde grensene seint i 1951, heldt BKP difor fram den marxist-leninistiske lina med klassesolidaritet mellom tyrkarar og bulgararar i Bulgaria og støtta tyrkisk kultur og språk.<sup>191</sup> Med unntak av deportasjonane var difor tida mellom andre verdskrig og midten av 1950-talet ei tid med oppfølging av minoritetsrettane til tyrkarane.

Med avgrensinga av religion, og styresmaktene sitt syn på pomakane som bulgararar, vart pomakane og dei muslimske roma-gruppene i aukande grad ståande utan institusjonar eller rettar som gav dei utløp for sine identitetar. Frå tidleg 1950-tal byrja ein del av desse minoritetane å identifisera seg som tyrkarar, sidan dei såg seg sjølve som noko anna enn bulgararar, og tyrkarane ope kunne syna sin identitet. BKP innsåg at ikkje berre styrka dei

<sup>188</sup> Om politikk ovanfor pomakane på 1940-talet: Neuburger, Mary: *The Orient Within – Muslim Minorities and the Negotiation of Nationhood in Modern Bulgaria*, Cornell University Press, Ithaca and London 2004, s. 64-65. Sitatet er frå ein ikkje namngjeve partifunksjonær i BKP, henta frå: *Ibid*.

<sup>189</sup> Neuburger, Mary: *The Orient Within – Muslim Minorities and the Negotiation of Nationhood in Modern Bulgaria*, Cornell University Press, Ithaca and London 2004, s. 67. Andre kjelder har andre tal, men innanfor rammer som gjer at 140.000 gjev eit grovt bilet av omfanget av deportasjonane, og det er føremålet her. Sjå t.d.: Karpat, Kemal H.: Introduction: Bulgarian Way of Nation Building and the Turkish Minority, i: Karpat, K.H., red.: *The Turks of Bulgaria: The History, Culture and Political Fate of a Minority*, The Isis Press, Istanbul 1990, s. 4 og Eminov, Ali: *Turkish and other Muslim Minorities in Bulgaria*, Hurst & Company. London 1997, s. 82. I tillegg må ein ta omsyn til at det gjekk føre seg ein utveksling av folk i etterkant av andre verdskrig, og at det slik var ein viss utflytting av tyrkarar frå Bulgaria som følge av bilaterale avtalar mellom andre verdskrig og 1978, sjå: *Ibid*.

<sup>190</sup> Neuburger, Mary: *The Orient Within – Muslim Minorities and the Negotiation of Nationhood in Modern Bulgaria*, Cornell University Press, Ithaca and London 2004, s. 67, nemner dette motivet, men ikkje Stalin som opphavsmann, det gjer derimot Karpat, Kemal H.: Introduction: Bulgarian Way of Nation Building and the Turkish Minority, i: Karpat, K.H., red.: *The Turks of Bulgaria: The History, Culture and Political Fate of a Minority*, The Isis Press, Istanbul 1990, s. 4.

<sup>191</sup> Eminov, Ali: *Turkish and other Muslim Minorities in Bulgaria*, Hurst & Company. London 1997, s. 82.

sjølve tyrkisk identitet, men stadig fleire identifiserte seg som tyrkarar. Islam vart oppfatta som årsaka til ”tyrkifiseringa” av andre muslimske minoritetar, og frå 1956 vart anti-islam kampanjar nyttar meir enn før.<sup>192</sup>

BKP var innan 1956 overtydd om at tidlegare politikk hadde leidd til ein sterkare tyrkisk identitet hjå den tyrkiske minoriteten, og tilknyting av andre minoritetar til tyrkisk identitet. Store endringar i minoritetspolitikken kom på eit møte i sentralkomiteen i BKP i April 1956. Møtet sette mål om å skapa ein meir homogen ein-nasjons-stat, og trakk tilbake ei rekke minoritetsrettar.<sup>193</sup> Makedonarane vart erklært bulgararar, og innan året var omme vart det fatta vedtak om at nomadiske grupper av roma skulle gjerast fastbuande, og ta arbeid som bidrog til samfunnet, og slik verta meir integrerte.<sup>194</sup> Dei første omfattande tiltaka for eining av den sosialistiske nasjonen vart sette i verk. Partileiaren Todor Zhivkov fremja ideen om at sosialistisk uvikling måtte gå fortare. Islam og tyrkisk levesett vart sett som restar av ottomansk fortid og hadde slik ikkje nokon plass i det nye, sosialistiske Bulgaria.<sup>195</sup> Dermed sette BKP i gang kampanjar i 1958 for å modernisera muslimske hushald. I 1958-1960 vart òg kollektiviseringa av jordbruket fullført, som mellom klassiske kommunistiske grunnar, skulle integrera muslimske bønder i økonomien elles.<sup>196</sup> BKP byrja dessutan å endra sitt syn på tyrkarane som ein nasjonal minoritet. Mellom 1960 og 1972 vart dermed tyrkisk undervisning trappa ned, og tyrkarar sendt i bulgarske skular.<sup>197</sup>

Dei andre muslimske minoritetane si tilknyting til tyrkisk identitet vart oppfatta som ein utvikling i feil retning. For å motverka dette, og få dei til å identifisera seg som bulgararar, vart det sett i gang namneendringskampanjar i 1962, først retta mot pomakane, for å få dei til å ta bulgarske namn framfor muslimske eller tyrkiske namn. Medan desse først var tenkt å vera friviljuge, vart lokale partifunksjonærar overivrig i tenesta, og kampanjene vart nedtona etter rapportar om tvang. Men innan byrjinga av 1970-talet hadde kampanjene ikkje hatt den ønskte effekten, og mellom 1971 og 1974 vart alle pomakane og grupper av muslimske roma tvungne til å ta bulgarske namn.<sup>198</sup> Eininga av nasjonen hadde nådd ekstreme formar.

<sup>192</sup> Eminov, Ali: *Turkish and other Muslim Minorities in Bulgaria*, Hurst & Company. London 1997, s. 53-4.

<sup>193</sup> Eminov, Ali: *Turkish and other Muslim Minorities in Bulgaria*, Hurst & Company. London 1997, s. 6.

<sup>194</sup> Eminov, Ali: *Turkish and other Muslim Minorities in Bulgaria*, Hurst & Company. London 1997, s. 6.

<sup>195</sup> Neuburger, Mary: *The Orient Within – Muslim Minorities and the Negotiation of Nationhood in Modern Bulgaria*, Cornell University Press, Ithaca and London 2004, s. 68.

<sup>196</sup> Neuburger, Mary: *The Orient Within – Muslim Minorities and the Negotiation of Nationhood in Modern Bulgaria*, Cornell University Press, Ithaca and London 2004, s. 69.

<sup>197</sup> Eminov, Ali: *Turkish and other Muslim Minorities in Bulgaria*, Hurst & Company. London 1997, s. 6.

<sup>198</sup> Neuburger, Mary: *The Orient Within – Muslim Minorities and the Negotiation of Nationhood in Modern Bulgaria*, Cornell University Press, Ithaca and London 2004, s. 75.

Namneendringane vart framstilte som om styresmaktene gav minoritetane tilbake sin bulgarske identitet etter at dei hadde vorte ”tvangsislamiserte” og ”tvangstyrkifiserte” under den ottomanske perioden.<sup>199</sup> I aukande grad vart minoritetane sett som bulgararar. Grunnlova i 1971 hadde dermed ingen referansar til minoritetar i det heile.<sup>200</sup> Etter at pomakane og delar av den muslimske roma-minoriteten offisielt hadde ”vorte bulgararar att”, stod tyrkarane att. Frå 1975 vart det slutt på tyrkiske skular, aviser og andre forum for uttrykk for tyrkisk identitet, og innan 1984 var den tyrkiske minoriteten skrive ut av den bulgarske historia.<sup>201</sup> I denne perioden vart mange muslimske skikkar forbode, mellom anna omskjering, feiring av muslimske høgtidar, gravferdsritual og tradisjonelle klede. I 1978 fastsette staten kva heilagdagar og feiringar som var lovlege, som syna tidlegare var dette sosialistiske og nasjonale heilagdagar.<sup>202</sup> Grunnleggjande uttrykk for den tyrkiske identiteten vart slik forbode.

Den bulgarske minoritetspolitikken hadde sidan 1956 gått føre seg gjennom kampanjar for å få minoritetane til å identifisera seg som bulgararar, og då dette ikkje førte fram, gjennom undertrykking av identitetsskapande faktorar som religion og tradisjonar. Frå 1971 hadde styresmaktene tvunge minoritetane til å endra namn til bulgarske namn, og erklært dei for bulgararar. Denne lina kulminerte med ein storstilt aksjon i 1984 og 1985, då heile den tyrkiske minoriteten, sidan tidleg 1970-tal berre kalla bulgararar med ikkje-bulgarsk opphav, tvungne til namneendring, saman med dei siste muslimske roma-gruppene. Desse kampanjane møtte sterkt motstand og det vart sett inn militære einingar for å sikra gjennomføringa av kampanjene. I kjølvatnet av desse kampanjane vart tyrkisk språk forbode å nytta offentleg, og razziaar vart gjennomførte for å konfiskera tyrkiske eidedelar, som bøker, klede og liknande.<sup>203</sup> Mellom 1984 og 1989 vart deretter ei rekke moskear stengde eller øydelagde.<sup>204</sup> Etter at namneendringskampanjene vart avslutta i 1985 erklærte Todor Zhivkov at det ikkje fanst tyrkarar i Bulgaria.<sup>205</sup>

<sup>199</sup> Eminov, Ali: *Turkish and other Muslim Minorities in Bulgaria*, Hurst & Company. London 1997, s. 9-10.

<sup>200</sup> Eminov, Ali: *Turkish and other Muslim Minorities in Bulgaria*, Hurst & Company. London 1997, s. 7.

<sup>201</sup> Karpat, Kemal H.: Introduction: Bulgarian Way of Nation Building and the Turkish Minority, i: Karpat, K.H., red.: *The Turks of Bulgaria: The History, Culture and Political Fate of a Minority*, The Isis Press, Istanbul 1990, s. 8.

<sup>202</sup> Om forbod mot muslimske skikkar: Eminov, Ali: *Turkish and other Muslim Minorities in Bulgaria*, Hurst & Company. London 1997, s. 59.

<sup>203</sup> Om kampanjene i 1984-5: Eminov, Ali: *Turkish and other Muslim Minorities in Bulgaria*, Hurst & Company. London 1997, s. 87-90.

<sup>204</sup> Karpat, Kemal H.: Introduction: Bulgarian Way of Nation Building and the Turkish Minority, i: Karpat, K.H., red.: *The Turks of Bulgaria: The History, Culture and Political Fate of a Minority*, The Isis Press, Istanbul 1990, s. 1.

<sup>205</sup> Neuburger, Mary: *The Orient Within – Muslim Minorities and the Negotiation of Nationhood in Modern Bulgaria*, Cornell University Press, Ithaca and London 2004, s. 77.

Etter ei periode med freistingar på å følgja opp ei marxist-leninistisk klassesamhaldsline frå maktovertakinga fekk den bulgarske sosialistiske nasjonen med tida ein stadig sterkare etnisk bulgarsk identitet. Då eininga av folket i den sosialistiske nasjonen ikkje fjerna tilknytinga til minoritetsidentitetane, fjerna styresmaktene minoritetsidentitetane ved tvungne namneendringar. Som i fleire av landa var det styresmaktene som avgjorde kva ”røynda” var, og den partiskapte røynda vart eit etnisk homogent Bulgaria. Den objektive røynda derimot, synte seg i 1989, då store demonstrasjonar braut ut hjå misnøgde tyrkarar, og Zhivkov lova utreisevisum til alle som framleis meinte at dei var hadde tyrkisk opphav. Resultatet var at rundt 350.000 tyrkarar emigrerte til Tyrkia. Ikkje berre syna dette at det visseleg fanst tyrkarar i Bulgaria, men dei økonomiske følgjene bidrog til Zhivkov-regimet sitt fall seinare same året.<sup>206</sup>

Bulgarsk sosialistisk og nasjonal sjølvopphøgning kom fram gjennom kulturuttrykk, festivalar, ritual, heilagdagar, institusjonar og symbol.<sup>207</sup> Blandinga av bulgarsk nasjonalhistorie og nasjonale identitetsskapande faktorar med sosialistisk ideologi og sosialistiske symbol, gjorde at både opphøgning av det nasjonale og opphøginga av det sosialistiske vart ein opphøgning av den sosialistiske nasjonen. Etnografiske museum vart oppretta mange stader, som syna nasjonal historie som ein veg mot sosialismen. Dåpsseremoniar, 1.mai-feiring, oktoberrevolusjonen sin dag, feiring av den bulgarske ”revolusjonen” sin dag 9. september, og feiringar av frigjeringa frå det ottomanske riket, mellom anna med frigjeringsdagen, 3. mars, var feiringar som opphøgja den sosialistiske nasjonen, både det nasjonale, det sosialistiske, og ofte Sovjetunionen.<sup>208</sup> Som Donna Anne Buchanan skriv: ”During the socialist period Bulgarian state rituals such as the November 7th holiday were about the hegemonic control of national identity as formulated by political ideology.”<sup>209</sup> Opphøginga av det nasjonale var opphøgning av BKP si framstilling av det nasjonale. Særleg vart opphøginga av det bulgarske knytt til frigjeringa frå det ottomanske riket, noko som leidde til ein opphøgning av det bulgarske i høve til det ottomanske, representert i det moderne Bulgaria ved tyrkarane og Islam.

Døme på jugoslavisk ”nasjonalisme” er problematiske. Medan det var klare uttrykk for sjølvopphøgning av ”det jugoslaviske”, vart ikkje nasjonale minoritetar undertrykt eller nekta

<sup>206</sup> Om emigrasjonen og følgjene: Neuburger, Mary: *The Orient Within – Muslim Minorities and the Negotiation of Nationhood in Modern Bulgaria*, Cornell University Press, Ithaca and London 2004, s. 82-3.

<sup>207</sup> Buchanan, Donna Anne, Ph.D: *The Bulgarian Folk Orchestra: Cultural Performance, Symbol, and the Construction of National Identity in Socialist Bulgaria*, The University of Texas at Austin 1991, s. 85.

<sup>208</sup> Buchanan, Donna Anne, Ph.D: *The Bulgarian Folk Orchestra: Cultural Performance, Symbol, and the Construction of National Identity in Socialist Bulgaria*, The University of Texas at Austin 1991, s. 92.

<sup>209</sup> Buchanan, Donna Anne, Ph.D: *The Bulgarian Folk Orchestra: Cultural Performance, Symbol, and the Construction of National Identity in Socialist Bulgaria*, The University of Texas at Austin 1991, s. 101.

eut identitetsgrunnlag i den grad dette skjedde i dei andre landa. Men mest av alt er det problematisk å snakka om ein jugoslavisk nasjonalisme fordi Jugoslavia hadde fem grunnlovsvedkjende statsformande nasjonar. Ein kan difor berre snakka om ein jugoslavisk nasjonalisme dersom JKP freista å skapa ein nasjon av folka i staten.<sup>210</sup> Frå JKP si side vart det gjort klart at dei ikkje freista å skapa ein nasjon, eller undertrykka dei eksisterande.<sup>211</sup> Men på 1950-talet freista partiet å skapa eit jugoslavisk medvit og meir tilnærming mellom nasjonane. JKP sine fremjingar av "det jugoslaviske" var som syna basert på staten, partisanrørsla sin frigjeringskamp og Tito sjølv. Utan nasjonal historie eller andre nasjonale identitetsskapande faktorar, var eininga i Jugoslavia i all hovudsak patriotisme, dvs. fedrelandskjærleik og ikkje nasjonalisme. Gjennom fremjing av "det jugoslaviske", skulle dei ulike nasjonale gruppene i Jugoslavia få halda på sin nasjonale identitet og sine nasjonale identitetsskapande faktorar, men dei skulle sjå Jugoslavia som staten sin. Som ein konsekvens av denne jugoslaviske patriotismen, var det ikkje rom for nasjonalisme i Jugoslavia.<sup>212</sup> Sidan staten var Jugoslavia, kunne ikkje t.d. ein kroat krevja samsvar mellom den kroatiske nasjonen og den kroatiske republikken, for det ville vera upatriotisk. Jugoslavisk patriotisme innebar at nasjonane ikkje vart undertrykte, men at nasjonalisme vart sett som negativt i eit sosialistisk samfunn og kjempa mot. Så i staden for å undertrykka nasjonar eller nasjonale minoritetar, undertrykte JKP nasjonalismar.

I staden for undertrykkande nasjonalisme, var døme på "undertrykkande patriotisme" synleg i Jugoslavia. Patriotismen var, saman med sosialismen, dei to viktigaste faktorane som JKP baserte samhaldet mellom nasjonane på. Dermed var det opna for nasjonar sin eksistens og oppretthaldning av identitetsskapande faktorar, så lenge desse ikkje gav uttrykk for nasjonalisme. Særleg var JKP på vakt mot serbisk hegemonisk nasjonalisme og kroatisk separatistisk nasjonalisme, sidan desse kreftene hadde vore så øydeleggjande i mellomkrigstida. Men dei første utbrota av nasjonalisme vart i stor grad framprovosert av styresmaktene sjølve, i Kosovo. Etter at jakta på kollaboratørar i Kosovo enda med forfølging

<sup>210</sup> På trass av at m.a. Aleksa Djilas nevner ein form for jugoslavisk nasjonalisme, gjer Gellner sin definisjon på nasjonalisme at det må vera eit mål å gjera nasjonen og staten samsvarande for å kalla det nasjonalisme. Utan JKP-freistigar på å skapa ein nasjon kan ein difor ikkje snakka om jugoslavisk nasjonalisme hjå partiet. Djilas, Aleksa: *The Contested Country – Yugoslav Unity and Communist Revolution, 1919-1953*, Harvard University Press, Cambridge og London 1991, s. 168-170. Gellner sin definisjon finnast først i kapittelet.

<sup>211</sup> Haug, Hilde K.: *Brotherhood and (dis)Unity – The Yugoslav Communists' search for a Socialist Solution to the National Question 1935-1980*, Faculty of Humanities, University of Oslo 2007. Hilde K. Haug synar at JKP var imot undertrykkig av nasjonane (s. 101), at jugoslavismen ikkje var meint å erstatta nasjonale kulturar (s. 141), og seier eksplisitt at ho ikkje ser einingstiltak frå JKP som freistigar på å skapa ein jugoslavisk *nasjonal* identitet (s. 281, note 1).

<sup>212</sup> Haug, Hilde K.: *Brotherhood and (dis)Unity – The Yugoslav Communists' search for a Socialist Solution to the National Question 1935-1980*, Faculty of Humanities, University of Oslo 2007, s. 97: JKP forventa at jugoslavisk patriotisme ville redusera tilknytinga til sjåvinistisk nasjonalisme.

av og massakrar på albanarar, gjekk albanarane til opprør i november 1944. Opprøret fekk slike dimensjonar at unntakstilstand vart innført i februar 1945 og militære einingar vart sette inn, men ikkje før mai 1945 vart opprøret avslutta.<sup>213</sup> Den første opplevinga til albanarane med det nye Jugoslavia var framhald av undertrykking. Allereie under dette opprøret var det hjå albanarane nokre som syna irredentistiske tankar, og uttrykte ønske om samanslåing med Albania.<sup>214</sup>

Albanarane i Kosovo var i ein særskild situasjon. Mange av dei hadde støtta aksemaktene, dei var ikkje sørslavarar, nokre var irredentistar, og det fanst frå tidlegare etniske spenningar mellom albanarane i Kosovo og serbarane. Så medan forfølginga av albanarane i 1944-1945 ikkje ser ut til offisielt å vera ein JKP-initiert undertrykking av ein nasjonal minoritet, vart albanarane sett som ein mogleg trussel mot staten sin integritet.<sup>215</sup> Ut frå dei kriteria som JKP sette for vedkjenning som ”nasjon”, ”nasjonalitet” eller ”etnisk gruppe”, vart albanarane vedkjend som nasjonalitet, sidan dei var del av ein nasjon som var statsformande i eit land utanfor Jugoslavia. Dermed fekk dei minoritetsrettar, men ikkje ein eigen republikk. Kosovo vart eit autonomt område. Minoritetsrettane vart følgde opp, og seinare uttrykk for misnøye hjå albanarane kom i form av krav om vedkjenning som nasjon og oppretting av ein albansk republikk som omfatta Kosovo og område i Makedonia der det budde albanarar.<sup>216</sup> Men JKP var ikkje innstilt på å gje albanarane nasjonsstatus eller ein eigen republikk, då ein albansk republikk truleg ville freista å få til ein samanslåing med Albania. Sidan Kosovo heldt ein sentral plass i den serbiske historia og som identitetsskapande faktor hjå den serbiske nasjonen, ville ikkje JKP utfordra skjebnen ved å leggja Kosovo på albanske hender.<sup>217</sup> Konsekvensane for albanarane i Kosovo var at dei, på trass av at det var fleire albanarar enn til dømes montenegrinarar i Jugoslavia, ikkje fekk den

<sup>213</sup> Om Kosovo-opprøret: Vickers, Miranda: *The Albanians – A Modern History*, I.B.Tauris, London/New York 1995, s. 161-2.

<sup>214</sup> Vickers, Miranda: *The Albanians – A Modern History*, I.B.Tauris, London/New York 1995, s. 161.

<sup>215</sup> Mellom anna var det i hovudsak serbiske og montenegrinske militæreiningar som vart sett inn under opprøret, og det serbiske kommunistpartiet kritiserte framferda til militæreiningane i etterkant, noko som kan tyda på at det var utslag av mellomnasjonale spenningar mellom serbiske styrkar og albanarar, ikkje mellom dei jugoslaviske styresmaktene og den albanske minoriteten som leidde til overgrep mot albanarane. Sjå: Ibid, s. 161-2.

<sup>216</sup> Albansk vart eit av Jugoslavia sine offisielle språk, utdanning på albansk vart gjort tilgjengeleg. Sjå: Poulton, Hugh: *The Balkans – Minorities and States in Conflict*, Minority Rights Publications, London 1993 (1991), s. 59 og 65-6 om oppfølging av minoritetsrettar, og s. 60-63 for døme på krav om republikkstatus.

<sup>217</sup> Tito sa dette til Hoxha slik i 1946: ”Kosovo og dei andre albanske regionane tilhører Albania og vi skal returnera dei til dykk, men ikkje no fordi storserbiske reaksjonære krefter ikkje ville akseptera det.” Vickers, Miranda: *The Albanians – A Modern History*, I.B.Tauris, London/New York 1995, s. 165, mi oversetjing. Etter 1948 var ikkje ein balkanføderasjon eit alternativ, og dermed heller ikkje overdraging av Kosovo til Albania.

same politiske statusen som dei vedkjende nasjonane.<sup>218</sup> Minoritetsrettane vart i ein stor grad følgde opp, og dermed tok albansk misnøye ofte form av ønske om status som nasjon og eigen republikk.<sup>219</sup> Sidan det tilsvara nasjonalisme (samsvar mellom albanarane i Jugoslavia og ein albansk republikk i Jugoslavia eller direkte krav om samanslåing med den albanske staten), vart det alltid negativt motteke av dei jugoslaviske styresmaktene, som var imot alle uttrykk for nasjonalisme.

JKP sin undertrykking av nasjonalismar samsvara både med patriotismen, det å ta vare på integriteten til den jugoslaviske staten, og med sosialismen sitt negative tilhøve til nasjonalisme under sosialismen.<sup>220</sup> Difor kan ein finna døme på undertrykking av nasjonalismar òg etter at JKP byrja å svekka staten og dermed patriotismen sin rolle i det jugoslaviske samhaldet. Alt frå 1950 innførte JKP tiltak for formell desentralisering av makt, ved opprettinga av arbeidarsjølvstyresystemet. Med aukande desentralisering av makta, vart staten si makt bygd ned. To retningar syna seg i JKP, ein som ville halda fram med ein sterk stat og dermed basera jugoslavisk samhald på ein sterk stat og sosialisme, og ein som ville byggja ned staten til eit minimum og basera samhaldet på sosialismen åleine. Både retningane var imot nasjonalisme. Frå midten av 1960-talet vann den sosialistiske retninga fram, noko som syna seg ved ”reinskinga” av ein av dei leiande representantane for ein sterk stat, Aleksandar Ranković, i 1966, samt ved den reelle desentraliseringa av makt som følgde.<sup>221</sup> Den nye grunnlova frå 1974 syna i kva grad jugoslavisk samhald då vart basert på sosialistisk samhald, ved at makta, inkludert makta til partiet, som hadde motverka den tidlege desentraliseringa av staten, vart lokalisiert i republikkane. Republikkane fekk mykje av den makta som tidlegare hadde lagt til nasjonane. Dermed vart det oppretta ”statar i staten”, framleis utan samsvar mellom grenser og nasjonar. Dette skulle fjerna alle restar av undertrykking av nasjonar, ved at republikkane deira fekk politisk makt, noko som skulle styrka det sosialistiske samhaldet mellom nasjonane.<sup>222</sup>

<sup>218</sup> Om folketal, sjå: Poulton, Hugh: *The Balkans – Minorities and States in Conflict*, Minority Rights Publications, London 1993 (1991), s. 45: montenegrinarar- 584310, s. 57: albanarar- 1700000 (1981).

<sup>219</sup> Levekår var òg bakgrunn for misnøye, fordi Kosovo var ein fattig del av Jugoslavia, men når den typen misnøye vart lufta gjennom demonstrasjonar og liknande, kom det òg fram element som ville ha republikkstatus.

<sup>220</sup> Marxismen-leninismen opna for å støtta nasjonalistiske rørsler som var progressive, men berre fram til nasjonal undertrykking var borte, deretter var nasjonalisme reaksjonært. Under sosialismen var difor nasjonalisme negativt.

<sup>221</sup> Om saka mot Ranković, sjå: Haug, Hilde K.: *Brotherhood and (dis)Unity – The Yugoslav Communists' search for a Socialist Solution to the National Question 1935-1980*, Faculty of Humanities, University of Oslo 2007, s. 177-180.

<sup>222</sup> Om 1974-grunnlova: Sjå t.d.: Vuckovic, Dr. Gojko: *Ethnic Cleavages and Conflict: The Sources of National Cohesion and Disintegration – The Case of Yugoslavia*, Ashgate Publishing Ltd., Aldershot/Brookfield USA/Singapore/Sydney 1997, s. 122-124.

Den største faren ved denne utviklinga var dersom dei sosialistiske partia skulle verta nasjonalistiske. Tito såg denne faren og valde å reinska ei rekkje kroatiske partileiarar og – medlemer etter at dei stilte seg bak kroatiske krav om meir makt i republikkane og kroatiske sær-rettar mellom 1967 og 1971.<sup>223</sup> Det var ikkje rom for nasjonalisme i eit jugoslavisk samhald bygt berre på sosialisme heller, og nedslaging av nasjonalistiske utbrot gjaldt både ”nasjonalitetar” og statsformande nasjonar. Likevel valde JKP å helda fram med desentralisering og sosialistisk samhald. 1974-grunnlova stadfesta denne desentraliseringa og gav republikkane makt til å ordna seg sjølve internt, samt reduserte det føderale nivået til summen av republikkane (i motsetnad til at republikkane sine parti representerte føderal makt, representerte føderasjonen republikkane sine parti sin makt). I den situasjonen som oppstod er det dermed ikkje lenger meiningsberande å sjå etter nasjonal undertrykking frå den Jugoslaviske staten. Ein må i så fall sjå etter denne på republikknivå, der nasjonalismen spreidde seg frå intellektuelle og inn i partia utover 1980-talet, men eg vil ikkje gå nærmare inn på det her, då det er nasjonalisme hjå styresmaktene i Jugoslavia som eg ser etter her, og ikkje partikularistiske nasjonalismar.

JKP-fremja jugoslavisk intern patriotisme varte dermed frå andre verdskrig til midten av 1960-talet. Staten vart frå då ei ”ramme” rundt republikkane og dei autonome områda, med militæret og Tito sjølv som dei attverande samanbindande kreftene utover sosialistisk samhald. Frå andre verdskrig til Aleksandar Ranković hamna i unåde var det patriotiske samhaldet forfekta i noko ulike formar. Fram til 1948 vart ein sentralistisk sterkt stat fremja, noko som vart følgd opp i dei første åra etter 1948, til JKP fekk staka ut ein eigen jugoslavisk retning. Medan denne retninga byrja å ta form dukka ”sosialistisk jugoslavisme” opp på midten av 1950-talet, som innebar ei freistung på å styrka det jugoslaviske samhaldet. Dette innebar å leggja fleire element til ”det jugoslaviske” enn berre patriotisme og frigjeringskampen under andre verdskrig. Då dette byrja å likna på ein form for jugoslavisk nasjonalisme, vart det stilt ei rekkje kritiske spørsmål frå ulike hald, mest innafor kulturelle sirklar i republikkane om framtida til nasjonale kulturar. Resultatet var at den patriotiske retninga, med den tihøyrande jugoslaviske kulturen vart nedtona og sosialistisk samhald vann fram i staden.

Medan dette er ei sterkt forenkling av hendingane, kjem likevel nokre sentrale trekk fram. Som ein oppsummering kan ein seia at JKP freista å unngå alle formar for

---

<sup>223</sup> Om framveksten av kroatiske nasjonale krav og Tito sin reaksjon, sjå t.d.: Haug, Hilde K.: *Brotherhood and (dis)Unity – The Yugoslav Communists' search for a Socialist Solution to the National Question 1935-1980*, Faculty of Humanities, University of Oslo 2007, s. 221-250 for ein detaljert gjennomgang.

undertrykking av nasjonar eller nasjonale minoritetar. Vidare freista dei ikkje å skapa ein nasjon. Dermed er det i beste fall problematisk å snakka om ei jugoslavisk nasjonalisme. Freustingar på å tilleggja jugoslavisk patriotisme eit kulturelt og dermed meir nasjonsbyggingsliknande element, vart motteke med skepsis og gjeve opp på 1960 talet. I tida mellom andre verdskrig og midten av 1960-talet er det difor mogleg å sjå freustingar på eining innanfor staten, men eg ser ikkje dette som nasjonal eining. I tida etter dette vart den jugoslaviske staten redusert til eit sosialistisk rammeverk rundt republikkane og dei autonome områda, med stadig mindre eining.<sup>224</sup> Jugoslavia skil seg difor radikalt frå dei andre kommunistleidde statane på Balkan når det gjeld intern ”nasjonalisme”, ved at det ikkje var nokon jugoslavisk nasjonalisme hjå JKP.

Eksternt var JKP i kjølvatnet av andre verdskrig interessert i å innlemma ei rekkje område i staten, der det budde slavarar. Frå Austerrike, Italia, Romania og Ungarn vart mindre grenseområde nemnde, og i 1946 tok Tito opp ein del greske område ovanfor Stalin.<sup>225</sup> Sovjetunionen støtta ikkje opp om jugoslaviske krav i dei avgjerande avtalane, og Stalin var noko skeptisk til jugoslavane, både pga. krav om territorium og fordi JKP fekk stor respekt hjå dei andre aust-europeiske kommunistpartia. Jugoslavane si stilling leidde til frykt for alternative lojalitetskrevjarar enn Sovjetunionen hjå Stalin, og i 1948 vart brotet mellom det sovjetstyrte Kominform og JKP eit faktum. Brotet kom etter sovjetisk kritikk av JKP for ei rekkje ideologiske ”feil”, men Tito og JKP si stilling i den kommunistiske verda var ein meir reell grunn.<sup>226</sup> Den særskilde politiske utviklinga i Jugoslavia etter brotet vart slik ikkje planlagd før brotet, men kom som ein konsekvens av brotet.<sup>227</sup> Dermed var ikkje den særskilde lina ein JKP-initiert nasjonal veg til kommunismen, men ein motvekt mot det JKP såg som ”feil” hjå Sovjetunionen etter at JKP vart kasta ut av Kominform.

Krava på område med slavarar er slik meir interessant om ein ser etter utslag av nasjonalisme. Det er slåande at det ikkje vart fremja krav på område i Bulgaria og Albania. Desse statane var jo framleis planlagd innlemma i ein balkanføderasjon. Krav om område der det budde slavarar kan vera eit uthyrk for eit sørslavisk aspekt ved jugoslavisk samhald, som ikkje vart nyttta i stor grad av JKP offisielt, men som ligg som undertonar i noko av JKP sin

<sup>224</sup> Ramme-metaforen er henta frå: Haug, Hilde K.: *Brotherhood and (dis)Unity – The Yugoslav Communists' search for a Socialist Solution to the National Question 1935-1980*, Faculty of Humanities, University of Oslo 2007, s. 103.

<sup>225</sup> Crampton, R.J.: *The Balkans since the Second World War*, Pearson Education Limited, London/New York m.fl. 2002, s. 35.

<sup>226</sup> Om brotet mellom Kominform og JKP: Crampton, R.J.: *The Balkans since the Second World War*, Pearson Education Limited, London/New York m.fl. 2002, s. 35-37.

<sup>227</sup> Haug, Hilde K.: *Brotherhood and (dis)Unity – The Yugoslav Communists' search for a Socialist Solution to the National Question 1935-1980*, Faculty of Humanities, University of Oslo 2007, s. 113.

politikk fram til 1964. Sidan denne etniske sida av samhaldet ikkje vart nytta som eit grunnlag for jugoslavisk samhald, har den fått lite merksemd her. JKP tok avstand frå mellomkrigstida sitt Jugoslavia, der sørslavarane vart sett som ein nasjon av styresmaktene, og nytta difor ikkje det etniske slaviske elementet i nokon stor grad. Integreringa av albanarar og andre ikkje-slaviske minoritetar i staten vanskeleggjorde òg etnisk slavisk eining utan undertrykking. Slik kan ein sjå fråveret av ein etnisk dimensjon i offisiell JKP-politikk som ein viktig grunn til at JKP aldri fekk dei same nasjonalistiske og minoritetsundertrykkande tendensane som syna seg i dei andre kommunistleidde statane på Balkan.<sup>228</sup>

I Jugoslavia syna opphøginga av ”det jugoslaviske” seg ikkje som opphøging av nasjonal historie eller nokon nasjon. Partisanrørsla, patriotisme og Tito derimot, var det rom for å opphøgja, og etter brotet med Sovjetunionen vart den jugoslaviske utgåva av sosialismen òg hylla. Frå 1953 vart Tito feira med store seremoniar den 25.mai, den såkalla ungdommen sin dag, som vart framstilt som Tito sin bursdag.<sup>229</sup> Partisanrørsla vart hylla særleg med monument, og det var over 4000 krigsmonument berre i Bosnia-Herzegovina.<sup>230</sup> Etter Stalin sin kritikk av JKP i 1948, syna Tito at tilhøvet til Sovjetunionen hadde endra seg sidan mellomkrigstida, då han påpeikte ovanfor Stalin: ”No matter how much some of us love the USSR, one cannot love its own country less, a country that is also building socialism, specifically, the Federative People’s Republic of Yugoslavia.”<sup>231</sup> Jugoslaviske ideal vart òg fremja gjennom symbolbruk og kultur, mykje likt dei andre landa, men utan eit nasjonalt innhald.

---

<sup>228</sup> Det sørslaviske aspektet ser ut til å ha sett sitt preg på ein del avgjerder hjå JKP, men hjå dei kjeldane eg har nytta har det ikkje vore JKP-politikk å fremja etnisitet i nokon omfattande grad for å skapa samhald, og i enno mindre grad ser det ut til å ha leidd til undertrykkjande nasjonalisme. Derimot syner ein del utsegn at det fanst ein sørslavisk idé hjå delar av det sørslaviske folket, og hjå Tito sjølv, fram til 1964, då han forkasta ideen om eit nasjonalt samhald. JKP sin prosess med desentralisering og redusering av staten si rolle leidde òg til at staten Jugoslavia vart meir av eit sosialistisk rammeverk og at den slaviske dimensjonen ved staten slik òg vart redusert. Det sørslaviske aspektet ser ut til å ha vorte unngått meir for å ta avstand frå ein-nasjons-tanken frå mellomkrigstida enn å sikra integrering av ikkje-slaviske minoritetar før staten mista si rolle, då det fleire stader er referert til skepsis til ein del minoritetar, m.a. albanarar. På trass av det vart minoritetsrettar følgd opp i stor grad. Sjå Poulton, Hugh: *The Balkans – Minorities and States in Conflict*, Minority Rights Publications, London 1993 (1991), for oppfølginga av minoritetsrettar. For referansar til det sørslaviske aspektet: Haug, Hilde K.: *Brotherhood and (dis)Unity – The Yugoslav Communists’ search for a Socialist Solution to the National Question 1935-1980*, Faculty of Humanities, University of Oslo 2007, m.a. s. 165, 168, Djilas, Aleksa: *The Contested Country – Yugoslav Unity and Communist Revolution, 1919-1953*, Harvard University Press, Cambridge og London 1991, s. 168-170, (Djilas fremjar ideen om formar for jugoslavisk nasjonalisme) og Jović, Dejan: *Yugoslavism and Yugoslav Communism: From Tito to Kardelj*, i: Djokić, Dejan, red.: *Yugoslavism – Histories of a Failed Idea 1918-1992*, s. 157-180.

<sup>229</sup> Haug, Hilde K.: *Brotherhood and (dis)Unity – The Yugoslav Communists’ search for a Socialist Solution to the National Question 1935-1980*, Faculty of Humanities, University of Oslo 2007, s. 129. Tito var ikkje fødd den 25. mai: Mønnesland, Svein: Før Jugoslavia og etter, 4. utgåve, Cypress forlag, Oslo 1999, s. 220.

<sup>230</sup> Mønnesland, Svein: Før Jugoslavia og etter, 4. utgåve, Cypress forlag, Oslo 1999, s. 220.

<sup>231</sup> Haug, Hilde K.: *Brotherhood and (dis)Unity – The Yugoslav Communists’ search for a Socialist Solution to the National Question 1935-1980*, Faculty of Humanities, University of Oslo 2007, s. 109.

I Romania gjekk den nasjonale lina gjennom ein utvikling frå Gheorghiu-Dej til Ceaușescu. Denne utviklinga gjekk frå å etablera retten til å styra rumensk politikk uavhengig av Sovjetunionen, til ein intern einingsprosess som undertrykte personleg identitet hjå folket. RKP kom med ein deklarasjon i 1964, der dei i stor grad braut med den sosialistiske internasjonalismen. RKP kravde full likskap mellom kommunistiske land, samarbeid skulle berre vera på gjensidig grunnlag, kvart land skulle vera uavhengig, suverent og utan innblanding i andre land sine saker.<sup>232</sup> 1964 var òg det året RKP for første gang sidan krigen nemnde Bessarabia i samtaler med det sovjetiske kommunistpartiet, utan å stilla krav, rett nok.<sup>233</sup> Ceaușescu heldt fram ein eigen rumensk line i utanrikspolitikken, ei line som Gheorghiu-Dej hadde byrja, og som mellom anna innebar handelsavtalar med vestlege land. Internt byrja Ceaușescu etter kort tid å nytta populistiske verkemiddel, ved å spela på patriotiske strenger. I ein tale den 7.mars 1966 tok han opp Komintern si rolle i den antinasjonale haldninga til RKP i mellomkrigstida, og nemnde Komintern si fremjing av krav om lausriving av Bessarabia frå Romania i den same perioden. Slik kritiserte han indirekte den leiande rolla til Sovjetunionen i internasjonal kommunisme, og tok opp Bessarabia i offentlegheit. I ein meir namngjeten tale i august 1968 tala Ceaușescu om at Romania skulle ta større avstand frå Sovjetunionen og satellittstatane, noko som leidde til jubel hjå folket og ei enorm plutselig oppslutnad om kommunistpartiet.<sup>234</sup>

Internt i Romania vart den sjølvstendige, patriotiske lina følgd av nasjonalisme. Ei ny grunnlov i 1965 erklærte at Romania var ein ”eina” stat og difor vart det autonome ungarske området i Transilvania, oppretta i 1952, fråteke den autonome statusen.<sup>235</sup> Sidan ungararane var den største minoriteten, og koncentrert i Transilvania, vart dei fleste assimilerande tiltaka innførte der. Frå midten av 1970-talet byrja RKP å flytta inn rumenarar i Transilvania, og auka den rumenske delen av folket i Transilvania frå 32 til 49 prosent mellom 1975 og 1989.<sup>236</sup> Frå 1973 vart krava for å få oppretta klassar med undervisning på minoritetsspråk

<sup>232</sup> Tismaneanu, Vladimir: Gheorghiu-Dej and the Romanian Worker's Party: From De-Sovietization to the Emergence of National Communism, Woodrow Wilson International Center for Scholars, (Working Paper No.37), Washington D.C. 2002, s. 48.

<sup>233</sup> Pop, Adrian: The Soviet-Romanian Controversy and Romania's "Independence" Policy, i: Revue roumaine d'études internationales: 26:1992:2, s. 128.

<sup>234</sup> Om talane: Pop, Adrian: The Soviet-Romanian Controversy and Romania's "Independence" Policy, i: Revue roumaine d'études internationales: 26:1992:2, s. 130 og 131.

<sup>235</sup> Crampton, R.J.: The Balkans since the Second World War, Pearson Education Limited, London/New York m.fl. 2002, s. 184 og 195. ”Eina” er mi oversetjing av “unified”.

<sup>236</sup> Crampton, R.J.: The Balkans since the Second World War, Pearson Education Limited, London/New York m.fl. 2002, s. 195.

auka, etter at mange eigne institusjonar for opplæring på minoritetsspråk hadde vorte slege saman med rumenske institusjonar alt frå slutten av 1950-talet.<sup>237</sup>

RKP knytte seg i aukande grad til rumensk historie, noko som òg innebar historia om Bessarabia, og leidde til ein historikarkamp om moldovarane sin nasjonalitet. Rumenske historikarar såg moldovarane som rumenarar, medan sovjetiske historikarar freista å syna ein eigen moldovisk identitet. Kampen enda etter sovjetisk press med at Ceaușescu i 1976 gjorde det klart at Romania ikkje gjorde krav på Bessarabia, men berre var opptekne av ei riktig historieframstilling.<sup>238</sup> RKP sin bruk av nasjonal historie leidde til eit stadig sterkare fokus på nasjonen, noko som leidde til stadig sterkare assimileringspress på minoritetsgrupper. Den nest største minoritetsgruppa var tyskarar, men dei fleste av desse emigrerte til Vest-Tyskland mellom 1956 og 1989, i takt med RKP si vilje til å gje dei utreiseløyve.<sup>239</sup>

RKP sette i verk tiltak for å auka folketalet i 1966, noko som ikkje var uvanleg i kommunistleidde land. Forbod mot abort, ingen tilgjenge til prevensjon og gode økonomiske vilkår for mødrer i form av permisjonar, betring av jobbsikkerheit o.l. var mellom tiltaka. Det var likevel teikn på at RKP helst såg at folkeauka kom hjå rumenarar framfor andre nasjonalitetar, ved at det ikkje var tilrådd å propagandera for slike tiltak i ungarske område, og at det i det heile var lettare for andre enn rumenarar å sleppa unna slike tiltak.<sup>240</sup>

RKP med Ceaușescu i spissen gjekk med tida til ekstreme tiltak for å skapa eining i den sosialistiske nasjonen. Ein homogeniseringskampanje vart sett i verk på 1980-talet som skulle skapa like tilhøve for alle innbyggjarane i Romania. Medan denne politikken gjekk ut over alle innbyggjarane, vart særleg område der det budde mange ungararar utsette. Nye, "systematiserte" landsbyar vart bygde, og folk vart flytta frå heimane sine inn i nye, standardiserte bustadkompleks. Særleg vart ungararar flytta til rumenske område. Den einaste identitetsskapande faktoren som RKP godkjende vart den sosialistiske identiteten, yrket eller rolla ein utøvde i bygginga av sosialismen.<sup>241</sup>

---

<sup>237</sup> Crampton, R.J.: *The Balkans since the Second World War*, Pearson Education Limited, London/New York m.fl. 2002, s. 186 og 195.

<sup>238</sup> Om "historikarkampen": Pop, Adrian: *The Soviet-Romanian Controversy and Romania's "Independence" Policy*, i: *Revue roumaine d'études internationales*: 26:1992:2, s. 131-133.

<sup>239</sup> Crampton, R.J.: *The Balkans since the Second World War*, Pearson Education Limited, London/New York m.fl. 2002, s. 195.

<sup>240</sup> Om folkeaukeframjande tiltak i Romania under Ceaușescu: Kligman, Gail: *The Politics of Reproduction in Ceaușescu's Romania: A Case Study in Political Culture*, i: *East European Politics and Societies*: 6: 1992: 3, s. 364-418, for unntak for ikkje-rumenarar, sjå side 384-385.

<sup>241</sup> Om homogeniseringskampanjen: Kligman, Gail: *The Politics of Reproduction in Ceaușescu's Romania: A Case Study in Political Culture*, i: *East European Politics and Societies*: 6: 1992: 3, s. 367-369. Om systematiseringa av ungararane: Crampton, R.J.: *The Balkans since the Second World War*, Pearson Education Limited, London/New York m.fl. 2002, s. 195.

Medan RKP ikkje fornekta eksistensen av minoritetar, fjerna dei heilt moglegheita til å ha identitetsskapande faktorar som kunne oppretthalda minoritetane sine identitetar.

Samstundes vart den sosialistiske nasjonen i Romania knytt sterkt saman med rumensk nasjonal identitet og historie. Dermed var RKP sin minoritetspolitikk i stadig aukande grad assimilerande. Eininga av den sosialistiske nasjonen vart ein eining rundt RKP sitt fremja idealsamfunn, der alle eksisterte under like tilhøve og tenkte likt.<sup>242</sup> Sidan minoritetane var dei ”minst like” i utgangspunktet, er det ikkje rart at dei var dei første til å merka undertrykkinga av sine identitetar.

RKP sin opphøging av nasjonen byrja særleg med Ceaușescu og syna seg i aukande grad. Utdanning og media vart kanalar for opphøging av den rumenske nasjonen sitt opphav, særleg vart dakarane sett som forfedrar til nasjonen og trekt fram på 1970-talet.<sup>243</sup> Feiringa av nasjonale heilagdagar var òg døme på sjølvoppføring av den rumenske nasjonen, mellom anna 100-årsjubileet for skipinga av ein samla rumensk stat i 1978, og ved slike feiringar vart ofte rumensk-sovjetiske tilhøve før første verdskrig trekt fram, sjølv etter at ”historikarkampen” om Bessarabia var avslutta. I 1979 vart mellom anna dei nasjonale kreftane ved maktovertakinga den 23. august 1944 hylla, medan den raude arme si rolle vart nedtona.<sup>244</sup> Ceaușescu sitt fokus på nasjonen var tydeleg heilt frå han kom til makta, og frå 1966 vart rumenske historiske figurar nemnd ofte, endå til personar som ikkje høvde med sosialistiske ideal vart fremja, fordi dei var del av den nasjonale utviklinga.<sup>245</sup>

### Partia sine ”legitimeringar” av nasjonalisme

Denne delen vil sjå på korleis regima freista å knyta dei nasjonale og nasjonalistiske handlingane og haldningane eg har syna i høve til marxismen-leninismen, og slik skapa legitimitet for sine handlingar. Jugoslavia er igjen eit unntak, men eg skal freista å syna korleis JKP forklarte sine formar for jugoslavisk samhald i høve til marxismen-leninismen. I likskap med døma på formar for nasjonalisme vil denne delen ikkje verta utfyllande, men syna døme på korleis nasjonalistiske haldningar og handlingar var freista legitimerte i høve til den marxist-leninistiske ideologien dei hevda å følgja.

<sup>242</sup> Kligman, Gail: The Politics of Reproduction in Ceaușescu's Romania: A Case Study in Political Culture, i: East European Politics and Societies: 6: 1992: 3, s. 368.

<sup>243</sup> Verdery, Katherine: Transylvanian Villagers, University of California Press, Berkeley/Los Angeles/London 1983, s. 70.

<sup>244</sup> Pop, Adrian: The Soviet-Romanian Controversy and Romania's ”Independence” Policy, i: Revue roumaine d'études internationales: 26:1992:2, s. 133.

<sup>245</sup> Verdery, Katherine: *National Ideology under Socialism – Identity and Cultural Politics in Ceaușescu's Romania*, University of California Press, Berkely/Los Angeles/Oxford 1991, s. 117-8 og Crampton, R.J.: The Balkans since the Second World War, Pearson Education Limited, London/New York m.fl. 2002, s. 194.

Sjølv om døma i dei føregåande delane har syna avgrensing av minoritetsrettar og assimilering ved tvang, undertrykking av identitetar og deportasjon av minoritetar, var det ikkje alltid gjeve noko teoretisk grunn for slike handlingar. Partia freista i stor grad å kontrollera media og dermed skapa ein framstilling av røynda som stemte med partipolitikken. Så lenge partia klarte å skapa eit bilet av at røynda stemte med marxismen-leninismen, vart brot mot denne ideologien ofte ikkje nemnde eller forklarte.

Enver Hoxha og det albanske partiet tok som syna inn grekarar i partiet, og freista gjennom heile den kommunistiske perioden å skapa eit bilet av oppfølging av minoritetsrettar. Ein gresk avis var tilgjengeleg, men med kommunistisk innhald, for å syna at grekarane hadde eigne publikasjonar.<sup>246</sup> Utdanning på gresk var tilgjengeleg i minoritetssonene, men denne vart avgrensa til fire år, og gresk historie og kultur var ikkje på pensum.<sup>247</sup> Miranda Vickers og James Pettifer kallar denne politikken for "tokenism", dvs., ein symbolsk oppretthalting av minoritetsrettar og plassering av grekarar i ein del prominente stillingar, medan AKP elles fjerna identitetsskapande faktorar for minoritetane.<sup>248</sup> Gjennom å syna slike døme på minoritetsrettar, skapte AKP eit bilet av at det ikkje var minoritetsundertrykking i Albania, og det var difor ingen trøng til å forklara slik undertrykking teoretisk.

Når det gjeld den sjølvoppfølgjande nasjonalismen, og AKP sine skiftingar i samarbeidspartnarar og til slutt ei freistung på sjølvberging, kjem derimot ein teoretisk side inn i biletet. I tillegg til å halda seg til ein stalinistisk line og ikkje vera viljug til å endra sin politiske kurs, såg Hoxha både det kommunistiske partiet i Jugoslavia og i Sovjetunionen sine freistigar på å knyta nærare band gjennom føderasjon (Tito) og sosialistisk arbeidsfordeling (Krusjtsjev), som freistigar på undertrykking. Som Hoxha skreiv:

*The Yugoslav Titoites brought into action all their forces and savage means of blackmail and conspiracy, even preparations for military intervention, with the aim that the People's Republic of Albania should lose its separate existence and be turned into the 7th Republic of Yugoslavia.*<sup>249</sup>

*So, we continued our correct course and were never dismayed or even batted an eyelid in the face of the blockades and the threats of the Khrushchevites who, in their*

---

<sup>246</sup> Kondis, Basil og Manda, Eleftheria, red.: *The Greek Minority in Albania –A Documentary Record (1921-1993)*, Institute for Balkan Studies, Thessaloniki 1994, s. 21-2

<sup>247</sup> Kondis, Basil og Manda, Eleftheria, red.: *The Greek Minority in Albania –A Documentary Record (1921-1993)*, Institute for Balkan Studies, Thessaloniki 1994, s. 21.

<sup>248</sup> Vickers, Miranda og Pettifer, James: *Albania – From Anarchy to a Balkan Identity*, Hurst & Company, London 1997, s. 189.

<sup>249</sup> Hoxha, Enver: *Laying the Foundations of the New Albania – Memoirs and Historical Notes*, "8 Nëntori" Publishing House, Tirana 1984, s. 578.

*superpower greed, wanted to turn our People's Republic into a vassal state, a part of the Russian empire!*<sup>250</sup>

Som nemnd tidlegare klaga òg Hoxha på Khrusjtsjov si undertrykking av ”individuelle nasjonalismar”. Desse døma kan tyda på at Hoxha oppfatta eller i alle høve framstilte Albania som undertrykt eller freista undertrykt av eksterne krefter. Dei eksterne kreftene her var Jugoslavia og Sovjetunionen, som båe var kommunistleidde statar. I tråd med internasjonalismen i marxisme-leninismen, skulle desse ha samarbeidd ut frå eit klassesamhald på tvers av statsgrenser. Når samarbeida med desse landa vart avslutta, vart det forklart av Hoxha med at dei hadde vorte revisjonistar, og at dei freista å undertrykkja folkerepublikken Albania. Denne framstillinga av freista undertrykking kan ha vore ein freistung på legitimering av ei nasjonalistisk line. Nasjonalisme er sett som positivt fram til nasjonen ikkje lenger er undertrykt i marxisme-leninismen. Dei kjeldane eg har kome over har diverre ikkje gjeve konkluderande svar på om dette var tilfelle, eller andre døme på freistinger frå AKP på å legitimera deira nasjonalistiske line i høve til marxisme-leninismen.

For Bulgaria sin del er det mange kjelder som peikar på grunnar til minoritsundertrykkinga til BKP, men heller ikkje der så mange uttrykk for BKP-legitimering av nasjonalistisk politikk. Mykje av den undertrykkjande politikken var grunna i antireligiøse haldningar hjå styresmaktene, og særleg anti-islamske haldningar. Medan motstand mot religion er kompatibelt med marxisme-leninismen, er namneendringskampanjane og fornektinga av minoritetar sin eksistens ikkje det. Mange tiltak mot muslimske minoritetar vart difor forklarte som tiltak mot islam. BKP oppretthaldt ein formell religionsfridom, men nytta nokre få symbolske døme på denne fridomen medan dei gjennomførte ei rekkje kampanjar mot religion, og særleg mot islam.<sup>251</sup>

Kampanjar for endringa av tradisjonelle muslimske og tyrkiske levesett vart forklarte dels som tiltak mot religiøse levesett, dels som tiltak mot restar av den ottomanske undertrykkjande fortida, og dels som modernisering.<sup>252</sup> Dei mest ekstreme tiltaka, namneendringskampanjane, vart forklarte som spontane og friviljuge namneendringar. BKP si grunngjeving for desse ”spontane og friviljuge” namneendringane var at BKP hadde syna at dei muslimske minoritetane hadde eit bulgarsk opphav, og at minoritetane stolte på BKP sine

<sup>250</sup> Hoxha, Enver: *Laying the Foundations of the New Albania – Memoirs and Historical Notes*, ”8 Nëntori” Publishing House, Tirana 1984, s. 579.

<sup>251</sup> Neuburger, Mary: *The Orient Within – Muslim Minorities and the Negotiation of Nationhood in Modern Bulgaria*, Cornell University Press, Ithaca and London 2004, s. 77-78.

<sup>252</sup> Neuburger, Mary: *The Orient Within – Muslim Minorities and the Negotiation of Nationhood in Modern Bulgaria*, Cornell University Press, Ithaca and London 2004, s. 58 og 69.

funn.<sup>253</sup> BKP låg ein god del kreftar i å finna eller laga prov på det bulgarske opphavet til minoritetane.<sup>254</sup> BKP framstilte namneendringane som sosialistisk progresjon og integrasjon, og som eit framhald av den bulgarske nasjonale ”oppvakninga”, ved at minoritetane ”vakna” som bulgararar, som resten av bulgararane hadde gjort på 1800-talet. Dermed kunne namneendringane sjåast som ein fjerning av ottomansk undertrykking, ein frigjering av bulgararar.<sup>255</sup>

Mary Neuburger nemnar at BKP etter 1956 tok ein meir nasjonalistisk line og fremja ein aggressiv tilnærming til ein sosialistisk samansmelting av nasjonar.<sup>256</sup> Dersom dette var BKP-politikk, ville framgangsmåtane deira vera i strid med marxisme-leninismen, som var imot tvang som eit ledd i ein slik samansmelting. Walker Connor skriv at marxisme-leninismen ikkje definerte tvang, men dersom namneendringane var samansmelting, var dei under alle moglege tolkingar av tvang, framleis tvang.<sup>257</sup> Dei andre assimilerande tiltaka kan derimot vera opne for tolking i høve til kva grad dei var tvungne. Sidan dette er den einaste plassen BKP sin minoritetspolitikk har vorte kalla samansmelting i mine kjelder, ser eg det som i beste fall ei side av saka, og ei særslig legitimering av nasjonalistiske tiltak i høve til marxisme-leninismen. Namneendringane synast å vera meir av ein måte å unngå marxisme-leninismen sin anti-nasjonalistiske side ved å fornekta eksistensen av minoritetar ved administrative tiltak framfor reell assimilering eller integrering. Særleg er dette syna ved at BKP først følgde den dialektiske modellen der minoritetsrettar skulle fjerna undertrykking og samansmelting skulle skje etter at undertrykking ikkje lenger fanst. Men i staden for å følgja denne vidare eller gå over til direkte assimilering (ikkje i tråd med marxisme-leninismen), fann dei heller ”prov” som syna at minoritetane var ”undertrykte” bulgararar, og framstilte sine handlingar som frigjerande og difor progressive.

Det jugoslaviske samhaldet var ikkje basert på ein nasjon eller freustingar på å skapa ein, og difor, slik eg ser det, ikkje nasjonalistisk, men med nok trekk som tilsvavar uttrykk for nasjonalisme til å ta med her. Opphøginga av det jugoslaviske, og særleg i den perioden då det vart freista å leggja kulturelle verdiar til den jugoslaviske patriotismen, syner trekk som

<sup>253</sup> Eminov, Ali: *Turkish and other Muslim Minorities in Bulgaria*, Hurst & Company. London 1997, s. 13-14.

<sup>254</sup> Sjå m.a. Neuburger, Mary: *The Orient Within – Muslim Minorities and the Negotiation of Nationhood in Modern Bulgaria*, Cornell University Press, Ithaca and London 2004, s. 73.

<sup>255</sup> Neuburger, Mary: *The Orient Within – Muslim Minorities and the Negotiation of Nationhood in Modern Bulgaria*, Cornell University Press, Ithaca and London 2004, s. 58.

<sup>256</sup> Neuburger, Mary: *The Orient Within – Muslim Minorities and the Negotiation of Nationhood in Modern Bulgaria*, Cornell University Press, Ithaca and London 2004, s. 68.

<sup>257</sup> Connor, Walker, *The National Question in Marxist-Leninist Theory and Strategy*, Princeton University Press, Princeton, New Jersey 1984, s. 480. Mellom anna vart tyrkarar tvungne til å ta bulgarske namn med våpen retta mot seg, sjå: Neuburger, Mary: *The Orient Within – Muslim Minorities and the Negotiation of Nationhood in Modern Bulgaria*, Cornell University Press, Ithaca and London 2004, s. 77.

liknar på statsborgarleg nasjonalisme. Undertrykking av nasjonalismar i eit sosialistisk land bygt på ein ide om likskap og like rettar for nasjonane er i tråd med marxisme-leninismen. Det som er interessant her er difor å sjå på korleis JKP freista å forklara sin jugoslavisme, korleis dei legitimerte den forma for jugoslavisk samhald som dei fremja, i høve til marxisme-leninismen. Særleg fordi dei på 1960-talet fann det naudsynt å fornekta at dei freista å skapa ein nasjon.

Den føderale løysinga og 1946-grunnlova var basert på den sovjetiske føderale løysinga og den sovjetiske grunnlova frå 1936.<sup>258</sup> Etter brotet med Kominform i 1948 følgde ei tid der JKP først freista å syna at dei var lojale mot den sovjetiske lina, innan dei byrja å staka ut ein eigen kurs. Målet vart nettopp å finna ein *eigen* kurs, som skilde seg frå den sovjetiske, og som skilde seg frå Jugoslavisk mellomkrigspolitikk. Arbeidarsjølvstyresystemet kom ut av denne nytenkinga. Med den konstitusjonelle lova i 1953, skulle føderasjonen ikkje lenger vera summen av republikkar og nasjonar, men eit nytt slags sosialistisk samfunn av arbeidarar. Desse endringane, saman med ei rekkje andre, skulle fremja oppsmuldringa av staten. Føderasjonen, ifølgje Edward Kardelj, skulle vera: "...above all a bearer of the social functions of a unified socialist community of the Yugoslav working people."<sup>259</sup> Der den eina sosialistiske nasjonen vart målet i dei andre kommunistleidde balkanlanda, fremja JKP eit eina sosialistisk fellesskap. I dei første åra etter andre verdskrig var folket i fokus, framfor arbeidarklassa, ettersom JKP si makt vart skapt ved den folkelege motstandsrørsla under andre verdskrig. Fokuset på folket vart helde fram etter brotet med Kominform, då eit eina jugoslavisk folk var sett som naudsynt i lys av den potensielle sovjetiske trusselen.<sup>260</sup> Dette sitatet syner ei eining av omgrepene "folket" og "arbeidarklassa" i "det arbeidande folket", som var rota i overføringa av makta til arbeidarane gjennom arbeidarsjølvstyresystemet.<sup>261</sup> Kardelj nemnar folket, framfor nasjonen eller klassa, men freista å gje arbeidarklassa ei leiande rolle innafor det folkelege samhaldet. Bruken av omgrepet "det jugoslaviske arbeidande folket" ser ut til å vera grunna i JKP si freistung på å fremja jugoslavisk samhald på arbeidarnivå, altså, som nemnd, eit nytt slags sosialistisk fellesskap, ikkje berre summen av nasjonar og republikkar.

<sup>258</sup> Vuckovic, Dr. Gojko: *Ethnic Cleavages and Conflict: The Sources of National Cohesion and Disintegration – The Case of Yugoslavia*, Ashgate Publishing Ltd., Aldershot/Brookfield USA/Singapore/Sydney 1997, s. 107.

<sup>259</sup> Vuckovic, Dr. Gojko: *Ethnic Cleavages and Conflict: The Sources of National Cohesion and Disintegration – The Case of Yugoslavia*, Ashgate Publishing Ltd., Aldershot/Brookfield USA/Singapore/Sydney 1997, s. 112.

<sup>260</sup> Haug, Hilde K.: *Brotherhood and (dis)Unity – The Yugoslav Communists' search for a Socialist Solution to the National Question 1935-1980*, Faculty of Humanities, University of Oslo 2007, s. 119.

<sup>261</sup> Om omgrepet "working people" sjå: Haug, Hilde K.: *Brotherhood and (dis)Unity – The Yugoslav Communists' search for a Socialist Solution to the National Question 1935-1980*, Faculty of Humanities, University of Oslo 2007, s. 118, note 6.

Frå 1955 byrja ein periode med auka innsats for å fremja eining og samhald i Jugoslavia, som innebar meir kulturell eining.<sup>262</sup> I den følgjande teoretiseringa rundt denne eininga, sosialistisk jugoslavisme, ligg òg legitimeringa av det jugoslaviske samhaldet i høve til marxisme-leninismen. Kardelj såg nasjonar som skapte på grunnlag av den sosiale fordelinga av arbeid i den kapitalistiske perioden, og dermed ville samansmeltinga av nasjonar følgja endringa i arbeidsfordelinga under sosialismen. Men han innrømma at sosial fordeling av arbeid ville halda fram mellom kapitalismen og sosialismen, altså i overgangsperioden, som Jugoslavia var inne i. Dermed ville òg nasjonar halda fram med å eksistera, men enkeltindivid sin tilknyting til nasjonen ville minka gjennom bygginga av sosialismen.<sup>263</sup>

Ut frå ein forståing av at nasjonar og nasjonale kulturar framleis hadde ei rolle, vart den jugoslaviske kulturen som JKP fremja, sett som eit tillegg til, og ikkje ein erstatning for dei eksisterande nasjonale kulturane i Jugoslavia. Det var eit *sosialistisk jugoslavisk* medvit som skulle skapast, og det sosialistiske medvitet som skulle, i tråd med marxisme-leninismen, redusera tilknytinga til nasjonar som lojalitetskrevjarar.<sup>264</sup> Det jugoslaviske i jugoslavismen synast slik å hengja saman med at denne prosessen skulle skje innan den jugoslaviske føderasjonen, som eit rammeverk, og var ikkje tenkt som ein avgrensing av denne prosessen til den (sør-) slaviske delen av folket i Jugoslavia. Eit større spørsmål var derimot om jugoslavisme var ein del av internasjonalismen i den sosialistiske ideologien eller om den var avgrensa til ein ”intern internasjonalisme”.<sup>265</sup> Særleg vart dette problematisk fordi spørsmålet dukka opp om dersom sosialistisk jugoslavisme ikkje var knytt opp mot ein vidare internasjonalisme, så ville det ha likskapstrekk med mellomkrigstida sin jugoslavisme, rett nok med eit sosialistisk og likskapsorientert forteikn. Det vil seia ein samansmelting til ein jugoslavisk nasjon. Innan byrjinga av 1960-talet hadde usemjø byrja å dukka opp mellom ulike delar av JKP-leiarskapet, og debatten rundt innhaldet i jugoslavisk samhald leidde til ein gradvis reduksjon i bruken av sosialistisk jugoslavisme som eit konsept for samhald, før alle spørsmåla som vart stilte fekk svar.<sup>266</sup>

<sup>262</sup> Haug, Hilde K.: *Brotherhood and (dis)Unity – The Yugoslav Communists’ search for a Socialist Solution to the National Question 1935-1980*, Faculty of Humanities, University of Oslo 2007, s. 134.

<sup>263</sup> Avsnittet er basert på: Haug, Hilde K.: *Brotherhood and (dis)Unity – The Yugoslav Communists’ search for a Socialist Solution to the National Question 1935-1980*, Faculty of Humanities, University of Oslo 2007, s. 134-139.

<sup>264</sup> Haug, Hilde K.: *Brotherhood and (dis)Unity – The Yugoslav Communists’ search for a Socialist Solution to the National Question 1935-1980*, Faculty of Humanities, University of Oslo 2007, s. 142.

<sup>265</sup> Haug, Hilde K.: *Brotherhood and (dis)Unity – The Yugoslav Communists’ search for a Socialist Solution to the National Question 1935-1980*, Faculty of Humanities, University of Oslo 2007, s. 153.

<sup>266</sup> Haug, Hilde K.: *Brotherhood and (dis)Unity – The Yugoslav Communists’ search for a Socialist Solution to the National Question 1935-1980*, Faculty of Humanities, University of Oslo 2007, s. 153-4.

Den sosialistiske jugoslavismen og fremjinga av ein jugoslavisk sosialistisk kultur og eit jugoslavisk medvit, ser dermed ut til å ha vore skapt innan marxist-leninistiske rammer, men tolkinga og oppfatninga av den gjorde at konseptet vart tona ned og avslutta. Sjølve ideen om ein samansmelting av nasjonar eller ein sams jugoslavisk kultur innan Jugoslavia var, på trass av intensionar om oppfølging av marxisme-leninismen, mogleg å sjå som eit mål om ein framtidig jugoslavisk nasjon, og i så fall, som ein ein-nasjonstanke som likna på mellomkrigsjugoslavismen. Sidan denne innebar undertrykking av nasjonale kulturar, var den ikkje i samsvar med sosialismen, og medan JKP og særleg Kardelj freista å syna at sosialistisk jugoslavisme ikkje innebar undertrykking av nasjonale kulturar, vart konseptet gradvis teke ut av bruk. Dermed synar det seg at bakgrunnen for at Tito i 1964 tok avstand frå at JKP freista å skapa ein nasjon var ein oppklaring av sosialistisk jugoslavisme sitt innhald. Sosialistisk jugoslavisme var ei freistung på å skapa eit sosialistisk medvit hjå folket i Jugoslavia, som skulle fjerna nasjonale tilknytingar. Sosialistisk samhald skulle skapa ein sams kultur. Ein sosialistisk kultur stemmer overeins med marxisme-leninismen sin ide om ein sams sosialistisk kultur, som er sams hjå arbeidarklassa i alle nasjonar, og slik er den kulturen som skulle dyrkast fram, medan den borgarlege kulturen skulle fjernast, saman med nasjonale tilknytingar. Problemet for kritikarane var at dersom ein sams jugoslavisk kultur skulle baserast på eksisterande kulturar innafor Jugoslavia, ville det potensielt innebera ein kamp mellom nasjonale kulturar om ein plass i ein slik kultur. Legitimeringa av jugoslavisk samhald ser difor ut til å samsvara med marxisme-leninismen, men var ikkje klar nok på dei meir konkrete sidene, gjennomføringa av konseptet, til å stå imot den kritikken som dukka opp. Når JKP-leiinga heller ikkje stod eina bak konseptet, vart det vanskeleg å forsvara.<sup>267</sup> Etter omveltingane på 1960-talet var ”det jugoslaviske” og særleg referansar til ein sams kultur, meir eller mindre borte, og sams sosialistiske interesser vart grunnlaget for jugoslavisk samhald.

Ceauescu sitt fokus på nasjonen vart freista legitimert ved ein tilpassing av marxist-leninistisk teori til RKP si nasjonale line, framfor ei teoretisk eller praktisk tilpassing av eigen politikk til marxismen-leninismen. Alt i 1965 låg Ceauescu ut om nasjonen si stilling under utviklinga av sosialismen:

*For a long time to come, the nation and the State will continue to be the basis of the development of socialist society. The development of the nation, the consolidation of the socialist State, comply with the objective requirements of social life; not only does it not run counter to the interests of socialist internationalism, but, on the contrary, it*

---

<sup>267</sup> Haug, Hilde K.: *Brotherhood and (dis)Unity – The Yugoslav Communists' search for a Socialist Solution to the National Question 1935-1980*, Faculty of Humanities, University of Oslo 2007, s. 153.

*fully corresponds to these interests, to the cause of socialism and peace. The development and flourishing of each socialist nation, of each socialist state, equal in rights, sovereign and independent, is an essential requirement upon which depend the strengthening of the unity and cohesion of the socialist countries, the growth of their influence upon mankind's advance toward socialism and communism.*<sup>268</sup>

Ceautescu nytta ulike element frå marxist-leninistisk teori og blanda dei saman til dei passa hans situasjon.

Marxisme-leninismen er basert på eit økonomisk grunnlag, og samansmelting av nasjonar og oppsmuldring av statar ville ifølgje ideologien skje etter at økonomiske prioriteringar endra inndelinga av verda etter økonomiske interesser framfor statar, og lojaliteten til dei breie lag av folket låg hjå arbeidarklassen framfor hjå nasjonar. Ceautescu utsette derimot desse utviklingane og valde heller å utvikla nasjonen og styrke staten. Han gav den sosialistiske nasjonen rolla som arbeidarklassen hadde i ideologien<sup>269</sup>, i likskap med dei andre kommunistiske leiingane på Balkan, der den sosialistiske nasjonen eller det sosialistiske fellesskapet fekk rolla til arbeidarklassen i stor grad. Men som sitatet syner meinte Ceautescu at nasjonen skulle bløma. Marxisme-leninismen seier at undertrykte nasjonar skal bløma, slik at klassane i nasjonen vert definerte og at arbeidarklassen skal innsjå at dei har meir til sams med den internasjonale arbeidarklassen enn med dei borgarlege i sin eigen nasjon. Den rumenske nasjonen hadde utvikla klassar før revolusjonen, og framfor å bløma, burde likskap for nasjonar i Romania og internasjonalt vore hans mål. Med partiet sin moglegheit til, og gjennomføring av, fjerning av klassemiendar, etter ”revolusjonen”, var det ikkje lenger noko teoretisk grunn til å la nasjonen bløma. Ei bløming av nasjonen under slike omstende ville berre styrka tilknytinga til nasjonal identitet hjå den sosialistiske nasjonen. Sidan den sosialistiske nasjonen hadde fått rolla til arbeidarklassen, vart dette tilsvarende ein styrking av nasjonalt medvit hjå arbeidarklassen. Lenin hadde sagt at marxistar måtte kjempa mot det borgarlege lureriet som er nasjonal kultur, og i kampen mot denne, finna dei demokratiske delane av den nasjonale kulturen som kan nyttast i ein internasjonal kultur.<sup>270</sup> Ceautescu var ikkje ute etter den internasjonale delen av den nasjonale kulturen. Derimot ville han styrke staten og den nasjonale tilknytinga, som i hans versjon ville fremja samhald mellom sosialistiske land. For Ceautescu var sosialistisk samarbeid mellom ulike land og fremjinga

<sup>268</sup> Verdery, Katherine: *National Ideology under Socialism – Identity and Cultural Politics in Ceausescu's Romania*, University of California Press, Berkely/Los Angeles/Oxford 1991, s. 117.

<sup>269</sup> Verdery, Katherine: *National Ideology under Socialism – Identity and Cultural Politics in Ceausescu's Romania*, University of California Press, Berkely/Los Angeles/Oxford 1991, s. 118.

<sup>270</sup> Lenin, I.V., Questions of National Policy and Proletarian Internationalism, (Moskva: Progress Publishers, 1970), s. 17-19.

av utviklinga mot sosialismen og kommunismen basert på sterke, uavhengige statar og nasjonar, ikkje først og fremst på arbeidarklassa sin solidaritet på tvers av landegrenser.

Ceaucescu gjorde nesten det motsette av det Lenin fremja. I Romania kjempa RKP for den nasjonale kulturen, og såg samstundes dei etter dei delane av den internasjonale kulturen som kunne nyttast for å legitimera denne nasjonale kulturen. Ceaucescu låg så mykje vekt på den nasjonale kulturen og historia at den marxist-leninistiske ideologien vart endra for å finna rom for den nasjonale lina.

## Del 3 – Samanliknande analyse: Kvifor nasjonalisme?

### Samanliknande analyse

Som syna i dei føregåande delane var det utslag av etnisk nasjonalisme i Albania, Bulgaria og Romania, medan jugoslavisk samhald berre i ein kort periode vart freista basert på noko meir enn sosialistisk og patriotisk samhald. Nasjonalismane tok ulike formar etter tilhøva i dei ulike landa. Kva var så likskapane, og kva var skilnadane mellom nasjonalismane eller formane for samhald innan staten? Denne delen vil sjå etter svar, med eit særskild fokus på kvifor kommunistiske styresmakter på Balkan nyttar nasjonalisme.

Det teoretiske grepene som kanskje fekk mest konsekvensar, var partia si overføring av arbeidarklassen si rolle i den marxist-leninistiske ideologien til folket eller den sosialistiske nasjonen. Denne overføringa var òg synleg i Jugoslavia, der det sosialistiske fellesskapet av arbeidande folk fekk denne rolla. Ved denne overføringa vart framstillingane av ”sjølv” og ”andre” endra hjå partia. Identifiseringa av den sosialistiske nasjonen vart gjort ved å slå saman arbeidarklassen, nasjonen, og staten sine verdiar og sine ”andre”. For det jugoslaviske sosialistiske fellesskapet sin del gjaldt det arbeidarklassen og staten sine verdiar og ”andre”. Desse grepene syner seg i ei rekke døme. Dei sosialistiske nasjonane vart identifiserte og framstilte på bakgrunn av element frå nasjonal historie, patriotisme, sosialistiske kvalitetar som oppfylling av femårsplanar eller liknande, og på partiet si rolle som leiarar av den sosialistiske nasjonen. Dei sosialistiske nasjonane vart òg identifisert ut frå ”andre”, som klassefiendar, tradisjonelle fiendar av staten eller nasjonen. Samanslåinga av ”andre” frå arbeidarklassen, nasjonen og staten leidde gjerne til at heile nasjonar og statar vart fiendar. Tyrkia var både ein historisk undertrykkjar av den bulgarske staten, og knytte seg til Vesten etter andre verdskrig, slik at tyrkarar gjerne vart sett som både klassefiendar og fiendar av nasjonen og staten. Grekarane hamna i ein tilsvarende stilling i høve til Albania, og både stader fekk dette konsekvensar for handsaminga av dei nasjonale minoritetane.

For Jugoslavia sin del vart ikkje nasjonal historie og difor heller ikkje historiske fiendebilete nytta, men fiendar av staten, enten det var frykt for ein sovjetisk intervensjon i 1948 eller for forkjemparar for lausriving av område, vart framstilt som ”andre” i høve til det sosialistiske fellesskapet. Sidan Jugoslavia hadde vore freista framstilt som ein nasjonalstat før den kommunistiske maktovertakinga, hang ein del historiske fiendebilete att, som JKP feista å hanskast med, noko som òg kan forklara skepsisen til m.a. albanarane, då desse vart utsett for deportasjonar og assimileringspress før andre verdskrig. Det sosialistiske

fellesskapet i Jugoslavia gjorde sjølvidentifisering vanskelegare, og som syna var ”det jugoslaviske” i det jugoslaviske sosialistiske fellesskapet i stadig endring, og vart nærmast fjerna innan 1974. Men fråveret av den nasjonale identifiseringa leidde òg til at nasjonale ”andre” eller fiendebilete ikkje vart nytta, både på grunn av og som garanti for høvet mellom nasjonane i Jugoslavia. Samanslåinga av folket, staten, og arbeidarklassa sin identitet i sosialistiske nasjonar eller fellesskap var difor sams for partia.

Eit anna fenomen som fanst i alle landa, knytt til dei sosialistiske nasjonane eller fellesskapet, var einingsidelet. Eininga av det albanske folket, av den bulgarske sosialistiske nasjonen, av det jugoslaviske sosialistiske fellesskapet og av den rumenske sosialistiske nasjonen. Den sentrale rolla målet om eining fekk i dei fire landa har ei rekke grunnar, fleire av dei sams for partia. Marxisme-leninismen har eit einingsideal knytt til arbeidarklassa. Arbeidarane skal einast mot sine undertrykkjarar. Målet om ein eina stat ligg til dels i eksistensen av statar, og i territorial integritet. Nasjonalisme har eit einingsideal, knytt til eininga av nasjonen mot nasjonen sine undertrykkjarar eller fiendar. Eininga av dei sosialistiske nasjonane vart eining mot klassefiendar, nasjonen sine fiendar og mot freistingar på å endra eller fjerna staten sin utstrekning. I Jugoslavia vart einingsidelet knytt opp mot sosialistisk eining, og staten si eining, både mot indre og ytre fiendar.

Eining vart knytt opp mot fiendebilete i dei fire landa. Minoritetar som vart assosiert med den sosialistiske nasjonen sine fiendebilete hamna ofte i ein utsett posisjon kvar gong einingstiltak vart sett i verk. I Jugoslavia, utan nasjonale fiendebilete, vart ikkje minoritetar like utsett, så lenge dei ikkje vart sett som fiendar av sosialismen eller staten si eining. Difor hamna albanarane gjerne i ein utsett posisjon dei gongene dei fremja nasjonalistiske, og ofte implisitt, irredentistiske mål som ville vera i motsetnad til den jugoslaviske staten si eining.

Eit særskild utslag av einingsidelet var at det på ulike måtar hamna i konflikt med internasjonalismen i marxist-leninistisk ideologi. Med eit nasjonalt eller endåtil statleg grunnlag for einingsidelet, vart ikkje eining grunna på internasjonalt klassesamhald. Sjølv om eininga i alle dei fire landa var sosialistisk, hadde den nasjonale eller statlege sider som leidde til eining internt, mot omverda. Den sosialistiske sida gjorde at internasjonalisme ikkje var utelukka, men den nasjonale eller statlege sida avgrensa internasjonalismen til formar for internasjonalisme som var kompatible med både arbeidarklassa, nasjonale haldningar og staten sin integritet og sjølvstende.

Særleg Sovjetunionen sine haldningar i høve til internasjonalt sosialistisk samhald vanskeleggjorde meir omfattande internasjonalistisk samhald mellom dei kommunistleidde landa i lys av dei fire partia sine nasjonale og statlege tilknytingar. Sidan sovjetiske leiarar såg

seg som leiarar for internasjonal kommunisme, var sovjetiske framstøyt for å styrka internasjonalt kommunistisk samarbeid oftast sovjetleia samarbeid. Når dei sovjetleia samarbeida gjekk ut over nasjonale interesser i dei fire landa, freista partia å avgrensa eller unngå slike samarbeid. På den andre sida, då tre av dei fire landa freista å få til eit samarbeid som ikkje var sovjetleia, nemleg balkanføderasjonen, vart Stalin skeptisk til intensjonane bak og konsekvensane av eit slikt samarbeid, og stogga samarbeidet. Mykje av kommunistpartia sine suksessar hadde følgd straumlineforminga av partia, som gjorde dei einskaplege og godt organiserte rundt ein særskild ideologi. Sovjetleiinga hadde gjennom Komintern skapt den einskaplege ideologiske lina som dei ulike partia samla seg om gjennom mellomkrigstida og inn i andre verdskrig. Med makt i eigne statar, følgde så dei fire kommunistpartia opp den sovjetiske ideologiske lina etter andre verdskrig, og Kominform vart oppretta for å halda fram ei samling om ei sams line. Jugoslavia vart kasta ut av Kominform til dels på grunn av sovjetisk frykt for at JKP kunne koma til å utgjera eit alternativ til det sovjetiske partiet si leiande rolle i internasjonal kommunisme. JKP heldt fram med å følgja Stalin sin ideologiske line, til dei innsåg at den oppfølginga ville innebera at dei i så fall òg støtta Stalin sin kritikk av JKP.<sup>271</sup> Etter det vart dei nøydde til å finna ein alternativ ideologisk line, og dermed starta den jugoslaviske koplinga av jugoslavisk og sosialistisk samhald i ein form som skilde seg frå den sovjetiske ideologiske lina. Koplinga hadde begynt under krigen, med fokus på patriotisme, men då med ein sovjetisk ideologisk line i partiet.

Etter Stalin sin død i 1953, byrja ein avstaliniseringsprosess som i 1956 resulterte i Khrusjtsjov sin kritikk av Stalin. Ihuga stalinistar som Enver Hoxha og Gheorghe-Gheorghiu-Dej var skeptiske til avstaliniseringa i utgangspunktet, og eit betra tilhøve mellom Sovjetunionen og Jugoslavia syna at det var mogleg å sleppa unna med ideologiske liner som skilde seg frå den sovjetiske. Sidan stalinismen stod høgt i kurs i Albania, braut dei med Sovjetunionen og knytte seg til Kina, medan dei heldt fram med ein stalinistisk ideologi. Bulgaria sette ut på ein meir nasjonal line frå 1956, men denne var intern, og ikkje eit teikn på å gå vekk frå sovjetisk leiarskap. Ifølgje R.J. Crampton vart den nye lina i BKP sin politikk frå 1956 laga i samråd med den sovjetiske ambassadøren i Bulgaria.<sup>272</sup> Gheorghe Gheorghiu-Dej derimot, var sterkt imot alle formar for ideologisk endring, og mellom 1956 og 1965 gjorde han ei rekkje trekk for å sikra seg større politisk spelerom, mellom anna ved å følgja sovjetisk leiarskap på overflata, medan han styrka grepet sitt i Romania. I 1964 kom ein

<sup>271</sup> Haug, Hilde K.: *Brotherhood and (dis)Unity – The Yugoslav Communists' search for a Socialist Solution to the National Question 1935-1980*, Faculty of Humanities, University of Oslo 2007, s. 119.

<sup>272</sup> Crampton, R.J.: *The Balkans since the Second World War*, Pearson Education Limited, London/New York m.fl. 2002, s. 170.

deklarasjon om rumensk sjølvstende, og at RKP berre ville inngå samarbeid på grunnlag av likskap mellom dei sosialistiske landa, ei line som Ceaucescu følgde opp etter 1965. Desse nasjonale linene innebar at dersom det ikkje hadde skjedd tidlegare, så vart nasjonale og sosialistiske interesser knytt saman i den sosialistiske nasjonen. Hjå JKP vart den jugoslaviske sosialistiske lina avvikla til fordel for ein sosialistisk line, som ikkje var styrt frå Sovjetunionen, men utvikla av JKP sjølv. I dei tre andre landa fekk derimot dei nasjonale sidene ved dei sosialistiske nasjonane ei stor rolle fram til regima fall.

Ut ifrå desse slutningane ser ein dermed at i ulik grad, og til ulike tider, var den sosialistiske nasjonen eller det sosialistiske fellesskapet og einingsidealet sams for dei fire landa. Med eit mogleg unntak for BKP vart dei nasjonale linene til dels skapte som ein reaksjon på leiinga i Sovjetunionen sine freustingar på å styra kommunistisk ideologi, ofte på tvers av nasjonale interesser. Dei særskilde formene som dei sosialistiske nasjonane og fellesskapet, samt eininga av desse, tok, var grunna i dei særskilde tilhøva for kvart av partia og kvart av landa dei styrte i, ut frå sjølvbiletet partia skapte av dei sosialistiske nasjonane og fellesskapet. Særleg spela ofte dei ulike partia sine framstillingar av "andre" i høve til "sjølv" ei stor rolle i utforminga av eit mål for eininga, enten dette var revisjonistar, tradisjonelle fiendar av nasjonen eller indre krefter som var ein potensiell fare for staten si eining.

Når eit slikt bilete av dei fire partia sine liner er lagt fram, kjem ein til meir grunnleggjande spørsmål. Kvifor nytta partia nasjonalisme? Kva var bakgrunnen for å skapa sosialistiske nasjonar og fremja eining av nasjonen eller fellesskapet? Med dei forklaringane som partia gav på sine nasjonalistiske liner der desse fanst, kan ein tenkja seg ei rekke forklaringar. I det følgjande vil eg sjå på om nasjonalistiske haldningar og handlingar der dei fanst var eit eller fleire av dei følgjande alternativa:

Nasjonalisme som ein følgje av marxisme-leninismen

Nasjonalisme som legitimitetsskapande middel

Nasjonalisme som ein følgje av nasjonalistiske kommunistar

## NASJONALISME SOM EIN FØLGJE AV MARXISME-LENINISMEN

Marxisme-leninismen ser samansmeltinga av nasjonar som ein naturleg prosess som vil følgja overgangen til sosialistiske samfunn. I likskap med ei rekke andre prosessar, er det kommunistane si oppgåve å fremja progressive krefter, det vil seie dei kreftene som leiar til ein raskare utvikling mot eit sosialistisk samfunn. Dermed er det mogleg å sjå eit insentiv her til å fremja prosessen med samansmelting av nasjonar. Om ein følgjer marxisme-leninismen, vil ein sjå at samansmeltinga av nasjonar skulle vera eit resultat av at arbeidarane ville

organisera verda i økonomiske einingar, ikkje etter nasjonar og statar som låg band på økonomisk samhandling. Med overgangen til sosialistiske økonomiske system skulle tilknytinga til nasjonale identitetar svekkjast. Ut frå denne tankegangen skulle ein tru at fremjinga av sosialistiske økonomiske system skulle vera det beste middelet for å svekkja nasjonale identitetar.

Men Lenin knytte ideologien til undertrykte nasjonar i tillegg til klassar og innførte dermed nokre nye element. Undertrykte nasjonar skulle ”bløma”, slik at klassekilje i nasjonen skulle verta synleg i nasjonar som hadde vore undertrykt av andre nasjonar. Utviklinga av klassekilje skulle så leia til at arbeidarklassa skulle knyta seg til den internasjonale arbeidarklassa framfor nasjonale undertrykkjarar. Eit anna element var at Lenin såg undertrykking av nasjonar som grunnen til nasjonalisme. Difor skulle kommunistar fjerna alle formar for nasjonal undertrykking, gjennom å skapa likskap for nasjonar, slik at nasjonalisme skulle opphøyra. Den dialektiske vegen til samansmelting av nasjonar følgde dermed ein veg der kommunistane først skulle sørge for nasjonal utvikling hjå undertrykte nasjonar, slik at internasjonalt klassesamhald kunne oppstå mellom arbeidarklassa i alle nasjonar. Likskap for nasjonar skulle så gje at ingen nasjonar vart undertrykte, og nasjonalistiske krav og nasjonal tilknyting ville forsvinna. I dei første åra etter maktovertakingane følgde kommunistpartia på Balkan i nokon grad opp den dialektiske modellen, gjennom å følgja opp minoritetsrettar som skulle sikra likskap for nasjonar. I det fleirnasjonale Jugoslavia var likskap for nasjonar eit heilt grunnleggjande element i JKP sin politikk. Endringar til sosialistiske økonomiske system byrja òg i dei første åra etter maktovertakingane.

Walker Connor, i si bok om det nasjonale spørsmålet i marxist-leninistisk teori og strategi, syner eit paradoks mellom det sosialistiske økonomiske systemet og målet om likskap for nasjonar. Dersom nasjonalisme er eit resultat av undertrykking, må definisjonen av undertrykking finnast hjå dei potensielt undertrykte, og ikkje hjå styresmaktene. Dersom styresmaktene skulle fjerne all frykt for undertrykking og tvungen assimilering hjå minoritetar ved å forfekta nasjonal likskap, ville avgjerder om språk, utdanning, migrasjon og fordeling av investeringar måtte takast lokalt, av dei som avgjerdene går ut over. Men dei økonomiske systema i dei sosialistiske landa var basert på sentralplanlegging, og dei politiske systema basert på sentralisering av makt. Dermed ville fremjing av dei økonomiske systema som skulle fjerne nasjonale identitetar ikkje vera kompatibelt med likskap for nasjonar, sidan

nasjonalt likskap ville krevja desentralisering av politiske og økonomiske avgjerder i ein slik grad at effektiv fremjing av særleg det økonomiske systemet vil verta umogleg.<sup>273</sup>

Dette paradokset er synleg i skilnadane mellom JKP og dei tre andre partia. JKP hadde kome til makta ved å fremja likskap for nasjonane, og kom aldri til å gå vekk frå dette prinsippet. Arbeidarsjølvstyresystemet, og den seinare desentraliseringa av makt, som til slutt reduserte staten til utøvar av utanrikspolitikk, forsvar, og eit forum for løysing av høvet mellom republikkane, representerte ei oppfølging av den dialektiske modellen, med vekt på nasjonal likskap, som reduserte den sentrale makta og den sentrale økonomiske planlegginga. Dei tre andre partia låg meir vekt på sentralisert makt og sentral økonomisk planlegging, noko som gjekk ut over likskapen for nasjonar, av di styresmaktene i dei tre statane ikkje tok omsyn til nasjonale minoritetar sine oppfatningar av undertrykking, men sjølv avgjorde kva likskap for nasjonar skulle innebera.<sup>274</sup>

Målet om fremjing av historiske prosessar spelte òg inn på nasjonalitetspolitikken. Særleg i Bulgaria og Jugoslavia var det misnøye med framskritten i høve til samansmelting av nasjonar. I Jugoslavia syna dette seg gjennom uttalte mål om å auka kulturelt samarbeid og kjempa mot kulturell isolering av republikkane på byrjinga av 1950-talet.<sup>275</sup> Desse måla vart del av den sosialistiske jugoslavismen i åra som følgde, som var ei freistung på å gjera noko i tillegg til å avverta resultat av den dialektiske taktikken. I Bulgaria gjekk Zhivkov inn for auka progresjon i alle delar av bygginga av sosialismen frå 1956, inkludert fjerninga av ”restar av fortida”, som BKP i hovudsak såg som muslimske og tyrkiske levesett.<sup>276</sup> Det er dette Mary Neuburger ser som ein byrjande aggressiv tilnærming til samansmelting av nasjonar.<sup>277</sup> I Albania vart minoritetsrettar som syna avgrensa til visse område, og slik sett var det, på trass av framstillingar av oppfølging av minoritetsrettar ein direkte, ikkje dialektisk assimilering av minoritetar i Albania frå starten. Einingsidealet spela her ein stor rolle, som det òg gjorde i Romania. Etter at dei sovjetiske styrkane vart trekte ut i 1958, byrja avgrensinga av minoritetsrettar, følgd opp i 1965 med erklæringa av Romania som ein eina

<sup>273</sup> Connor, Walker, *The National Question in Marxist-Leninist Theory and Strategy*, Princeton University Press, Princeton, New Jersey 1984, s. 481-2.

<sup>274</sup> Skilnaden mellom oppfatningar hjå minoritetar og nasjonar og styresmaktene sine motiv er poengtert i : Connor, Walker, *The National Question in Marxist-Leninist Theory and Strategy*, Princeton University Press, Princeton, New Jersey 1984, s. 480-481. JKP tok heller ikkje alltid omsyn til nasjonar eller minoritetar sine oppfatningar, men i langt større grad enn dei andre, og desentraliseringa av makt i Jugoslavia vart gjennomført for å gje republikkane større makt over eigen politikk.

<sup>275</sup> Haug, Hilde K.: *Brotherhood and (dis)Unity – The Yugoslav Communists’ search for a Socialist Solution to the National Question 1935-1980*, Faculty of Humanities, University of Oslo 2007, s. 128.

<sup>276</sup> Neuburger, Mary: *The Orient Within – Muslim Minorities and the Negotiation of Nationhood in Modern Bulgaria*, Cornell University Press, Ithaca and London 2004, s. 68.

<sup>277</sup> Ibid., s. 68.

stat.<sup>278</sup> Både dei sistnemnde landa hadde òg ”kulturelle revolusjonar”, som òg var uttrykk for det AKP og RKP såg som fremjing av historiske prosessar. Ein direkte assimilering av nasjonar braut med den dialektiske modellen i marxisme-leninismen, og kan til dels sjåast som eit resultat av at statane var særstak sentraliserte, og at likskap for nasjonar difor vart vanskeleg å gjennomføra.

Einingsidealet var som syna tilstades i alle landa. Medan samansmelting av nasjonar i staten kan sjåast som ein form for eining, var eininga i mykje større grad motivert av sikkerheitsinteresser. Dei fire partia hadde alle ytre truslar mot statane sin sikkerheit. Bulgaria, som heldt fram eit nært tilhøve til Sovjetunionen, oppfatta Tyrkia som ein trussel, og BKP var difor uroa for potensielle irredentistar og ”femtekolonistar” i den tyrkiske minoriteten. Dei tre andre partia braut på ulike tidspunkt med Sovjetunionen på ulike måtar, og i tillegg til frykt for moglege intervensionar frå Sovjetunionen, mista dei òg Sovjetunionen som ein verjar mot andre potensielle fiendar, indre som ytre. Intern eining var ein måte å samla folket mot eksterne fiendar. Einingsidealet leidde til freistingar på fjerning av interne skilnadar, og freistingar på direkte, framfor dialektisk samansmelting fann stad i ulike formar i landa. Målet for Lenin med å skapa den dialektiske nasjonalitetspolitikken var å unngå tvang, då tvang ville leia til nasjonalisme. Målet til Lenin var framleis samansmelting, men ikkje basert på tvang eller privilegium.<sup>279</sup> Som dei døma eg har nytta synar, inneheldt partia sine nasjonalitetspolitikkar, med unntak av JKP, teikn på privilegium til majoritetsnasjonen og tvang ovanfor minoritetar. Tvangsendring av namn, tvangsflytting ut av minoritetsområde og tvangsintegrering i skular der berre majoritetsnasjonen sitt språk vart nytta m.m. JKP derimot, freista å oppretthalda likskap for nasjonane og følgja opp minoritetsrettar, men den sosialistiske jugoslavismen vart oppfatta av enkelte grupper som ei freistung på undertrykking av nasjonale kulturar. Sosialistisk jugoslavisme var eit tillegg til den dialektiske modellen, som ikkje skulle undergrava den, men då den vart oppfatta slik vart jugoslavismen avslutta. Sidan Lenin låg vekt på oppfatta undertrykking framfor styresmaktene sin motivasjon, kan ein difor sjå uttrykk for brot med marxisme-leninismen hjå alle partia.

Så medan marxisme-leninismen hadde eit mål om assimilering, innebar midla for å fremja samansmelting ikkje nasjonalisme eller metodar som nasjonar eller nasjonale minoritetar kunne oppfatta som assimilering ved tvang. Dermed må ein sjå etter andre grunnar for nasjonalisme hjå regima. Den sovjetiske modellen hadde syna ein aukande grad av

---

<sup>278</sup> Crampton, R.J.: The Balkans since the Second World War, Pearson Education Limited, London/New York m.fl. 2002, s. 186 og 195.

<sup>279</sup> Lenin, I.V., Questions of National Policy and Proletarian Internationalism, Progress Publishers, Moskva 1970, s. 28.

opphøgning av den russiske nasjonen. JKP baserte sin ideologi på å unngå ein leiande nasjon, og dette var ein av grunnane til at dei aldri gjekk bort frå likskap for nasjonar. I dei tre andre landa derimot, var det majoritetsnasjonar, og desse vart opphøgja så det monna. Eininga av folket vart difor eining om partia sine bilete av majoritetsnasjonen, kalla sosialistiske nasjonar. JKP fremja på si side eit jugoslavisk sosialistisk fellesskap. Kvifor vart den sosialistiske nasjonen eller folket fremja framfor eining av arbeidarklassa? Og hadde den sosialistiske nasjonen sitt opphav i marxisme-leninismen?

### NASJONALISME SOM EIT LEGITIMITETSSKAPANDE MIDDEL

Kommunistiske ideal hadde generelt ikkje stor oppslutnad på Balkan før andre verdskrig. Partia i Jugoslavia og Bulgaria hadde til tider hatt god valoppslutnad i mellomkrigstida, men ikkje over tid. I likskap med det rumenske partiet vart dei begge ulovlege undergrunnsparti, og det albanske oppstod ikkje før andre verdskrig. I tida før andre verdskrig hadde oppslutnaden om partiet teke seg opp noko i Jugoslavia, og det bulgarske partiet hadde ein viss storleik. Det rumenske derimot, hadde særslit liten oppslutnad. I Albania og Jugoslavia kom partia til makta som leiarar for folkelege motstandsrørslar, altså med patriotiske mål, og til dels som forkjemparar for sosial endring. Kommunistiske motiv var ikkje sentrale i skipinga av motstandsrørslene, som vart ført av kommunistleidde folkefrontar. Medan det var ein nokså stor partisanrørslle i Bulgaria òg, følgde maktovertakingane i Bulgaria og Romania inntoget til den rauda armé. Ingen av partia hadde kome til makta gjennom folkeleg oppslutnad om kommunistiske ideal og ein folkeleg revolusjon. Medan konsolideringa av makta innebar oppretting av ulike ordensmakter og militærvesen, var det òg naudsynt for partia å sikra seg støtte i folket. Å søkja støtte og legitimering hjå arbeidarklassa åleine ville ha sett store delar av folket utanfor det sosialistiske prosjektet, og dermed ville det vore fare for at folket kunne gjera opprør mot kommunistane.

Partia freista difor å få flest mogleg av folket inn i kommunistleidde organisasjonar, og slik gjera mest mogleg av folket til ein del av bygginga av sosialismen. Det var ut frå trongen til å inkludera folket at partia reduserte rolla til arbeidarklassa, og gav mykje av arbeidarklassa si rolle til folket, gjerne gjennom uttrykk som den sosialistiske nasjonen, det jugoslaviske arbeidande folket, det eina albanske folket, og liknande. Desse einingane, folket, eller den sosialistiske nasjonen, eller det sosialistiske fellesskapet vart så freista framstilt på ein særskild måte av partia, som syna i delen om partia sine framstillingar av samhald i staten. Som syna, var den sosialistiske jugoslavismen i ei særstilling, medan dei andre tre partia drog fram nasjonal historie i sine framstillingar av folket eller dei sosialistiske nasjonane. Med

bruken av nasjonal historie, historia til majoritetsnasjonen i kvart av landa, vart den sosialistiske nasjonen eller folket framstilt i biletet til majoritetsnasjonen, men med ei sosialistisk side. Opphøgning av den sosialistiske nasjonen eller folket, som framstilt av partia, vart dermed ofta ekskluderande i høve til minoritetar.

For å gje eit betre bilet til legitimitet til kommunistpartia, vil eg nytta ein enkel modell for statleg legitimering, basert på Ted Robert Gurr sin.<sup>280</sup> Den inneholder tre element i den statlege legitimeringa. Det første er folket si kjensle av å delta i makta, det andre er styresmaktene si politiske myte eller teori, som forklarar kvifor nettopp dei skal styra, og kva deira politiske program er. Det tredje elementet er det engelske ordet "performance", her oversett med yting, det vil seia korleis styresmaktene lev opp til den politiske myta og deira praktiske evne til å yta innan staten sine funksjonar, sikkerheit og tilgjenge til mat for folket m.a.

I parlamentariske demokrati gjev val og folkeavrøystingar folket ei kjensle av deltaking i makta. I kommunistleidde land er dette elementet lagt inn under den politiske myta, ved at partia hevdar å ha fått makta ein gang for alle, frå folket, gjennom revolusjonen.

Kommunistpartia på Balkan framstilte, om ikkje med det same, maktovertakingane eller motstandskampane som sine revolusjonar. Utan folkeleg deltaking i makta vart det meir press på høvet mellom myte og yting. Dersom partia hadde søkt legitimitet berre hjå arbeidarklassen, ville myta og ytingane i så fall hamna hjå arbeidarklassen, og partia sin legitimitet hjå folket elles ville falla i grus, då ingen av elementa i modellen ville omfatta dei. Gjennom å inkludera folket, eller den sosialistiske nasjonen, i den teoretiske myta, vart heile folket omfatta av både myte og yting. Eit par andre faktorar er viktige her. Maktbruk, og trusselen om maktbruk, er ikkje rekna som legitimerande, men er undertrykkande på opprørarar og pasifiserande på folket generelt, og bidreg til å oppretthalda regime. Men maktbruk i seg sjølv skapar ikkje støtte hjå folket for regimet. Maktbruk vart nytta i alle landa til å fjerna politiske motstandarar, medan partia freista å skapa legitimitet hjå folket ved hjelp av myte og yting. Vidare er fråvere av teoretisk legitimitet ikkje synonymt med eit regime sitt fall. Ikkje berre kan eit regime oppretthalda ved maktbruk åleine, men ein utløysande årsak er ofte naudsynt for at nokon skal ta initiativ til å gjera opprør.

Den politiske myta til dei kommunistiske partia var marxisme-leninismen. Partia sin legitimitet vart difor knytt til graden av yting i høve til marxisme-leninismen. AKP og JKP sin legitimitet vart auka kraftig av at dei lova å frigjera sine land under andre verdskrig, og følgde

---

<sup>280</sup> Modellen er henta frå: Ted Robert Gurr, i: Chafetz, Glenn R.: *Gorbachev, Reform and the Brezhnev Doctrine*, Praeger 1993.

opp den lovnaden. Samsvar mellom myta, lovnaden, og yting, realisering, gjorde at dei fekk auka spelerom fordi dei heldt ord. Problemet med den kommunistiske myta var som nemnd at den berre inkluderte arbeidarklassa. Ved å gje folket rolla til arbeidarklassa vart myta akseptabel for langt fleire, og regimet kunne potensielt verta legitimt for langt fleire. Men var dette kompatibelt med marxisme-leninismen? I følgje Lenin kunne nasjonal eller anna politisk undertrykking berre fjernast under sosialismen, etter fjerninga av klassar.<sup>281</sup> Dette, saman med den dialektiske nasjonalitetspolitikken, syner at nasjonar ville finnast òg under sosialismen. Under sosialismen skulle det vera likskap for nasjonar, slik at alle nasjonar skulle kjenna seg fri, og dermed skulle nasjonal tilknyting forsvinna. I denne perioden, etter revolusjonen og før samansmeltinga var komplett, skulle det nasjonale vera ein form, med eit innhald som var sosialistisk.<sup>282</sup> Stalin sa i 1929 at med revolusjonen ville borgarlege nasjonar slutta å eksistera, og sosialistiske nasjonar ta plassen deira.<sup>283</sup> Walker Connor skriv at, sidan Marx hadde gjort det klart at nasjonar var eit resultat av den kapitalistiske perioden, kunne ikkje nasjonar oppstå etter revolusjonen, og i så fall er det snakk om den same nasjonen, berre i ein sosialistisk periode.<sup>284</sup> Medan Lenin ser nasjonar etter revolusjonen som formar med sosialistisk innhald, ser Stalin sosialistiske nasjonar som ikkje særskild kvalitativt annleis frå nasjonar elles. Eg oppfattar dette som at Stalin i større grad snakkar om røynda, det er jo strengt tatt den same nasjonen før og etter revolusjonen, medan Lenin snakkar om eit ideal, nasjonen som ei form.

Kommunistpartia på Balkan trøng legitimitet i større delar av folket enn berre arbeidarklassa. Difor gav dei plassen til arbeidarklassa til nasjonen eller folket. Fordi dei var kommunistar, freista dei å tilpassa nasjonen til sosialistiske ideal, nasjonen som ei form, som skulle ha sosialistisk innhald. Dermed låg dei arbeidarklassa sine kvalitetar (sosialistisk innhald) til nasjonane, og framstilte nasjonane eller folket, som sosialistiske nasjonar, eller sosialistiske fellesskap. Men med unntak av Jugoslavia vart dette gjort utan å tømme forma for nasjonalt innhald. Utan å fjerna nasjonalt innhald, vart skiljet mellom form og innhald mindre tydeleg, nasjonen vart sosialistisk, og i nokon grad vart sosialismen nasjonal. Partia, som leiarar for arbeidarklassa, vart leiarar for nasjonen. Dette syna seg mellom anna i Ceaucescu og Hoxha sine framstillingar av seg sjølv i rekka av historiske leiarar av nasjonen. JKP sette òg inn folket i arbeidarklassa si rolle, men dei såg seg ikkje som leiarar for ein

<sup>281</sup> Lenin, I.V., *Questions of National Policy and Proletarian Internationalism*, Progress Publishers, Moskva 1970, s. 129.

<sup>282</sup> Connor, Walker, *The National Question in Marxist-Leninist Theory and Strategy*, Princeton University Press, Princeton, New Jersey 1984, s. 201-2.

<sup>283</sup> Ibid., s. 449.

<sup>284</sup> Ibid., s. 449. Connor syner vidare korleis nasjonar som var delte mellom ein borgarleg og ein sosialistisk stat vart sett som den same. Dermed er det ingen kvalitative skilnader mellom dei to.

nasjon, og Jugoslavia vart dermed eit rammeverk, ein føderasjon av fleire nasjonale former. Sosialistisk jugoslavisme var ei freistung på å tilføra jugoslaviske kvalitetar til rammeverket, men dette vart oppfatta som ei freistung på å skapa ei nasjonal form, og ikkje berre var skapinga av nasjonar under sosialismen ikkje i tråd med marxisme-leninismen, men det skapte frykt for undertrykking av nasjonar i Jugoslavia. Med Tito sitt farvel til ideen om ein sørslavisk nasjon i 1964, byrja difor nedbygginga av det jugoslaviske for fullt, og Jugoslavia vart eit sosialistisk interessefellesskap av fleire nasjonale formar. I desse formane, nasjonane, hendte mykje av det same som i Albania, Bulgaria og Romania. Nasjonane fekk arbeidarklassa si rolle, og partia i republikkane vart leiarar for nasjonen. Med innføringa av nasjonane i arbeidarklassa si rolle i marxisme-leninismen, fekk òg nasjonane ei sentral plassering i partia si politiske myte. Konsekvensane av det var at nasjonale mål vart del av myta og oppfylling av desse måla tilsvara yting. Partia kunne spela på både sosialistiske og nasjonale mål i sine freistigar på å oppnå legitimitet. Utslag av dette kan finnast i mål om, følgd av ”skaping av”, eit etnisk homogent Bulgaria, mål om ein sjølvstendig line for Romania, følgd opp ved t.d. avstand frå warszawapaktintervensjonen i Tsjekkia i 1968 m.m. I ein slik situasjon er det lett å sjå føre seg at partia identifiserte seg med nasjonane sine interesser. Men oppstod dei nasjonalistiske tendensane over tid, eller var kommunistleiarane nasjonalistisk innstilt frå dei kom til makta?

## NASJONALISME SOM EIN FØLGJE AV NASJONALISTISKE KOMMUNISTAR

Straumlineforminga av partia før og under andre verdskrig vart gjennomført rundt Komintern si ideologiske line. Partia følgde opp den sovjetiske ideologiske lina i dei første åra etter andre verdskrig òg. Partia kom til makta med stalinistiske ideologiske liner. Det ser slik ut til at kommunistane i denne tida først og fremst var kommunistar, og at nasjonalitetspolitikk og motstandsrørsler var taktisk bruk av nasjonale eller patriotiske saker for å sikra kommunistiske maktovertakingar og konsolidering av makta etterpå. AKP og JKP heldt fram med å nytta frigjeringskampane som legitimeringsgrunnlag. Stalin si ideologiske line vart nytta av alle partia.

Dei første sprekkane i ”blokka”, brotet mellom Kominform og JKP, var skapt av Sovjetunionen, ikkje vald av dei jugoslaviske kommunistane. JKP kom difor til å søkja etter ein eigen ideologisk line, basert på marxisme-leninismen, men ulik Stalin si. Marxism-leninismen sitt fokus på likskap for nasjonar høva godt saman med JKP si lovnad om likskap for nasjonane i Jugoslavia, som var JKP sin måte å skilja det nye Jugoslavia frå det gamle. For å sikra samhald mellom nasjonane i Jugoslavia, måtte JKP unngå undertrykkjande og

partikularistiske nasjonalismar. Lenin hevda at nasjonalisme var ein respons på undertrykking, og difor måtte JKP, for å sikra seg mot nasjonalismar, unngå at nasjonar kjende seg undertrykte. Dette kunne gjerast ved å desentralisera makta, slik at nasjonane i størst mogleg grad styrte seg sjølve. Men med desentralisering av makt, dukka trøngen til einande faktorar opp. Den sosialistiske jugoslavismen var ei freistung på å finna einande faktorar som skulle hindra oppløysing av staten. Etter at denne freistunga vart oppfatta som potensielt undertrykkjande, vart den avslutta. Tito si sentrale rolle gav han makt til å halda fram med å slå ned på nasjonalistiske utbrot hjå nasjonane, men desse utbrota kunne ikkje sjåast som anna enn uttrykk for at nasjonane framleis var undertrykte, og desentraliseringa heldt fram. Medan kommunistar i republikkane sine parti til tider knytte seg til nasjonalistiske saker, vart dette slege ned på så lenge Tito var i live. Sidan eg her har freista å halda meg til den perioden der JKP potensielt hadde jugoslaviske nasjonalistiske sider, er det særslite som tydar på at kommunistane i JKP-leiinga på noko tidspunkt vart nasjonalistiske.

Dei andre tre partia følgde stalinistiske liner vidare, men Khrusjtsjov sin kritikk av Stalin innebar ei endring av den sovjetiske ideologiske lina som stalinistane ikkje ville følgja opp. AKP endra ikkje si politiske line, men heldt seg til ei stalinistisk ideologisk line til regimet fall. Den ”eigne” ideologiske lina til AKP skuldast dermed at andre kommunistparti endra sine ideologiske liner. Men den eigne lina hadde òg eit sterkt albansk innhald. Motstandskampen under andre verdskrig stod sterkt i den legitimerande myta heile vegen, og den folkelege sida av kampen leidde til at AKP og Enver Hoxha såg seg som leiarar av det albanske folket. Sjølvopphøgning av nasjonen og undertrykking av minoritetar frå maktovertakinga til regimet fall syner nasjonalisme hjå AKP som ikkje kan forklarast innan marxisme-leninismen sine rammar, og dermed er det mogleg å sjå nasjonalisme innan leiinga i AKP. Sidan AKP sin opphøgning av nasjonen sprang ut av motstandskampen og vart verande, er det sannsynleg at nasjonalistiske tendensar var tilstades frå før leiarane kom til makta, og at AKP sine nasjonalistiske handlingar til dels var grunna i nasjonalisme hjå kommunistane.

BKP sin deportasjon av rundt 140000 tyrkarar i 1950-51 var eit unntak i ei tid med oppfølging av minoritetsrettar. Til 1949, under Georgi Dimitrov sitt leiarskap, som var tidlegare Komintern-leiar, var det klare internasjonalistiske haldninga å finna. BKP brukte etter høva lang tid på fjerninga av andre politiske aktørar, og tradisjonelt sterke bonderørsler i landet kan tyda på at freistigar på å auka legitimeringa av regimet leidde til meir bruk av nasjonalistiske verkemidlar. Men med Zhivkov si nye line frå 1956 byrja ein stadig aukande innsats for å gjera Bulgaria til ein ein-nasjonsstat, eit mål med historiske røter i Bulgaria, som

ikkje kan sjåast som noko anna enn eit nasjonalistisk mål. Medan 1956 markerte starten på ein assimileringsprosess som ikkje vart avslutta før regimet fall, er det sannsynleg at det har vore nasjonalistiske krefter i BKP òg før 1956. Den følgjande bruken av tvungne namneendringar var i strid med marxisme-leninismen, medan ein-nasjonsstatsmålet var eit nasjonalistisk mål med historiske røter i Bulgaria. Fordi Zhivkov ikkje hadde konsolidert si makt i BKP før 1956 er det sannsynleg at han hadde meir nasjonalistiske tendensar enn sine forgjengrar.

RKP hadde ei historie med oppfølging av Komintern. I tida fram til 1958, då dei sovjetiske styrkane drog, var det ikkje rom for anna enn oppfølging av den sovjetiske ideologiske lina. Men Khrusjtsjov sin kritikk av Stalin uroa Gheorghiu-Dej, som byrja å styrka grepet sitt internt, og valde å halda seg til ein stalinistisk ideologisk line. Deretter gjorde RKP det klart at dei ikkje ville følgja ideologiske endringar i andre land, men følgja ein eigen, stalinistisk line, og at dei ville ha total kontroll over Rumensk politikk sjølv. Medan Gheorghiu-Dej si styrking av makta internt til dels gjekk ut over minoritetar, var det først med Ceaucescu at nasjonen fekk ei så sentral rolle i ideologien. RKP si "eigne" line var slik først ei freistung på å unngå ideologisk endring. Sidan RKP dermed følgde ei ideologisk line som sovjetleiinga kritiserte gjennom kritikken av Stalin, byrja RKP å ta avstand frå Sovjetunionen, ved å fokusera på det spesifikt rumenske, og indirekte kritisera Sovjetunionen og Russland gjennom mellom anna historieskriving. Dei ideologiske skilnadane leidde til at den rumenske nasjonen fekk ein sentral plass i den politiske myta. Ceaucescu såg seg sjølv som leiar for den rumenske sosialistiske nasjonen. Medan RKP-leiinga ser ut til å ha vore stalinistisk i utgangspunktet, syna tida etter 1965 at RKP under Ceaucescu vart særslig nasjonsorientert, og ein ser klare utslag av nasjonalisme mellom anna hjå Ceaucescu sjølv. Men det ser ut til at nasjonalismen hjå RKP dukka opp over tid, som følgje av trangen til legitimitet, mål om eining av nasjonen og om å syna avstand frå "revisjonistane" i Sovjetunionen. Utslag av nasjonalisme hjå RKP ser dermed ikkje ut til å ha sitt opphav i nasjonalistiske kommunistar i leiinga, men heller at kommunistane vart nasjonalistiske med tida.

Ut frå skilnadane mellom ulike periodar i kvart av landa, ser partia ut til sjølve å ha avgjort kva rolle nasjonen og nasjonalisme skulle ha i deira ideologiske liner og utøvde politikk, i motsetnad til om folkeleg oppslutnad om nasjonalisme skulle leia partia til å nytta nasjonalisme. Til dømes oppmoda BKP til å kjempa mot både bulgarsk og tyrkisk nasjonalisme i den første tida etter andre verdskrig, og var samde med JKP om eksistensen av ein makedonsk nasjon. JKP slo konsekvent ned på nasjonalismar. Partia valde altså sjølv om og når dei nytta nasjonalisme som verkemiddel, då dei hadde makt til å sensurera og undertrykkja nasjonalisme.

## AVSLUTTANDE SAMANFATTING

For å sjå det heile i ein anna vinkel heilt til slutt: Nasjonar og klassar er lojalitetskrevjarar. Marxisme-leninismen forfektar lojalitet til klassar, på tvers av nasjonar. Lojalitet til nasjonar eksisterte før kommunistpartia kom til makta. Slik sett visste partia at dei kunne krevja lojalitet frå heile nasjonen om dei framstilte seg sjølv som leiarar for nasjonen framfor eller i tillegg til arbeidarklassa. Utan å forkasta målet om å byggja sosialisme, sette partia seg inn i rolla som leiarar for nasjonen eller folket. Men dermed vart rolla som leiarar for nasjonen ein del av den politiske myta deira, og dei måtte visa yting òg i høve til rolla som nasjonale leiarar. Marxisme-leninismen syna at nasjonar kom til å eksistere òg under sosialismen, men bortsett frå å framstilla nasjonane som formar med sosialistisk innhald, var det ingen referansar til kommunistparti som leiarar for nasjonane, partia var jo leiarar for arbeidarklassa, som skulle ha makta under proletariatets diktatur. Når partia sette seg inn i rolla som leiarar for nasjonen, nytta dei difor tidlegare nasjonale leiarar som førebilete. Tidlegare nasjonale leiarar var ofte knytt til opphøgning av nasjonen, fridomskamp, og hadde historiske fiendar. Resultatet var at kommunistiske leiarar nytta nasjonalistiske verkemidlar frå den nasjonale historia, alt frå opphøgning av nasjonen til undertrykking av minoritetar, som yting i høve til den nasjonale delen av myta deira. Den aukande bruken av nasjonalistiske handlingar som syna seg i Bulgaria og Romania på 1970- og 1980-talet kan slik ha samanheng med at ytinga i høve til den sosialistiske myta gjekk ned mellom anna på grunn av därlegare økonomi. Nasjonalistisk yting kan ha vore ei freistung på å vega opp for dette. JKP hadde knytt legitimeten sin til likskap for nasjonar, nettopp i motsetnad til historiske jugoslaviske leiarar, og såg heller til marxisme-leninismen for vegleiing som leiarar. Dermed tok JKP ikkje i bruk nasjonalistiske verkemiddel i sitt leiarskap, på trass av at JKP òg framstilte seg som leiarar av folket, i tillegg til arbeidarklassa.

Dermed har eg syna at medan marxisme-leninismen hadde mål som kan sjåast som grunnar til nasjonalistiske verkemiddel, var den imot nasjonalistiske verkemiddel. Einingsidealet, målet om samansmelting av nasjonar, kan sjåast som grunn til assimilerande tiltak, men ideologien åtvara mot at tiltak som vart oppfatta som undertrykkjande ville fremja nasjonalisme heller enn å fjerna den. Gjennom leiande rollar i patriotiske motstandsrørsler under andre verdskrig, gjennom skapinga av eigne politiske liner etter endringar i den sovjetiske lina, eller gjennom rolla som statsleiande parti under sosialismen, framstilte partia seg som leiarar for folket eller nasjonen. Partia inkluderte denne rolla i den politiske myta på ulike vis. JKP styrte unna rolla som nasjonale leiarar, og kom slik over tid til å leggja mindre

vekt på rolla til det jugoslaviske i sin myte, og meir på den sosialistiske sida. Tilhøvet mellom politisk myte og yting i Jugoslavia vart dermed knytt til oppfølging av marxisme-leninismen. I dei andre tre landa vart rolla som nasjonale leiarar ein sentral del av den politiske myta til partia. Tilhøvet mellom politisk myte og yting kom difor til å veksla mellom vektlegging av den sosialistiske sida av myta og den nasjonale. Hendingar internt i landa og internasjonalt påverka kva side som vart mest vektlagt. Til dømes var det meir utslag av nasjonalisme hjå AKP i samband med brota med samarbeidspartnerane. Dei mest ekstreme utslaga av nasjonalisme på Balkan finn ein i Bulgaria på 1970- og særleg 1980-talet. Romania sette òg i verk sine mest drastiske tiltak på 1980-talet. Dette kan sjåast som ein vektlegging av nasjonal yting, i form av nasjonalistiske verkemiddel, i ei tid der den sosialistiske ytinga var dårlig grunna økonomisk krise. Den vekslande vektlegginga innan myte og yting syner seg særleg ved at partia freista å oppretthalda eit bilete av oppfølging av marxisme-leninismen samstundes som dei førte ein nasjonalistisk politikk. Dette vart gjort mellom anna gjennom symbolsk oppretthalding av ein del minoritetsrettar og liknande.

Ut ifrå dette synar det seg at døme på nasjonalisme, anten undertrykkjande eller sjølvopphøgjande, hjå dei kommunistiske styresmaktene på Balkan var ein oppfølging av rolla som leiarar for nasjonen. Yting i høve til den nasjonale delen av myta resulterte i utslag av nasjonalisme. Sidan yting er knytt til oppretthalding av legitimitet, syner det seg at nasjonalisme som eit legitimitetsskapande middel var den sams grunnen til at ein fann nasjonalisme hjå kommunistiske styresmakter på Balkan. Skilnadane mellom dei ulike partia ligg dermed i kvifor og korleis dei først knytte rolla som nasjonale leiarar til den politiske myta. JKP hadde teke rolla som leiarar for folket gjennom motstandskampen, og hadde eit mål om eining, som var patriotisk og sosialistisk. Men fordi dei aldri knytte ei nasjonal side til den politiske myta, følgde dei heller ikkje opp med yting i form av nasjonalisme. AKP knytte seg til rolla som leiarar for det albanske folket gjennom motstandskampen i andre verdskrig, og knytte seg tidleg til ei rolle som leiarar for nasjonen. Deretter vart yting i form av nasjonalisme eit varig fenomen i Albania. BKP ser ut til å ha trekt inn meir nasjonale mål i den politiske myta i 1956. Utskiftingar i partileiinga på denne tida kan ha spela ein rolle, ved at meir nasjonalistisk innstilte leiarar kom opp og fram i partiet. RKP tok avstand frå dei ideologiske endringane i Sovjetunionen ved å halda på stalinismen. I fortsetjinga tona dei ned sovjetiske sider ved den politiske myta, den nasjonale historia osv. Tomrommet vart fylt med rumenske sider ved den nasjonale historia, og den politiske myta. Innan kort tid byrja teikn på yting i høve til den nasjonale sida ved myta å syna seg. Positive reaksjonar på nasjonal yting leidde etter alt å døme til ei større vektlegging av yting i form av nasjonalisme i Romania.

## Konklusjon

Med utgangspunkt i høvet mellom politisk myte og yting i høve til denne myta, syna det seg at dei kommunistiske styresmaktene på Balkan si rolle som leiarar for nasjonen i den politiske myta leidde til yting i form av nasjonalisme hjå desse styresmaktene. Døme på nasjonalisme hjå styresmaktene ser dermed ut til å ha dukka opp som legitimitetsskapande middel.

Gjennom oppgåva har eg freista å syna vegen frå marxisme-leninismen sitt tilhøve til nasjonalisme til dei kommunistiske styresmaktene sine utslag av nasjonalisme. Eg har gjennom oppgåva freista å svara på dei spørsmåla eg sette opp i problemstillinga.

Den marxist-leninistiske nasjonalitetspolitikken gav rom for nasjonar òg under sosialismen, men desse skulle vera nasjonale formar som skulle ha sosialistisk innhald. For å svekka tilknytinga til nasjonar, skulle kommunistane sørgja for likskap mellom nasjonar under sosialismen. Utan nasjonal undertrykking ville det heller ikkje vera trøng til nasjonalisme. Likskap for nasjonar vart freista gjennomført i Sovjetunionen ved å gje territorial nasjonal sjølvråderett, gje nasjonale grupper sine eigne område, og minoritetsrettar til dei som hamna utanfor ”sine” område. Med tida kom derimot den russiske nasjonen til å verta utgangspunktet for det sosialistiske samhaldet som skulle skipast.

Dei kommunistiske partia på Balkan kom til makta som leiarar for patriotiske motstandsrørsler, eller ved hjelp av makt, med den raude armé innblanda. Ingen av dei fire partia kom til makta på grunn av stor folkeleg oppslutnad om kommunistiske ideal. I presentasjonen av marxist-leninistisk politikk etter maktovertakingane, låg partia difor vekt på folkelege, eller nasjonale sider ved dei nye regima. Å inkludera folket eller nasjonen i den politiske myta var ein måte å søkja støtte til regima hjå heile folket, framfor berre hjå arbeidarklassa. Med unntak av dei jugoslaviske kommunistane leidde inkluderinga av nasjonen i den ideologiske myta til utslag av nasjonalisme som ein oppfølging av myta. Mytane vart dermed ein blanding av nasjonale og marxist-leninistiske element. Både interne og internasjonale tilhøve avgjorde kva del av den politiske myta parti låg mest vekt på. Dei jugoslaviske kommunistane på side knytte seg aldri til ein nasjon, og freista heller ikkje å skapa ein. Dermed vart den politiske myta i Jugoslavia i stor grad marxist-leninistisk, og JKP freista dermed å unngå alle formar for nasjonalisme.

I høve til problemstillinga har dermed ein gjennomgang av marxisme-leninismen sitt tilhøve til nasjonar og nasjonalisme gjeve eit bilet av at nasjonalisme var paradoksalt i høve til marxisme-leninismen. Vidare har eg syna korleis dei kommunistiske styresmaktene i tre av dei fire landa viste utslag av nasjonalisme. Slik har eg fastsett at det var eit brot mellom

marxist-leninistisk ideologi og styresmaktene sine nasjonalistiske haldningar og handlingar, men at JKP ikkje syna slike haldningar. Eg tok likevel med JKP vidare i oppgåva for å sjå kva som skilde JKP frå dei andre partia på ulike punkt. Når eg slik hadde fastsett at hovudproblemstillinga sette spørsmålsteikn ved eit reelt paradoks i styresmaktene sine politiske liner, gjekk eg gjennom partia sine freustingar på å legitimera utslag av nasjonalisme i høve til marxisme-leninismen. Ikkje alle partia freista å seia noko om dette, men nytta heller symbolske framsyningar av minoritetsrettar og liknande, og ville slik skjula problematikken med å nytta nasjonalisme som kommunistiske styresmakter.

Medan freustingar på å legitimera nasjonalismen i høve til marxisme-leninismen ikkje førte fram, fann eg mål i marxist-leninistisk ideologi som kan sjåast som grunnar til å nytta nasjonalistiske verkemiddel. Marxisme-leninismen tok avstand frå nasjonalistiske verkemiddel for å nå desse måla, som mellom anna bruken av tvungen assimilering for å fremja samansmelting av nasjonar. Dermed hadde eg syna at det var meir sannsynleg å finna grunnar til nasjonalisme utanfor marxisme-leninismen. Medan enkelte kommunistiske leiarar truleg var meir nasjonalistisk innstilte enn andre, vart det klart at nasjonalisme som legitimitetsskapande middel var den mest utbreidde årsaka til nasjonalisme hjå dei kommunistiske styresmaktene på Balkan.

Freustingar på å finna støtte i folket leidde til ei samansmelting av rolla som kommunistiske leiarar og nasjonale leiarar i den politiske myta. Oppfølging av myta syna seg deretter som nasjonalisme, ofte saman med, eller framstilt som, oppfølging av marxisme-leninismen.

## Litteraturliste

- Banac, Ivo: *The National Question in Yugoslavia – Origins, History, Politics*, Cornell University Press, Ithaca og London 1984.
- Bell, John D.: *The Bulgarian Communist Party from Blagoev to Zhivkov*, Hoover Institution Press, Stanford University, Stanford, California 1986
- Benson, Leslie: *Yugoslavia: A Concise History*, Palgrave, Basingstoke og New York 2001.
- Buchanan, Donna Anne, Ph.D: *The Bulgarian Folk Orchestra: Cultural Performance, Symbol, and the Construction of National Identity in Socialist Bulgaria*, The University of Texas at Austin 1991.
- Connor, Walker, *The National Question in Marxist-Leninist Theory and Strategy*, Princeton University Press, Princeton, New Jersey 1984.
- Crampton, R.J.: The Balkans since the Second World War, Pearson Education Limited, London/New York m.fl. 2002.
- Crampton , Richard J.: *Bulgaria*, Oxford University Press, Oxford, New York m.fl. 2007.
- Daskalov, Roumen: The Making of a Nation in the Balkans – Historiography of the Bulgarian Revival, Central European University Press, Budapest/New York 2004.
- Deletant, Dennis: *Romania Under Communist Rule*, The Center for Romanian Studies, Iași/Oxford/Portland 1999.
- Djilas, Aleksa: *The Contested Country – Yugoslav Unity and Communist Revolution, 1919-1953*, Harvard University Press, Cambridge og London 1991.
- Djokić, Dejan(red): *Yugoslavism – Histories of a Failed Idea 1918-1992*, The University of Wisconsin Press, Madison, Wisconsin 2003.
- Eminov, Ali: Turkish and other Muslim Minorities in Bulgaria, Hurst & Company. London 1997.
- Fatos, Lubonja: Between the Glory of a Virtual World and the Misery of a Real World, i: Schwandner-Sievers, Stephanie og Fischer, Bernd J.: *Albanian Identities – Myth and History*, Hurst & Company, London 2002.
- Gellner, Ernest: *Nations and Nationalism*, Blackwell Publishing Ltd., Oxford 1983.
- Georgescu, Vlad: *The Romanians – A History*, Ohio State University Press, Columbus 1991.
- Gurr, Ted Robert, i: Chafetz, Glenn R.: *Gorbachev, Reform and the Brezhnev Doctrine*, Praeger 1993.

Haug, Hilde K.: *Brotherhood and (dis)Unity – The Yugoslav Communists' search for a Socialist Solution to the National Question 1935-1980*, Faculty of Humanities, University of Oslo 2007.

Herod, Charles C., *The Nation in the History of Marxian Thought: The Concept of Nations With History and Nations Without History*, Martinus Nijhoff, Haag 1976.

Hoxha, Enver: Laying the Foundations of the New Albania – Memoirs and Historical Notes, "8 Nëntori" Publishing House, Tirana 1984.

Jović, Dejan: Yugoslavism and Yugoslav Communism: From Tito to Kardelj, i: Djokić, Dejan, red.: *Yugoslavism – Histories of a Failed Idea 1918-1992*, The University of Wisconsin Press, Madison, Wisconsin 2003.

Karpat, K.H.: *The Turks of Bulgaria: The History, Culture and Political Fate of a Minority*, The Isis Press, Istanbul 1990.

Kligman, Gail: The Politics of Reproduction in Ceaușescu's Romania: A Case Study in Political Culture, i: *East European Politics and Societies*: 6: 1992: 3.

Kondis, Basil og Manda, Eleftheria, red.: *The Greek Minority in Albania –A Documentary Record (1921-1993)*, Institute for Balkan Studies, Thessaloniki 1994.

Kossev, D., Hristov, H. og Angelov, D.: *A Short History of Bulgaria*, Foreign Language Press, Sofia 1963.

Lenin, I.V., Questions of National Policy and Proletarian Internationalism, Progress Publishers, Moskva 1970.

Logoreci, Anton: *The Albanians*, Victor Gollancz Ltd., London 1977.

Lubonja, Fatos: Between the Glory of a Virtual World and the Misery of a Real World, i: Schwandner-Sievers, Stephanie og Fischer, Bernd J. red.: *Albanian Identities – Myth and History*, Hurst &Company, London 2002.

Martin, Terry, *The Affirmative Action Empire: Nations and Nationalism in the Soviet Union, 1923-1939*, Cornell University Press, Ithaca and London 2001.

Moss, Walter G., *A History of Russia Volume II: Since 1855*, McGraw-Hill Higher Education, New York, mfl. 1997, opptrykk 2002.

Mønnesland, Svein: Før Jugoslavia og etter, 4. utgåve, Syypress forlag, Oslo 1999.

Neuburger, Mary: The Orient Within – Muslim Minorities and the Negotiation of Nationhood in Modern Bulgaria, Cornell University Press, Ithaca and London 2004.

Pipa, Arshi: *The Politics of Language in Socialist Albania*, East European Monographs, Boulder, New York 1989.

Pollo, Stefanaq og Puto, Arben: *The history of Albania-from its origins to the present day*, Routledge & Kegan Paul, London, Boston, Henley 1981.

Pop, Adrian: The Soviet-Romanian Controversy and Romania's "Independence" Policy, i: Revue roumaine d'études internationales: 26:1992:2.

Poulton, Hugh: *The Balkans – Minorities and States in Conflict*, Minority Rights Group, London 1991, ny utgåve 1993.

Rittersporn, Gábor T.: "The Omnipresent Conspiracy: On Soviet Imagery of Politics and Social Relations in the 1930's", i "Stalinist Terror. New Perspectives" red. av: Getty, J. Arch og Manning, Roberta T. Cambridge University Press 1993, s. 100-101, i *HIS2413 Del 2 av 2. Stat og samfunn i Sovjetunionen 1917-1991 Kopisamling*, Universitetet i Oslo for Institutt for arkeologi, konservering og historiske studier, Oslo 2005.

Singleton, Fred: *A Short History of the Yugoslav Peoples*, Cambridge University Press, Cambridge m. fl. 1985.

Slezkin, Yuri, "The USSR as a Communal Apartment, or How a Socialist State Promoted Ethnic Particularism" i *Becoming National – a reader*, red. av: Eley, Geoff og Suny, Ronald Grigor, Oxford University Press, Oxford, New York m.fl. 1996.

Standish, M.J.Alex: Enver Hoxha's Role in the Development of Socialist Albanian Myths, i: Schwandner-Sievers, Stephanie og Fischer, Bernd J. red.: *Albanian Identities – Myth and History*, Hurst & Company, London 2002.

Tismaneanu, Vladimir: Gheorghiu-Dej and the Romanian Worker's Party: From De-Sovietization to the Emergence of National Communism, Woodrow Wilson International Center for Scholars, (Working Paper No.37), Washington D.C. 2002.

Tismaneanu, Vladimir: *Stalinism for All Seasons – A Political History of Romanian Communism*, University of California Press, Berkeley, Los Angeles, London 2003.

Verdery, Katherine: *National Ideology under Socialism – Identity and Cultural Politics in Ceaușescu's Romania*, University of California Press, Berkely/Los Angeles/Oxford 1991.

Verdery, Katherine: Transylvanian Villagers, University of California Press, Berkeley/Los Angeles/London 1983.

Verona, Sergiu: *Military Occupation and Diplomacy – Soviet Troops in Romania, 1944-1958*, Duke University Press, Durham og London 1992.

Vickers, Miranda og Pettifer, James: *Albania – From Anarchy to a Balkan Identity*, Hurst & Company, London 1997.

Vickers, Miranda: *The Albanians- A Modern History*, I.B. Tauris, London, New York 1995.

Vuckovic, Dr. Gojko: Ethnic Cleavages and Conflict: The Sources of National Cohesion and Disintegration – The Case of Yugoslavia, Ashgate Publishing Ltd., Aldershot/Brookfield USA/Singapore/Sydney 1997.

Wachtel, Andrew Baruch: *Making a Nation, Breaking a Nation – Literature and Cultural Politics in Yugoslavia*, Stanford University Press, Stanford, California 1998.